



ØKONOMIPLAN 2017 - 2020



Innhold

Stø kurs, redusert fart.....	4
Visjon og verdier	4
Kva er viktig framover?	5
Vedtak i kommunestyret sak 118/16.....	7
Samfunnsutvikling	9
Utviklingstrekk.....	9
Kommuneplan	13
Planstrategi.....	13
Breitt samarbeid for folkehelse.....	13
Samfunnstryggleik og beredskap	14
Klima, miljø og energi	15
Rammevilkår.....	16
Økonomiske oversikter	19
Drift.....	19
Driftsbudsjett per tenesteområde – netto driftsrammer.....	22
Investering	23
Heilskapleg verksemdstyring - LØFT	26
Omtale av sektorane	29
Politisk styring og kontroll.....	29
Administrasjon og fellesutgifter	31
Opplæring og kultur	43
Helse- og sosialsaker.....	81
Tekniske saker og næring.....	109
Kyrkjer og andre trussamfunn	143
Ymse	151
Vedlegg	157
Avgifter, gebyr og prisar	158
Obligatoriske oversikter	171 171

Fotografia er tekne av:

Steffen Rogne; side 1, 79, 141

Anne Lise Norheim: side 8, 18, 28, 42, 80, 108, 142, 170,

Tord Paulsen: side 2, 27 og 136

Stø kurs, redusert fart

Hå kommune held fortsatt stø kurs når det gjeld drift og investeringar for budsjettet 2017 og økonomiplan 2017 – 2020 til tross for at farvatnet me navigerer i er meir uroleg. Me har sett ei lågare takt i bustadbygginga og sal av tomter både til bustad- og næringsområde. Arbeidsløysa har vore høg og me har teke i mot mange nye landsmenn. Vi ser og ei lågare vekst i folketilveksten enn føreset i kommuneplanen. Det har derfor vore viktig å diskutere korleis me kan effektivisere drifta og vere meir fleksible. Grundig planarbeid ligg til grunn for tilrådingane i denne økonomiplanen på tvers i organisasjonen. Rådmannen legg derfor fram eit budsjett med same kurs som i inneverande økonomiplan, men med redusert fart gjennom tiltak basert på gjenbruk og sambruk innanfor dei ulike tenesteområdene. Me løfter i lag!

Visjon og verdier

Visjonen til Hå – Me løfter i lag – har verkeleg «satt seg» i organisasjonen. Gjennom arbeidet med blant anna skulebruksplan, barnehagebruksplan, planstrategi, kvalitetsplan for skule og barnehage, utbyggingsplan for Stokkalandsmarka, mottak og integrering av flyktingar har me arbeidd saman på tvers i heile kommunen for å levere gode tenester til innbyggjarane våre.

I arbeidet med auka nærvær ser vi at dette arbeidet har gitt resultat i heile organisasjonen og i barnehagane spesielt. Legemeldt sjukefråvær for dei første 9 månadane i 2016 er om lag 5,1 % (5,6 % i 2015 og 6,5 % i 2014). I barnehagane er legemeldt sjukefråvær for dei første 9 månadane redusert frå 7,8 % i 2015 og 8,1 % i 2014 til 5,8 % i 2016. Det er til ei kvar tid ca. 5 personar ekstra på arbeid innafør barnehageområdet som eit resultat av denne reduksjonen. Dette medfører også ein samfunnsmessig gevinst på ca. 2,5 mill kr.

Gjennom nytenking og innovasjon i heile organisasjonen viser me korleis me saman løfter i lag gjennom verdiane open, driftig og stolt. På den måten er vi betre rusta til å møte dei moglegheiter og utfordringar vi har i ein kommune som veks, men prognosane for vekst er redusert.

For at vi skal få til å effektivisere drifta og vere meir fleksible innanfor dei føreslåtte drifts- og investeringstiltaka er vi opptatt av innovasjon og nytenking. Gjennom leiar- og organisasjonsutviklingsarbeid har me jobba systematisk for å forenkle, fornye og forbetre organisasjonen og dermed tilpasse oss framtida sine utfordringar. I budsjettet for 2017 og økonomiplan 2017 – 2020 legg rådmannen fram forslag til tiltak som baserer seg på gjenbruk og sambruk innanfor helse, skule, barnehage og kultur.

Dette dokumentet er oppdatert med dei endringane som blei vedteke i kommunestyret sitt møte 15 desember 2016 (sak 118/16). Vedtaket er tatt inn i slutten av dette kapitlet.

Kva er viktig framover?

Vi har sett ein lågare vekst i folketalet. Arbeidsløysa var det høgaste på mange år i Hå i februar og mars 2016 med 3,5 % og det blir selt færre tomter. Skatteinngangen i 2016 har vært lågare enn forventa og ut frå statsbudsjettet ser vi at auken i dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) ikkje samsvarer med auka krav til tenesteproduksjon og forventingar frå myndigheiter og innbyggjarar. Investeringsnivået i kommunen er høgt. Det er samstundes viktig å halde på den økonomiske handlefridomen slik det er bestemt i kommuneplanen for perioden 2014 – 2028. I arbeidet med økonomiplanen for 2017-2020 har det derfor vært viktig å involvere organisasjonen. Alle tenestemrådar har gått gjennom drifta for å finne områder for effektivisering og omprioritering. Vi forventar meir fleksibilitet. Det har vore nødvendig å gjere vanskelege val og å foreslå å utsette planlagde tiltak. Driftsresultatet er sett opp i underkant av måлтаlet i kommuneplanen på 1,5 %. I forhold til vedteke budsjett for 2016, aukar driftsinntektene med 7,6 % til 1,393 milliard kroner. Driftskostnadane aukar med 6,4 % prosent til 1,368 milliard kroner. Netto finanspostar og avskrivningar aukar også slik at budsjettet netto driftsresultat er på 17,9 millionar kroner, ein reduksjon på 9,3 %.

Utfordringane ser ut til å auke i planperioden, det er derfor lagt inn krav til innsparingar på til saman 37 millionar kroner i åra 2018-2020.

I økonomiplanperioden 2017 – 2020 er det lagt inn 863 millionar kroner i løyvingar på igangsatte og nye investeringar, mot 1,292 milliard kroner i økonomiplanperioden 2016 – 2019. Planlagde investeringar i perioden 2017-2019 er utsett, tatt ut eller redusert og er omtrent på nivå med beløpet som er foreslått i 2020. Dei store vedtekne investeringane er Ogna skule, Vigrestad barnehage, utbygging av Stokkalandsmarka og Hå sjukeheim. Rådmannen foreslår ny Stokkalandsmarka barnehage og oppstart på Helsehuset på Nærbø. Inntekter frå sal av tomter til industri og bustadbygging er redusert i perioden og dei utsette inntektene må mellombels finansierast med auka låneopptak. Lånegjelda per innbyggjar vil nå ligge på 66.600 kr per innbyggjar i 2017 og deretter går dette litt ned kvart år. Auken frå gjeldande plan kommer både på grunn av auka lån (lågare tomtosal og meir investering) og lågare forventa tal på innbyggjarar med den nye framskrivinga basert på folketalet i 2016. **Kommunestyret vedtok å setja av midlar til ny barnehage på Brusand og å skyva planlegging av ny barnehage i Stokkalandsmarka ut i tid. Kommunestyret vedtok også å setja av midlar til Varhaug skule i 2019 og 2020. Løyvinga til ny barnehage på Vigrestad blei redusert, og kommunestyret tok ut dei foreslåtte løyvingane til ny brannbil og løa på Hå gamle prestegard.**

Det er knytt utryggleik til fleire av postane i budsjettet, spesielt på inntektssida. Det gjelder både kva skatteinngangen blir, rentenivået og salet av tomter. Det er derfor viktig å ha eit robust budsjett, ha kontroll på prosjektframdrift og lånefinansiering og halde ein del midlar på fond som i dag. Det er viktig at vi vurderer heile drifta i organisasjonen og gjer prioriteringar som gir handlingsrom framover.

God økonomistyring, effektiv drift og høg gjennomføringsevne må til for å utvide det økonomiske handlingsrommet.

Vedtak i kommunestyret sak 118/16

- 15.12.2016

1. Forslag til økonomiplan 2017 - 2020 jf. «Rådmannen sitt forslag til økonomiplan 2017-2020», blir godkjent med disse merknadene (sjå tabell neste side)
2. Økonomiplanen skal leggjast til grunn for kommunen sitt budsjettarbeid og anna planleggingsverksemd, jf. § 44 i kommunelova.
3. Forslag til årsbudsjett 2017, drift- og investeringsbudsjett, jf. «Rådmannen sitt forslag til økonomiplan 2017-2020», blir godkjent med dei merknadene som følger av punkt 1.
4. I samsvar med kommunelova er det vedtekne budsjettet for 2017 bindande for kommuneforvaltninga. Utval, styrer, råd og administrasjon må bruka løyvingane i budsjettet i samsvar med kommunestyret sine intensjonar og vedtak, jf. kommunen sitt reglement for delegasjon med omsyn til budsjett. Rådmannen kan gjera nødvendige tekniske justeringar i budsjettet.
5. Kommunen nyttar til ein kvar tid den maksimalsatsen for inntektsskatteøyren som staten fastsett for kommunane, likeeins andre maksimalsatsar fastsett for kommunale tenester.
6. Avgifter, gebyr, priser og tilskott 2017 blir fastsett som omtalt i «Rådmannen sitt forslag til økonomiplan 2017-2020». Fullstendige oversikter og regulativ er tatt inn i vedlegg i dokumentet.
7. Opptak av lån til investeringar i 2017, i alt 255,5 mill kr jf. investeringsbudsjettet, blir godkjent. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånegjevarar, fastsetja tidspunkt for opptak av låna og godkjenne rente- og avdragsvilkår innanfor ei maksimal avdragstid på 25 år. Rådmannen får vidare fullmakt til å ta opp lån til vidare utlån (Start-lån) i Husbanken innanfor ei ramme på 10,0 mill kr.
8. For vedtekne investeringsprosjekt som ikkje er fullførte pr. 31.12.2017 kan unytta løyvingar bli overførte til 2018 (innanfor dei krava føresegnene set for slike overføringar). Rådmannen får derfor fullmakt til å setja av til fond eventuelle ubrukne driftsmidlar til investeringsprosjekt pr. 31.12.2017.
9. Revidert handlingsprogram for kommunedelplan for anlegg og områder for idrett og friluftsliv og Trafikktryggleiksplanen blir godkjent, jf. «Rådmannen sitt forslag til økonomiplan 2017-2020».

DRIFT	2017	2018	2019	2020
lærerstillinger	2 600	2 600	2 600	2 600
PPT	650	650	650	650
barnehage	1 500	1 500	1 500	1 500
Tryggheim	150	150	150	150
Leie idrettshaller	175	350	350	350
helsesøster	700	700	700	700
nattsykepleier	1 000	1 000	1 000	1 000
dagsenter	1 420	1 420		
AUKA UTGIFTER	8 195	8 370	6 950	6 950
kultur	-650	-650	-650	-650
brann	-310	-620		
landbruk	-310	-620	-620	-620
administrasjon redusert ramme	-1 800	-1 800	-1 800	-1 800
kyrkje & trossamfunn - ikkje auke	-350	-350	-350	-350
Formannskapet sin reservepost og "Til disp formannskapet"	-800	-800	-800	-800
vakante stillingar	-2 500	-2 500	-2 500	-2 500
Ikkje styrking av innkjøp	-350	-350	-350	-350
REDUSERTE UTGIFTER	-7 070	-7 690	-7 070	-7 070
DRIFT SUM	1 125	680	-120	-120
andre trossamfunn pga endring i tilskott kyrkje	-22	-22	-22	-22
Sum endringer drift (pluss er økning i kostnad)	1 103	658	-142	-142
Redusert rammetilskott (øyremerking tidleg innsats)	637	637	637	637
INVESTERING - Endringar til rådmannen sitt forslag	2017	2018	2019	2020
Vigrestad barnehage	-7 250	-1 750		
Stokkalandsmarka barnehage	-1 500	-40 000	-7 500	1 000
Brusand barnehage		22 000	22 000	-1 000
Varhaug skole	2 000		30 000	32 000
Helsehus				-15 000
Brann - bil i 2018, stasjon i 2020		-2 500		-1 000
Løa på Hå gamle prestegard	-2 000			
SUM	-8 750	-22 250	44 500	16 000
MVA	1 750	4 450	-8 900	-3 200
Netto - låneendring (minus er reduksjon)	-7 000	-17 800	35 600	12 800
totalt endring i renter & avdrag (pluss er økning)	-413	-1 129	2 111	1 206
Samla endring driftsresultat i tusen kroner	-1 327	-166	-2 606	-1 701
Inndekning - bruk av fond	1 327	166	2 606	1 701



Samfunnsutvikling

Utviklingstrekk

Folkemengd og befolkningsendringar

Lågare vekst

Folketalet i Hå nådde 18 591 ved årsskiftet 2015 - 2016 etter ein auke i 2015 på 63 personar, noko som tilsvara 0,3 prosent vekst. Veksten er vesentleg lågare enn dei føregåande åra, på grunn av negativ nettoinnflytting.

Dei siste ti åra har Hå opplevd ein svært høg folkevekst, og kommunen runda 18 000 innbyggjarar i 2013. Folkeauken har vore spesielt høg fram til 2015. Frå 1. januar 2011 til 31. desember 2014 auka folketalet med 1706 personar. Folkeauken svarta til om lag 2,4 prosent eller gjennomsnittleg 427 personar i året. Hovudårsaka til den sterke veksten var stor innvandring frå utlandet, innanlands innflytting og høgt fødselsoverskot.

Veksten dei siste to åra har vore vesentleg lågare. Den låge veksten skuldast hovudsakleg negativ nettoutflytting. Både innvandring og innanlandsk innflytting var lågare enn føregåande år samtidig som utvandring og innanlandsk utflytting auka i 2015.

Tabell 1. Folkemengd og befolkningsendringar

	2011	2012	2013	2014	2015	2016(K2)
Folketalet 1. januar	16 822	17 244	17 635	18 115	18 528	18 591
Fødde	311	284	284	286	261	152
Døde	104	96	115	112	98	39
Fødselsoverskot	207	188	169	174	163	113
Innvandring	336	324	294	294	225	197
Utvandring	66	62	80	87	112	52
Innflytting, innanlandsk	741	695	832	781	661	258
Utflytting, innanlandsk	789	754	737	750	869	339
Nettoinnflytting inkl. inn- og utvandring	222	203	309	238	-95	64
Folkevekst	422	391	480	413	63	177
Folketalet ved utgangen av perioden	17 244	17 635	18 115	18 528	18 591	18 768
Folkevekst i %	2,5	2,3	2,7	2,3	0,3	1,0

Framskriving av folketal

Framskriving av folketal (målstyrt)

Det vil vere fleire usikre faktorar når ein skal prøve å framskrive folketalet. Statistisk sentralbyrå har utvikla ein metode for dette, der ein kan ta ulike føresetnader om utviklinga. Hovudalternativet, også kalla mellomalternativet, er kalla MMMM, det vil seie eit middeltal for fødsjar, eit middeltal for levealder, eit middeltal for innanlands mobilitet og eit middeltal for innvandring. I arbeidet med kommuneplanen og økonomiplanen er det tatt utgangspunkt i dette alternativet.

Det er valt å målstyle utviklinga i folketal på kommunenivå slik at det stemmer med mellomalternativet (MMMM) i SSB sine framskrivingar (frå juni 2016). Framskrivinga bygger på offisiell befolkningsstatistikk pr. 1. januar 2016. Alternativet vil gi ein årleg auke på om lag 1,5 prosent eller gjennomsnittleg ca. 287 personar i året for perioden 31. desember 2015 til 31. desember 2020. Den faktiske stiginga i 2015 viste ein reduksjon på 401 personar i forhold til det som var lagt til grunn for budsjett 2015 (basert på MMMM frå juni 2014). Den nye prognosen vil gje ein reduksjon på talet på innbyggjarar i 2028 på 1.550 fordi gjennomsnittleg vekst er redusert med om lag 100 personar per år til om lag 1,6% årleg. Der er små endringar i fordelinga mellom aldersgruppene, men det betyr i sum 400 færre skuleborn og 900 færre vaksne i skattepliktig alder (22-66 år)

Framskriving, folketal etter alder og tid (målstyrt MMMM)

31.des	2015	2016	2017	2018	2019	2020
0 år	262	276	278	281	285	288
1-2 år	576	566	550	567	573	580
3-5 år	928	918	909	878	885	877
6-12 år	1 931	1 982	2 035	2 104	2 147	2 160
13-15 år	753	755	772	780	783	816
16-19 år	1 043	1 023	1 005	979	998	1 022
20-44 år	6 587	6 657	6 759	6 851	6 926	7 034
45-66 år	4 494	4 557	4 643	4 744	4 786	4 818
67-79 år	1 420	1 518	1 578	1 632	1 718	1 807
80-89 år	460	450	460	473	496	511
90+ år	137	130	116	114	112	114
Totalsum	18 591	18 832	19 106	19 403	19 709	20 027
Folkevekst		241	274	297	306	318
Folkevekst i %		1,3	1,5	1,6	1,6	1,6


Framskriving av folketal (alternativ)

På bakgrunn av folketal og bustadutviklinga i 1. halvår 2015 og 2016 er det kjørt ein alternativ prognose med lågare veksttakt dei første åra enn det som er vedtatt i kommuneplanen frå desember 2014. Kommuneplanen er basert på 166 bustadar i året. I den alternative prognosen med redusert bustadbygging er det for heile kommunen er det rekna 90 nye husvære i 2016, 110 i 2017, 130 i 2018, 150 i 2019 og 166 i 2020. Av dette er det i Stokkalandsmarka 10 bustader i 2016, 15 i 2017, 20 i 2018, 30 i 2019, 40 i 2020 og deretter 54 nye bustader kvart år.

Denne framskrivinga viser at folketalet berre aukar frå 18591 31. desember 2015 til 18950 31. desember 2020. Det motsvarer ein folkevekst på 359 innbyggjarar, eller gjennomsnittleg vekst på om lag 0,4 prosent eller 72 personar i året. Alternativet vil gi 1077 færre innbyggjarar pr. 31 desember 2020 enn mellomalternativet (MMMM frå juni 2016).

Figuren under samanliknar dei ulike framskrivingane.

Utvikling i folketall og framskriving av folkemengd



Framskriving barnehage og skule

I samband med arbeidet med skulebruksplan og barnehagebruksplan er det naudsynt å lage prognosar for dei einskilde krinsane. Desse samanliknas med kapasiteten (kor mange der er plass til).¹ Tabellane under gir eit overblikk, men for detaljar må ein gå inn i skulebruksplanen og barnehagebruksplanen.

Behov for barnehage, krinsvis framskriving (MMMM 2016) pr. 1. januar

Krins	01.jan	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2029
Nærbø	Behov	569	572	558	528	530	517	511
	Kapasitet	646	646	646	646	646	646	646
Varhaug	Behov	289	294	288	290	290	288	286
	Kapasitet	323	323	323	323	323	323	323
Vigrestad/Stokkalandsmarka	Behov	256	276	287	307	331	346	478
	Kapasitet	214	258	258	258	258	258	258
Brusand	Behov	29	32	29	28	27	27	26
	Kapasitet	40	40	40	40	40	40	40
Ogna	Behov	75	77	76	71	72	69	75
	Kapasitet	87	87	87	87	87	87	87
Hå	Behov	1 218	1 251	1 238	1 225	1 251	1 248	1 376
	Kapasitet	1 310	1 310	1 310	1 310	1 310	1 310	1 310

Elevar og skulekapasitet, krinsvis framskriving (MMMM 2016) pr. 1. januar

Krins	31.des	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2028
Nærbø	6-12 år	940	936	932	957	954	942	854
	13-15 år	225	222	225	221	216	223	229
	6-15 år	1 165	1 159	1 157	1 178	1 170	1 166	1 083
	Kapasitet	1 345	1 345	1 345	1 345	1 345	1 345	1 345
Varhaug	6-12 år	456	468	477	483	501	498	477
	13-15 år	148	143	157	162	154	161	182
	6-15 år	604	611	634	645	655	659	658
	Kapasitet	607	607	607	607	607	607	607
Vigrestad/Stokkalandsmarka	6-9 år	217	246	269	294	307	321	420
	10-15 år	317	329	347	356	380	406	570
	6-15 år	534	575	616	649	687	727	990
	Kapasitet	510	510	510	510	510	510	510
Ogna	6-15 år	229	241	248	260	266	273	277
	Kapasitet	300	300	300	300	300	300	300

¹ I alle krinsane (utan om Ogna som er en 1-10 skule) er summen av alle skulene i krinsen. Det vil dermed ikkje gje eit fullstendig bilete, f.eks. er det for liten kapasitet på Varhaug barneskule mens det er noko kapasitet på ungdomsskulen.

Kommuneplan

Hå kommune har utarbeidd ein kommuneplan for ein periode med historisk høg vekst. Høg vekst skapar store endringar og legg press på kommunen sine økonomiske ressursar og på miljø og areal i tettstadene. Kommuneplanen handlar om kommunen sine langsiktige utfordringar, overordna mål og strategiar for ein 14-årsperiode. Planen er eit overordna styringsdokument som skal leggast til grunn ved planlegging og utbygging i kommunen.

Planstrategi

Etter plan- og bygningslova skal kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategi for Hå kommune 2016-2019 (vedteken 15 september 2016) inneheld omtale av ulike samfunnsmessige utfordringar, utviklingstrekk og ei anbefalt utviklingsretning for kommunens verksemdheit. Strategien beskriv kva planer som skal reviderast og/eller utviklast i perioden.

Planstrategien konkluderer med at Kommuneplan 2014-2028 bare har vore gjeldande i ca. halvtanna år, og at det ikkje er tilstrekkeleg erfaring med gjeldande plan eller nye forhold som tilseier at gjeldande kommuneplan skal reviderast i denne kommunestyreperioden.

Planstrategien held vidare fram at det i første omgang bør utarbeidast ein Utbyggingsplan som kan vere ein bindelekk mellom kommuneplanen og dei årlege økonomiplanane. Utbyggingsplanen kan innehalde strategiske tiltak tilpassa meir kortsiktige variasjonar i bustad- og næringsutbygging og variasjonar i folkeveksten frå år til år. I tillegg bør det gjennomførast fleire utgreiingar og planarbeid som kan danne grunnlag for ein revisjon av kommuneplanen ved starten av neste kommunestyreperiode.

Det vart og konkludert med at tilpassing av tenestenivået og investeringsbehovet til varierende folkevekst, kan best skje gjennom utarbeiding og behandling av tema- og sektorplanar. Som del av planarbeidet må det då gjerast konkrete vurderingar om for eksempel det er grunnlag for justere forventna folketalsutvikling og tilpasse teneste- og investeringsnivå til dette.

Breitt samarbeid for folkehelse

I Hå kommune sin folkehelseplan er det, med bakgrunn i lokal oversikt over folkehelsa, beskrive fleire utfordringar for folkehelsearbeidet framover. Desse utfordringane er kategoriserte i følgjande tre kategoriar: oppvekst og opplæring, helsevanar og psykiske lidningar og rus.

Hå kommune har nedsett ei folkehelsegruppe som vil anbefale mål for folkehelsearbeidet i kommunen. Det blir valt indikatorar som måler korleis arbeidet går framover. Når kommunen sitt heilskaplege verksemdstyringssystem LØFT er implementert vil alle einingar ha eit mål på dette området.

Når det gjeld helsevanar blei det i 2015 vedtatt ein plan for friskliv, læring og meistring. Kommunen har inngått samarbeid med Nærland rehabilitering og held egne kurs for fleire pasientgrupper på ettermiddagstid med førebyggingsføremål. Hå kommune har i 2015 rullert planar innan psykiatri og rus. Det har vore ei auka satsing på begge områda dei siste åra. Hå kommune har satsa sterkt på ungdom som fell ut av vidaregåande skule sidan 2012, noko som no viser igjen i statistikkane over unge arbeidsledige. Det er satsa på bustader for vanskelegstilte. Kommunen ferdigstilte 4 forsterka bustader for rusmisbrukarar i 2013 og ytterlegare 4 slike bustader i juni 2016. Kommunen vedtok eigen plan mot barnefattigdom i 2015. Spesielt i 2016 har ein kome godt i gang med å få kvinner i flyktningfamiliar ut i arbeidslivet ved å nytte kvalifiseringsordninga. Innan oppvekst og opplæring er det satsa på reduksjon av mobbing og forsøksordninga med fleire lærarar tidlegare i skulen for utsette elevar. Skule- og barnehagebruksplanane blir reviderte.

På bakgrunn av alle planar som nyleg er vedtatt er Hå kommune dei nærmaste åra i ein gjennomføringsfase og ønskjer derfor inga rullering av samtlege planar før neste periode. Dette kan endre seg om det løypande oversiktsarbeidet avdekkjer ei uventa utvikling. Plan for folkehelse vil i høve til lovverket bli rullert i perioden.

Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen i Rogaland gjennomførte tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Hå kommune 17. april 2015. Målet med tilsynet var å undersøke om Hå kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunalberedskapsplikt. Tilsynet avdekkja fire avvik:

1. Hå kommune har ikkje ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i tråd med loveverket.
2. Hå kommune har ikkje med utgangspunkt i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse utarbeidd langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging.
3. Hå kommune sin overordna beredskapsplan oppfyller ikkje alle lovkrav.
4. Hå kommune oppfyller ikkje krava i loveverket til eit system for opplæring.

Det er utarbeida ein framdriftsplan for å i møtekomma avvika ved tilsynet. Det er lagt opp til eit framdriftsplan der ein startar sektoranalyser i dei ulike teneste områda i løpet av hausten 2016. Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, plan for oppfølging av funn i analysen, utarbeiding av ny beredskapsplan og system for opplæring er planlagt gjennomført våren 2017.

Klima, miljø og energi

Behov for revisjon av Klima og energiplan

Kommunestyret vedtok i 2010 ein eigen Klima- og energiplan. I januar 2013, blei det derfor gjort ein statusgjennomgang for å sjå på kva som er gjennomført og eventuelt om strategiar må endrast. Funna blei presenterte i rapporten «Statusgjennomgang av Energi og klimaplan 2010-2014. Hå kommune». Som oppfølging av formannskapet sitt vedtak i sak 012/10 blei energi- og klimaplanen omtalt i form av ein tekstdel, hovudmålsetjing og 4 strategiar. Desse er lagde inn i kommuneplanen sin samfunnsdel kapittel 7, jf. kommuneplanutval sak 008/13

Med den ratifiserte Klimaavtalen (Paris-avtalen) og pågåande konkretisering av nye klimamål på nasjonalt plan, er tida nå inne til ein grundig gjennomgang og oppdatering av den kommunale Klima- og energiplanen, jf. Planstrategi for Hå kommune 2016-2019.

Berekraftig areal- og samfunnsutvikling i Hå kommune

Berekraftig forvaltning av areal- og naturressursar er eit mål i kommuneplanen.

I klima- og energiplanen fokuserer Hå kommune på si rolle som samfunnsutviklar i forhold til dei utfordringane som klimabiletet framover viser.

Klima- og energiplanen fokuserer på tiltak for å effektivisere energiforbruket og redusere klimagassutslepp knyta til kommunal verksemd. I kommuneplanperioden er det fleire store kommunale byggeprosjekt som skal realiserast, der energiklasse og val av energiløysingar vil legge premissar for framtidig effektiv drift.

Det vert òg arbeidd med energieffektivisering i kommunen. I samband med rehabilitering av rådhuset på Varhaug har ENOVA løyvt eit tilskot på 270 855 kroner til kommunen. Stønaden blir gitt på grunn av kommunen sitt val av energiløysingar (bruk av varmpumpe). Tilsvarande har kommunen fått eit ENOVA-tilskot på 810 000 kroner til utskifting av gamle gatelyslampar med nye energisparande armatur. Dette har allereie resultert i merkbar reduksjon i energiforbruket til gatelysa i kommunen.

I økonomiplanen 2016-2019 vart det satt av 4 millionar kroner til enøk-tiltak. Eigedomsavdelinga er i gang med å kartlegge kommunale bygg som kan være aktuelle for slike tiltak. Arbeidet vil bli et samarbeid med Enova, noko som kan utløyse ytterlegare støttetiltak og bidra til meir energivennlege kommunale bygg.

Rammevilkår

Verda vi lever i

Verda

2016 var prega av ei stor auke i flyktingar til Europa og Noreg. Dette krev mykje av kommunane med omsyn til mottak og integrering. Straumen av flyktingar er ikkje så stor lenger. Verdssituasjonen er likevel prega av mykje uro og usikre økonomiske tider.

Noreg

Norsk økonomi er prega av lågare vekst og fleire som er utan arbeid. Men omstillinga er i gang – vi må tilpassa oss lågare oljepris, aldrande befolkning og krav om betre velferd. Det er stort fokus på energieffektivisering og det blir stilt krav til effektivisering i offentlig sektor.

Rogaland

Fylket vårt er særleg ramma av lågare aktivitet i oljeindustrien. Dette gir seg også utslag i lågare vekst og for Hå fell veksttilskottet bort i 2018. Sjølv om arbeidsløysa er historisk høg, er ho likevel lågare i Hå enn i resten av landet og fylket slik at vi ikkje kvalifiserte til prosjektmidlar i tiltakspakken frå regjeringa. Der er enkelte teikn på at situasjonen er i ferd med å snu. Talet på innvandrarar og flyktingar går ned, men lågare aktivitet resulterer i lågare vekst i skatteinntekter i regionen vår enn for resten av landet.

Kommuneopplegget i statsbudsjettet for 2017

For kommunane i fylket samla er det venta ein nominell vekst i frie inntekter på 2,4 %, mot 2,7 % for landet, i høve til overslag på rekneskap 2016. Nokre hovudpunkt:

- Veksten i kommunesektorens samla inntekter i 2017 er rekna til 3,4 mrd. kr, tilsvarande 0,7 %. Lågare vekst i samla inntekter har samanheng med reduksjon i ein del øyremerka ordningar.
- Skatteøyret er uendra på 11,8 %. Dette er den delen skatt på alminneleg inntekt (personar og bedrifter) som kommunane får. Forslag til skattesats for 2017 er 24%.
- Anslått kostnadsvekst i kommunesektoren (deflator) er i 2017 på 2,5 %.
- I Kommuneproposisjonen for 2017 rekna ein med ein vekst i kommunesektorens samla pensjonskostnader på rundt 850 mill. kr i 2017, ut over det som blir dekkta av den kommunale deflatoren. Dette må dekkast av dei frie inntektene.
- Regjeringa sine satsingar på tiltak finansiert innanfor dei frie inntektene på i alt 800 mill. kr dvs. tidleg innsats i grunnskulen, opptrappingsplanen på rusfeltet, opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering, auka satsing på skulehelsetenester og helsestasjonar, og fornying og opprusting av fylkesvegar.
- Endringar i inntektssystemet
 - endringar i kostnadsnøkkelen, endringar i regionalpolitiske tilskot og eit nytt gradert basiskriterium.
 - For veksttilskottet blir terskelen for å få tilskot senka, frå folketilvekst på 1,5 % for 2016 (snitt siste tre år) til 1,4 % for 2017. Satsen blir justert til kr 57 191 kr per innbyggjar utover vekstgrensa.

- Av øyremerkta ordningar i rammetilskotet blir tilskot til bustadsosialt arbeid og midlar til frivilligsentral blir innlemma i kommuneramma.

For Hå betyr dette at anslaget på dei frie inntektene aukar med 2,6% i høve til 2016 og 0,8% i høve til 2017-anslaget i økonomiplanen for 2016-2019. Dette er mindre enn løns- og prisveksten og betyr mindre handlingsrom enn opphavleg planlagt. Dette ser vi også framover og rådmannen har saldert budsjettet med ei rammejustering i 2018-2010.

Kommuneplanen sine økonomimålsettingar

Kommuneplanen 2014-2028 har følgjande mål og strategiar for arbeidet med økonomiplanen:

Målsetjing:

- Hå kommune skal ha økonomisk handlefridom. Ein skal ikkje ha periodar med overforbruk og la etterkomarane måtte vinne igjen handlefridomen.

Strategiar:

- Kontrollert vekst i driftsutgiftene.
- Driftsoverskot som sikrar tilstrekkelege midlar til nyanlegg og avsetningar. Netto driftsresultat bør ikkje vere lågare enn 1,5 prosent av driftsinntektene.
- Ubundne fondsmidlar som sikrar handlefridom og som tener som reservekapital.
- Låneopptak innanfor forsvarlege rammer ¹.
- Kostnadsorienterte prisar og avgifter på kommunale tenester. Ein skal likevel ta omsyn til om einskilde har svak evne til å betale. Opererer kommunen i ein marknad, kan marknadsorienterte prisar vurderast.
- Ressursbruk som er mest mogleg effektiv.

¹ Sidan staten gir kompensasjon for renter og avdrag for ymse typar lån, er det ikkje sett eksakt måltal for lånegjeld målt mot driftsinntekter. Generelt kan ein vise til at netto langsiktig gjeld bør vere mindre enn 60 prosent av driftsinntekter.



Økonomiske oversikter

Økonomiplanen er basert på føresetnader i gjeldende kommuneplan, tidlegare økonomiplanar, årsrapporten, tertialrapportar, politiske vedtak gjennom året og forventa endring i folketalet.

Statsbudsjettet gir styringssignal som blir lagt til grunn for pris- og lønnsvekst og forventa utvikling i skatteinntekter og rammetilskott. I tillegg kjem signal om nye reformer både i statsbudsjettet og i kommuneproposisjonen.

Økonomiplanen blir lagt fram i faste 2017-prisar. **Tabellane er justert etter kommunestyret sitt vedtak 15. desember 2016.**

Drift

Tabell – netto driftsresultat

Tusen kroner	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Økonomiplan		
	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Driftsinntekter	-383 346	-343 110	-368 695	-366 534	-367 011	-369 276
Skatter	-436 779	-499 647	-482 977	-487 807	-492 685	-497 612
Rammetilskott m.v.	-435 909	-415 907	-456 210	-460 772	-465 380	-470 034
Vertskommunetilskott	-40 270	-36 144	-34 760	-32 760	-31 510	-30 260
Sum driftsinntekter	-1 296 304	-1 294 808	-1 342 642	-1 347 873	-1 356 586	-1 367 182
Driftsutgifter	1 243 433	1 285 938	1 319 386	1 330 144	1 338 333	1 342 201
Nødvendige reduksjonar i utgifter				-11 217	-14 671	-11 335
Driftsresultat	-52 871	-8 870	-23 257	-28 946	-32 924	-36 315
Renteutgifter	17 620	19 642	28 465	26 834	28 069	29 003
Renteinntekter/utbytte	-37 968	-34 410	-33 640	-33 640	-33 640	-33 640
Avdrag, netto	38 479	54 651	64 586	70 409	75 445	74 801
Netto finanstransaksjoner	18 131	39 883	59 411	63 603	69 874	70 164
Motpost avskrivninger	-51 060	-50 736	-53 350	-53 350	-53 350	-53 350
Netto driftsresultat	-85 800	-19 723	-17 196	-18 693	-16 400	-19 501
Netto fondsendring	28 072	-1 777	-6 304	-4 807	-7 100	-3 999
Til investeringer	23 185	21 500	23 500	23 500	23 500	23 500
Meir/mindre forbruk (overskudd)	-34 543	0	0	0	0	-0
Netto driftsresultat i % av driftsinntektene	6,62 %	1,52 %	1,28 %	1,39 %	1,21 %	1,43 %

Skatteinntekter og rammetilskott

Dei frie inntektene er summen av inntektsskatt, formuesskatt og statlege rammeoverføringar. Bruken av midla er ikkje retta inn mot bestemte utgiftsformål. Rådmannen har som tidlegare år brukt berekningar frå KS sin prognosemodell. Denne baserer seg på forventa løns-, pris- og folkevekst og føringar frå statsbudsjettet med omsyn til nye og reduserte løyvingar er tatt omsyn til. Samla auke frå økonomiplanen 2016-2019 er 2,66%. **I Stortinget si budsjettbehandling blei rammetilskottet redusert med 150 mill kroner som gjaldt tidleg innsats i skulen. For Hå utgjer dette 637.000 kroner. Midlar til dette vil bli øyremerka og komme i tillegg til det som ligg i dette budsjettet.**

I budsjettvedtaket blei rammetilskottet ytterlegare redusert som følgje av endringar i skatteopplegget og reduksjon på grunn av redusert etterspurnad etter barnehage som følgje av auka kontantsrøtte. Dette utgjer 990.000 kroner for Hå. Rådmannen vil foreslå naudsynt budsjettjustering ved behandling av 1. tertialrapport 2017.

Andre inntekter

I denne posten inngår brukarbetalingar, sal av tenester, tomter og gebyr. Ulike tilskott og refusjonar er inkludert her.

Brukarbetalingar aukar i snitt med prisveksten, talet på brukarar har òg betydning for forventa inntekter samla sett. Refusjonar og tilskott vil ofte ha direkte samband med utgifter vi har.

Ei fullstendig oversikt over alle gebyr og eigenbetalingar er tatt inn i vedlegg.

Finans

Budsjettet er basert på eit rentenivå på 1,9% i 2017. Denne stiger til 2,3% i 2020.

Om lag 250 mill er plassert i ulike bankar. Hå kommune har ingen plasseringar i aksjar eller obligasjonar der vi ikkje er ein aktiv eigar. Ein del av midla er ubundne. Det er nytta av dette til å dekke opp for sviktande tomtosal i 2016.

Frå 2015 blir låneopptak betalt ned over 25 år. Per oktober 2016 er 48% av låna til ulike faste rente, resten er til flytande renter.

Løns- og prisutvikling

Årslønnsveksten frå lønnsoppgjera i 2016 er tatt inn i budsjettet. Statsbudsjettet legg opp til ein løns- og prisvekst på 2,5%.

Pensjonskostnadar

Pensjonspremien er usikker og vi ser variasjonar år for år. Vi har brukt budsjetta frå KLP og SPK – dette er innarbeidd dette i lønskostnadane i alle sektorane. KLP sine prognosar (der vi har størst del av pensjonskostnadane) er 3 %-poeng høgare for 2017 enn 2016.

Utryggleik

Det er knytt betydeleg utryggleik til fleire av postane i budsjettet. Dersom inntekter, driftsutgifter eller prosjektframdrift ikkje blir som forventa, kan det gi store utslag på resultat og nøkkeltal. Nokre døme på dette er:

- 1 prosent lågare skatteinngang betyr 5 mill kroner mindre i inntekt eller ein reduksjon på 0,4 prosentpoeng på driftsresultatet.
- Seinare sal av tomter til industri og bustader enn føreset vil gi lågare salsinntekter og trong for å auke låneopptaket eller skyva prosjekter ut i tid. Dette kan gi auka finanskostnadar som igjen påverkar driftsresultatet negativt. På bakgrunn av utviklinga i 2016 er desse føresetnadene endra frå økonomiplanen 2016-2019 til denne økonomiplanen. Også investeringsnivå er justert ned.
- Høgare renter gjer høgare finanskostnadar. Dersom den flytande renta aukar med 0,1%-poeng vil det bety ca. 0,5 mill kroner i auka rentebetaling på lån i 2017.

Årsverk

Over 70 prosent av kostnadane er knytt til løn. Dei fleste av kommunen sine tilsette møter innbyggjarane kvar dag. Samla oversikt over årsverk i kvart tenesteområde:

Tabell – årsverk

Årsverk	B 2016	2017	2018	2019	2020
Administrasjon *)	36,6	36,6	36,6	36,6	36,6
Opplæring og kultur	674,1	674,3	677,8	680,8	683,8
Helse og sosial	521,0	528,1	537,3	540,6	539,3
Teknisk og næring	55,4	58,4	56,9	58,9	58,9
SUM	1 287,0	1 297,4	1 308,6	1 315,9	1 317,6

*) Inkludert politisk sekretariat, sentraladministrasjonen og kyrker/trossamfunn

Driftsbudsjett per tenesteområde – netto driftsrammer

Den kommunale tenesteproduksjonen er organisert i tre tenesteområde. Tabellen viser netto ressursfordeling (rammer for drift) for tenesteområda og for administrasjonen. I denne tabellen er politisk sekretariat og kyrkjer/trussamfunn tatt inn saman med administrasjonen. Endring frå budsjettet i 2016 skuldast løns- og prisvekst og vedtak gjort i løpet av 2016. Sidan forventa auke i samla inntekter ikkje dekker denne auken er ressursbruken foreslått redusert eller prioritert om innanfor dei aller fleste områder. Netto auke er beskjedne og lågare enn pris- og lønsvekst. Detaljert omtale av dette fins i kvart tenesteområde-kapittel.

Driftsbudsjett per tenesteområde – tabellar

1000 kroner	R 2015	B 2016	2017	2018	2019	2020
Administrasjon *)	58 232	64 231	62 268	61 679	61 858	61 179
Opplæring og kultur	459 882	465 883	472 623	473 816	475 416	477 016
Helse og sosialsaker	335 516	373 360	382 220	390 293	392 391	392 203
Tekniske saker og næring m/fond	34 105	34 439	34 610	34 360	34 458	34 331
Netto driftsrammer	887 735	937 912	951 720	960 148	964 123	964 729

*) Inkludert politisk sekretariat, sentraladministrasjonen og kyrker/trossamfunn.

For å balansere budsjettet i åra 2018-2020 er det lagt inn en føresetnad om at rammene blir redusert med i underkant av 1%, til saman 37 mill kroner. Dette er fordelt på tenesteområda med 10% kvar på sentraladministrasjonen og tenesteområdet for tekniske saker og næring og 40% kvar på tenesteområda for helse- og sosialsaker og opplæring og kultur.

Kommunestyret gjorde fleire endringar i rådmannen sitt forslag til driftsbudsjett ved å auke budsjettet på nokre tenester og redusere på andre (sjå tabellen på side 7).

Rådmannen har fordelt reduksjonen i driftsutgifter på vakante stillingar og i administrasjonen på tenesteområda og sentraladministrasjonen og dette er vist i dei enkelte kapitla.

Investering

Nivået på investeringar er redusert i planperioden. I økonomiplanperioden 2017 – 2020 er det etter kommunestyret sitt vedtak 118/16 lagt inn 891 millionar kroner. I førre økonomiplanperiode 2016 – 2019 var det lagt inn 1,292 milliard kroner i investeringar og i perioden 2015 – 2018 var investeringane i planperioden på 1,371 milliard kroner.

Tabellane viser investeringar per tenesteområde og korleis investeringane blir finansiert.

Investering per tenesteområde

Investering 1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Administrasjon, kyrkje	12 949	20 876	20 766	19 385	17 357
Opplæring og kultur	191 590	148 710	56 050	58 800	42 800
Helse og sosial	65 450	54 220	68 400	6 700	20 200
Tekniske saker og næring	152 500	140 700	71 700	56 900	87 900
SUM	422 489	364 506	216 916	141 785	169 257

Finansiering av investeringane

Finansiering 1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Bruk av fond/salsinntekter	66 750	20 000	41 500	44 800	49 400
Tilskott	9 750	9 650	66 004	2 050	2 050
MVA kompensasjon	56 382	52 141	33 815	18 946	24 502
Overført frå drift Lyse/Jæren Everk/ Jæren Energi	21 500	23 500	23 500	23 500	23 500
Avdrag Lyse	3 785	3 785	3 785	3 785	3 785
Udisponert overskot	-	0	-	-	-
Lån	264 322	255 429	48 312	48 704	66 020
SUM finansiering	422 489	364 506	216 916	141 785	169 257

På grunn av sviktande salsinntekter er bruk av fond/salsinntekter redusert med 213,8 mill kr i perioden 2017-2019 (gjeldande økonomiplan). Investeringane er også foreslått redusert, slik at lånoptaket ikkje aukar like mykje. Forventa lånegjeld ved utgangen av 2019 er i denne økonomiplanen 1,2 milliard kroner. Dette er ein auke på 97 mill kroner. Det høgaste nivået på lån og lån per innbyggjar er i 2017 med total lånegjeld på ca 1,26 milliard kroner og 66.200 kroner per innbyggjar i lån.

Lånegjeld per innbyggjar

Pr 31.12	2016	2017	2018	2019	2020
Lån pr. innbyggjar:	53 600	66 200	64 100	61 700	60 300
førre plan	54 200	59 700	57 800	54 400	-

I rådmannen sitt forslag til økonomiplan var dei store prosjekta innanfor tenesteområde for opplæring og kultur er ferdigstilling av nye Oгна skule og ny barnehage på Vigrestad og i Stokkalandsmarka. Der ligg også inne ein liten auke i midlar som er foreslått til vedlikehald av barnehagar og skular slik at avgjerd om nye bygg kan skyvast noko ut i tid. Der ligg

prosjekteringsmidlar inne til barnehagar på Brusand og i Bratlandsmarka i 2020. Då er det også foreslått å starte prosjektering av ny skule i Stokkalandsmarka. Opplæring og kultur har ansvar for 34% av dei totale investeringane.

Innanfor tenesteområde for helse og sosialsaker er det bygginga av to nye etasjar på Hå sjukeheim som er den største investeringa. Mot slutten av planperioden er det lagt inn midlar til nytt helsehus på Nærbø. Forventa behov for sosial/flyktningbustader er redusert og desse midla er derfor tatt ut frå forslaget til budsjett og økonomiplan. Helse og sosial sin del av investeringane er 17 %.

Når det gjeld tenesteområdet for tekniske saker og næring er forslaget til investeringar justert kraftig ned. Likevel står dette tenesteområdet for 40% av dei totale investeringane i planperioden. Bakgrunnen for reduksjonen er at tomtesalet sviktar og utvikling av nye bustad- og næringsområder er tilpassa et lågare forventa bustadbyggingsprogram. Det viktigaste satsingsområdet er utbyggingsplanen for Stokkalandsmarka

Kommunestyret vedtok endringar til investeringsbudsjettet som vist i tabellen på side 7.

Ei oversikt over alle investeringane der endringane er tatt omsyn til er vist på neste side.

Investering detaljar – oppdatert med kommunestyret sitt vedtak

Investering 1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
IT	8 324	8 438	6 766	10 072	10 232
Adm bygg Jærmuseet		5 000	5 000		
ENØK	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
Diverse eiendom		2 500	2 500	2 500	2 500
Nærbø kirkegård inkl driftsbygg, prosesjonsvegar Varhaug	625	938	2 500	2 813	625
Administrasjonen, kyrkje, Jærmuseet	12 949	20 876	20 766	19 385	17 357
Vigrestad barnehage		43 000	5 750		
Stokkalandsmarka ny barnehage					1 000
Brusand barnehage			22 000	22 000	
Vedlikehaldsplan barnehagar	3 000	2 000			
Barnehagar - uteområde	600	600	600	600	600
Bratlandsmarka barnehage					1 000
Bø skule	101 000				
Ogna skule	75 000	86 000	18 500		
Varhaug ungdomsskule		2 000			
Varhaug skule		2 000		30 000	33 000
Stokkalandsmarka ny skule					2 000
Vigrestad skule, biblioteklokala		3 000			
Vigrestad skule, barnehagelokala			3 000		
Vedlikehaldsplan skular	3 500	4 500	4 500	4 500	4 500
Skular - uteområde	1 400	1 400	1 400	1 400	1 400
Vigre ombygging til PPT - skyves til 2017	2 000				
Hå folkebibliotek		460			
Kulturvern + Hå gamle prestegard, Vigrestad bibliotek i meieri-internat	5 090	300	300	300	300
Vaktmeister-bilar		3 000			
		450			
Opplæring og kultur	191 590	148 710	56 050	58 800	43 800
Påbygg Hå sjukeheim inkl parkering	38 000	46 800	63 200		
Investering midl. institusjonsplasser	1 050				
Nytt helsehus Nærbø				1 500	15 000
Sosiale/flyktningebustader	20 000				
Kjøp av bustader/leiligheter	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
Bil omsorgstenesta	400	400	200	200	200
Kommunale utleigebustader	1 000				
Takheis Stampen		320			
Klokkartunet nytt tak		1 700			
Helse og sosial	65 450	54 220	68 400	6 700	20 200
Lager og verkstad, renovasjon			700		1 000
Bygge- delingssaker	2 000				
Kart og oppmåling	200	200	200	200	200
Kommunale vegar	31 900	7 800	800	800	14 800
Trafikksikring	2 200	1 700	1 200	200	1 200
Gatelys	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Grønt og nærmiljøanlegg, parkar, friluftsliv	1 000	1 800	2 500	2 500	2 500
Vassverk	11 100	8 300	7 000	10 600	5 600
Avløpsanlegg	27 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Bustadområde	12 000	11 800	7 500	10 600	25 600
Stokkalandsmarka 438, 467, 730	45 500	77 200	20 800		
Næringsområde	12 600	2 900	2 000	3 000	5 000
Sentrumsutvikling	5 000	2 000	2 000	2 000	5 000
Tekniske saker og næring	152 500	140 700	71 700	56 900	87 900
TOTAL BRUTTO INVESTERING	422 489	364 506	216 916	141 785	169 257

Heilskapleg verksemdstyring - LØFT

Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet som utgjør ein strategisk plan for utviklinga av Hå kommune. I dag er det viktigaste styringsverktøyet budsjett og økonomiplan. Både kommuneplanen og økonomiplanen inneheld mange mål – noko som viser at der er mange områder som det er viktig å ha fokus på og mange områder som målas i dag. Der er ikkje nokon felles struktur på korleis desse måla blir sett og følgt opp.

Rådmannen i gang med å innføre eit heilskapleg verksemdsstyringssystem som bygger på prinsippa i balansert målstyring. Systemet skal brukas til styring, kontroll og læring for å fornye, forenkle og forbetre verksemda. Etter rådmannen si vurdering vil eit felles system gi ei betre overordna styring av verksemda, i tillegg til at organisasjonen får et verktøy til hjelp i si eiga styring. Det er kjøpt inn eit IT-verktøy som har koplingar til systemet me brukar til brukarundersøkingar, KOSTRA og mange fagsystem.


Namnet på systemet er tatt frå visjonen – me LØFTer i lag.

Strategiske mål (hovudmål)

DET SKAL VÆRE GODT Å BO, LEVE OG ARBEIDE I HÅ KOMMUNE

Område	Målsetting / hovudmål
Samfunn	Legge til rette for god og framtidretta samfunnsutvikling.
Brukarar	Hå kommune ønsker å være kjent som ein kommune som har god service til innbyggerane.
Medarbeidarar	Å ha tilstrekkeleg med kvalifisert arbeidskraft.
Kvalitet og utvikling	Hå kommune leverer gode tenester som oppfyller interne og eksterne krav.
Økonomi	Økonomisk handlefridom over tid.

Strukturen er tenkt slik at nokre deler skal være gjennomgåande, men at der også er rom for at alle nivå i organisasjonen bestemmer noko sjølv. Ein måle-indikator som til dømes sjukefråvær vil ein finna i heile organisasjonen. Dette kan visast i ein figur som denne. Målet er at LØFTer implementert i løpet av 2017 .







Omtale av sektorane

Politisk styring og kontroll

Driftsbudsjett for politisk styring og kontroll – tabell

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
1000 Kommunestyre/Formannskap	4 335	4 436	4 436	4 436	4 436
Utgifter	4 405	4 506	4 506	4 506	4 506
Inntekter	-70	-70	-70	-70	-70
1003 Andre utval og nemder	1 550	1 340	1 340	1 340	1 340
Utgifter	1 556	1 346	1 346	1 346	1 346
Inntekter	-6	-6	-6	-6	-6
1005 Val	318	669	30	709	30
Utgifter	376	784	30	834	30
Inntekter	-58	-115	-	-125	-
1007 Partistøtte	180	182	182	182	182
Utgifter	180	182	182	182	182
Inntekter	-	-	-	-	-
1100 Revisjon/Kontrollutval	1 114	1 177	1 177	1 177	1 177
Utgifter	1 328	1 404	1 404	1 404	1 404
Inntekter	-214	-227	-227	-227	-227
1209 Politisk sekretariat	1 354	1 378	1 378	1 378	1 378
Utgifter	1 358	1 382	1 382	1 382	1 382
Inntekter	-4	-4	-4	-4	-4
Sum driftsutgifter	9 203	9 604	8 850	9 654	8 850
Sum driftsinntekter	-352	-422	-307	-432	-307
Netto drift	8 851	9 182	8 543	9 222	8 543
Sum årsverk	1,9	1,9	1,9	1,9	1,9

Kommunestyre og formannskap

Utgiftene gjeld løn til ordførar og varaordførar, og godtgjersle til folkevalde. Det er budsjettert med utgifter i samsvar med Reglement for løn og godtgjersle for folkevalde 2015- 2019. Reglementet blei revidert og godkjent av kommunestyret i KS-sak 067/14.

Andre utval og nemnder

Dette er godtgjersle til styre, råd og utval utanom kommunestyret og formannskap.

Val

Det er utgifter til stortingsval i 2017 og kommuneval i 2019. Stortingsvala er normalt rimelegare enn kommunevala. Ved valet i 2017 blir det elektronisk kryssing i manntalet.

Partistøtte

Hå kommune gir stønad til kommunestyregruppene finansiert gjennom rammetilskottet frå staten. I tillegg har Hå kommune ein lokal stønad til kommunestyregruppene. Forslag til løyving er sett opp for 2017 i samsvar med tidlegare praksis. Den delen av løyvinga som er finansiert av rammetilskottet, blir justert med deflator (2,5 prosent). Det lokale tilskottet på 90.000 kroner, blir vidareført som nå.

Revisjon og kontrollutval

Teneste 1000 gjeld godtgjersle til kontrollutvalet og utgifter til kontrollutvalssekretariat og revisjon. Kontrollutvalet har gitt si tilråding til budsjett 2017, jf. sak30/16 i Kontrollutvalet 07.09.2016.

Politisk sekretariat

Dette er utgifter til stillingane i politisk sekretariat.

Administrasjon og fellesutgifter

Dette området omhandler administrasjon, servicetorg, dokumentcenter og eideomsforvaltning.

Mål

Målet er å ha administrative tenester av høg kvalitet til pris på nivå med nabokommunane (og godt under gjennomsnittet for landet).

Utfordringar i neste periode

Også i administrasjonen gjeld det å effektivisera og bruke midlane klokt. Rådmannen vil fortsetje det som blei starta i 2015 og 2016.

- God oppfølging av dei store byggeprosjekta
- Full drift i det nye servicetorget – legge til rette for god innbyggjarinvolvering. Klart språk i Hå – HÆ
- Fortsetje satsinga på leiarutvikling for å styrke kompetansen på endringsleiing
- Innføring av det heilskapelege verksemdsstyringsystemet LØFT. Verktøyet «KF betre styring» er kjøpt inn og det planleggas stegvis implementering i 2017.

Sentraladministrasjonen - drift

Driftsbudsjett for sentraladministrasjonen

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Utgifter	56 712	54 978	55 478	54 828	54 828
Inntekter	-13 806	-14 870	-15 320	-14 870	-14 870
Netto drift	42 906	40 10 8	40 158	39 958	39 658
Sum årsverk	34,69	34,69	34,69	34,69	34,69

Dei største endringane i driftsbudsjettet i forhold til førre økonomiplan er :

- To årsverk servicetorg blir belasta sjølvkostområda. Auke på et årsverk vedteke i 2016.
- Auke på 1 årsverk i eideomsavdelinga. Dette skal belastas investering og 1,8 av de eksisterande årsverka blir òg frå 2017 ført på investering -
- Reduksjon i opplæringsbudsjettet på til saman 200.000 kr.
- Reduksjon i forventa inntekter frå Sirevåg hamn KF.
- Planlegging av Tall Ships i Sirevåg i 2018

Driftsbudsjettet er sett opp som følger. De enkelte tenestene er kommentert i teksten som følger etter tabellen:

Tabellane nedanfor er oppdatert etter kommunestyret sitt budsjettvedtak 118/16.

Følgande endringar er gjort i høve til rådmannen sitt forslag:

- **Tatt ut foreslått auke til stilling i innkjøp: 0,35 mill kroner årleg**
- **Redusert formannskapet sin post til tilleggsøyvingar: 0,3 mill kroner årleg**
- **Andel av reduksjonen i administrasjon på 1,8 mill kroner: 0,650 mill kroner årleg.**
- **Andel av reduksjon i vakanse på 2,5 mill kroner: kr 50.000 årleg.**

Driftsbudsjett sentraladministrasjon med dei enkelte tenestene

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Ressursforbruk:					
1200 Administrativ leiging	5 457	2 951	3 541	2 951	2 951
Utgifter	5 667	3 161	3 661	3 161	3 161
Inntekter	-210	-210	-210	-210	-210
1202 Personal/tiltak/lønn	10 199	10 887	10 437	10 737	10 437
Utgifter	10 199	10 887	18 0887	10 737	10 737
Inntekter	-	-	-450	-	-
1203 Økonomi/rekneskap	2 315	4 475	4 475	4 475	4 475
Utgifter	4 802	7 022	7 022	7 022	7 022
Inntekter	-2 487	-2 547	-2 547	-2 547	-2 547
1205 IT-Fellesfunksjon	9 921	8 402	8 402	8 402	8 402
Utgifter	11 560	10 808	10 808	10 808	10 808
Inntekter	-1 639	-2 406	-2 406	-2 406	-2 406
1206 Servicetorg	2 993	2 587	2 587	2 587	2 587
Utgifter	3 290	2 725	2 725	2 725	2 725
Inntekter	-297	-138	-138	-138	-138
1207 Dokumentsenter	2 826	2 984	2 984	2 984	2 984
Utgifter	2 826	2 984	2 984	2 984	2 984
Inntekter	-	-	-	-	-
1905 IT-fellesfunksjonar	0	0	0	0	0
Utgifter	3 925	4 501	4 501	4 501	4 501
Inntekter	-3 925	-4 501	-4 501	-4 501	-4 501
Sum driftsutgifter	42 269	42 088	42 588	41 938	41 638
Sum driftsinntekter	-8 558	-9 802	-10 252	-9 802	-9 802
Netto drift	33 711	32 286	32 336	32 136	31 836
Sum årsverk	29,55	28,55	28,55	28,55	28,55

Administrativ leiging

Budsjettet for 2017 er sett opp som for 2016 med nokre justeringar: Kostnadane for to tilsette som rapporterer til økonomisjef er flytta til ansvar 110, teneste 1203. Kostnadar for annonsering/ rekruttering er flytta til ansvar 120. Dokumentsenteret er skilt ut som eige ansvar, 114. Der er satt av midlar til rådgjeving også for 2017. Planlegginga av nytt Tall

Ships i Sirevåg er i gang, men rådmannen føresett i budsjettforslaget at kostnader i 2017 kan dekkast inn med overføring av midlar frå 2016 av mindreforbruk på budsjettpostar i sentraladministrasjonen.

Personaladministrasjon, -tiltak, AMU og tillitsvalde

Tenesta sitt hovudmål frå Kommuneplanen er å ha tilstrekkeleg med kvalifisert arbeidskraft. Denne målsetjinga blir følgd opp med mellom anna ein formålstenleg personalpolitikk, lønsforhandlingar og anna samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar, rekrutterings- og kompetansehevingsarbeid, HMS-arbeid og fokus på Inkluderande Arbeidsliv (IA) og med samlingar for leiarar og ei satsing på leiarutvikling.

Kostnadane på tenesta gjeld stillingar innan personal- og lønsarbeid, men òg felles utgifter til kompetanseutvikling, bedriftshelseteneste, gruppe- og ulykkesforsikring. Midlar til å styrke leiarutvikling blei løyvd i 2014. Tiltaket blei starta opp i 2015 og første gruppe fullførte i 2016. **Av kommunestyret sitt vedtak om å redusere administrasjonskostnadane med 1,8 mill kroner blir budsjettet i denne eininga redusert med kr 650.000 i 2017. Kr 250.000 av dette er vidareført i 2018-2020. Kr 400.000 er tatt inn som ei reduksjon i ramma.**

I 2017 er det planlagt gjennomføring av eit nytt kull leiarutvikling under føresetnad om OU midlar. Ei evaluering av det føregåande programmet syner at deltakarane er svært tilfredse, og samde om at det har gjeve stort utbytte. Det skreddarsydde programmet utviklar den einkilde leiaren, og rettar fokus mot konkret innovasjon i kvar eining for å skape betre tenester for innbyggjarane i møte med framtidens endringar og utfordringar. Programmet er eitt element i den heilskepelege organisasjonsutviklinga Hå kommune driv. Felles kursmidlar er sett opp i høve til prioriteringar i opplæringsplanen og foreslått total løyving på opplæring er redusert med 200.000 kroner i høve til 2016.

Utgifter til bedriftshelsetenesta er budsjettert uendra i 2017. Legemeldt sjukefråvær for dei første 9 månadane i 2016 er om lag 5,1 prosent (5,6 prosent i 2015 og 6,5 prosent i 2014). Av dette er 82,3 prosent (81,4 prosent i 2015) fråvær som det kan krevjast refusjon for utanfor arbeidsgjevar-perioden på 16 dagar. Eigenmeldingar ligg på om lag 0,8 prosent (1 prosent i 2015). Tala synar at IA-satsinga dei siste to åra har gitt svært positive resultat. I heile verksemda er det retta fokus på sjukefråvær, og i barnehagesektoren har eit særskild satsingsprosjekt retta fokus mot oppfølging av langtidssjukemeldte og mot å byggje ein nærværkultur. Hovuddelen av endringa kommunen nå ser i det totale fråværet gjeld langtidssjukefråvær.

Utgiftene til gruppe- og ulykkesforsikring blir avgjort etter årlege anbudsrundar. Utgiftene har dei siste 5 åra svinga mellom 2,1 og 2,4 mill kroner per år. I 2016 reknar ein med om lag 2,2 mill kroner i utgifter. For 2017 er beløpet auka med om lag 10 prosent etter råd frå forsikringsmeglar.

Driftsbudsjett tillitsvalde og AMU med dei einskilde tenestene

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Ressursforbruk:					
1806 Tillitsvalde	1 271	1 324	1 324	1 324	1 324
Utgifter	1 271	1 324	1 324	1 324	1 324
Inntekter	-	-	-	-	-
1807 AMU	954	954	954	954	954
Utgifter	1 039	1 039	1 039	1 039	1 039
Inntekter	-85	-85	-85	-85	-85
1808 AFP/Seniorpolitiske tiltak	100	0	0	0	0
Utgifter	100	-	-	-	-
Inntekter	-	-	-	-	-
Sum driftsutgifter	2 410	2 363	2 363	2 363	2 363
Sum driftsinntekter	-85	-85	-85	-85	-85
Netto drift	2 325	2 278	2 278	2 278	2 278
Sum årsverk	2,14	2,14	2,14	2,14	2,14

Utgifter til ekstra vikar og liknande, når tilsette nyttar seg av tilbodet om 1 ekstra ferieveke for tilsette over 62 år (AFP/seniortiltak) blir nå ikkje budsjettert sentralt, men i tenesteområda.

Tillitsvalde

I høve til Hovudavtala er totalt 2,14 årsverk sett av til dei største arbeidstakarorganisasjonane i kommunen. I tillegg kjem ei 90 prosent stilling for tillitsvalde budsjettert i skule- og barnehage-sektoren.

AMU (arbeidsmiljøutvalet)

Midlane er avsett til velferds- og fellesarrangement, bedriftsidrett, fellestrim, lokale julearrangement, deltaking i Nordsjørittet og gratis inngang på Hå gamle prestegard. AMU disponerer midlane i eiga sak.

Økonomi/rekneskap/løn/innkjøp

Budsjetta for 2017 er sett opp som for 2016 bortsett frå at to stillingar som fram til 2016 var budsjettert under administrativ leiing nå er tatt i denne delen av budsjettet. I 2016 er det tatt i bruk elektroniske reiserekningar.

Kommunen har kjøpt «KF betre styring» som verktøy for å innføre heilskapleg verksemdsstyring basert på prinsippa for balansert målstyring. Eit hovudmål for 2017 er full implementering av LØFT (som det vil heite i Hå). I tillegg til at ein får lett tilgang på målingar, KOSTRA tal, økonomiske nøkkeltal og sjukefråværstal kan dei ulike einingane legge inn eigne mål som støtter opp under kommunen sine overordna mål.

Rådmannen vil i løpet av 2017 vurdere behovet for å styrke innkjøpsfunksjonen med 0,5 årsverk og dette årsverket er tatt inn i budsjettet. Dette er eit område med strenge formelle krav til openheit og lik handsaming av leverandørar og Hå kommune har eit forbettringspotensiale her. **Dette blei ikkje godkjent av kommunestyret og er tatt ut igjen.**

IT og IT-fellesutgifter

Ein av strategiane i Kommuneplanen er å ha godt utbygde løysingar for dei som ønskjer å kommunisere elektronisk med kommunen. Visjonen i den nye IKT strategien for 2016 – 2019

er: Vi løfter i lag ved å ha fokus på innovasjon og effektivisering. Dette får me til ved målretta å ta i bruk IKT-løysingar som gir nye tenester, rasjonell drift og styrker samhandling internt og eksternt.

Det er over 5000 PC-brukarar inkl. tilsette og elevar i skulane, som dagleg nyttar it-tenestar med ulikt tilgangsnivå avhengig av rolle, stilling og arbeidsoppgåver. I tillegg nyttar eit stort tal på personar kommunen sitt opne trådlause nettverk som er bygd ut i og rundt eit stort tal på kommunale bygg. Det er nå 2700 PC-arbeidsplassar i drift og vi reknar med om lag 150 nye kvart år i komande periode. Nye dataløysingar blir kjøpt inn der vi ser gevinst med det. Eksisterande løysingar må bytast ut og oppdaterast jamleg. Det blir lagt ned mykje arbeid i å styrke driftsmiljøet slik at det blir i stand til å handtere auken i brukarar, PC-ar, datatrafikk og -mengder.

Systema våre blir nytta heile døgnet og krev robuste og stabile løysingar. Dette stiller store krav til drift av systema. Alle kommunale bygg er kopla saman i eit eige kommunikasjonsnettverk. Vi arbeider med å legge eigne fiberkablur ut til flest mogleg av bygga for å gi auka hastighet og meir stabile samband utan leigekostnad.

Brukarmedverknad og nye digitale løysingar er viktig i det nye servicetorget.

På teneste 1905 fører ein fellesutgifter som kommunikasjon, utbygging og drift av fellesutstyr og programvare. Fellesutgiftene blir fordelt på dei aktuelle tenestene. Budsjettet for 2017 er sett opp som for 2016 med nokre justeringar for nye system som vert sett i drift i 2017.

Servicetorg

I 2015 etablerte Hå kommune eit eige servicetorg og 2016 var det første heile driftsåret. Eit viktig mål for Hå kommune er at vi skal bli kjenneteikna av god service til innbyggjarane. Dei mest publikumsretta tenestene frå dei ulike fagområda er derfor blitt samla til eit felles servicetorg. Her kan innbyggjarane få informasjon om kommunen og andre offentlege tenester, rettleiing i søknadsprosessar og hjelp i kurante saker som ikkje krev omfattande behandling.

Servicemedarbeidarane held til på rådhuset, men er òg tilgjengelege for innbyggjarane på telefon, e-post, sosiale medium og på kommunen sine internettsider. Dette vil gjere innbyggjarane sine møte med kommunen enklare. Eit servicetorg vil òg kunne lette saksbehandlarane sitt arbeid ved at dei får færre direkte førespurnader frå publikum. Dette kan føre til ei raskare behandling av saker.

Tenesta blei styrka med ei stilling i 2016 gjennom overføring av interne ressursar frå tekniske saker og næring og består no av 5 medarbeidarar (4,5 årsverk). I 2017 er det foreslått å flytte stillinga som digitalt medieansvarlig til denne eininga.

Servicetorget sine medarbeidarar har kartlagt kva dei brukar tid på, og på bakgrunn av dette blir to stillingar budsjettert under sjølvkostområda.

Opggåvene til servicetorget er publikumsretta. Her kan innbyggjarane kjøpa tomt i Stokkalandsmarka, dei kan få rettleiing i byggesaker, opplysningar om kart, leidningsnett, eigedom og reguleringsplanar. Servicetorget gir innsyn i offentlege dokument, handterer endringar i renovasjonsabonnement, lagar nabolister og meklarpakkar, og behandlar søknader om parkeringskort for forflyttingshemma, redusert betaling, kontantstøtte og

skjenkeløyve. I tillegg har servicetorget sentralbordet, påmeldinga til varmtvassbassenget Stampen og ansvaret for utleige av Lensmannsløa.

Dokumentsenter

Hå kommune skal ha eit effektivt og vel fungerande arkiv som skal yte god service til forvaltning og publikum, og sikre at kommunen for ettertida kan dokumentere sine vedtak og tiltak. Arkivtenesta skal sørge for at arkivet er i samsvar med gjeldande lovar og reglar og at arbeidsoppgåvene blir utførte på ein rasjonell og effektiv måte. Arkiv og dokumentforvaltning handlar om effektiv og konsistent saksbehandling, om openheit og demokrati, om framtidens behov for å kunne skrive historie eller dokumentere enkeltpersonar sine rettar.

I 2015 gjorde Hå kommune sentralarkivet om til eit dokumentsenter og tok eit steg i retning av ein meir sentralisert arkivfunksjon. Alt som har med arkivfunksjonen å gjere – arkiv, arbeidsoppgåver og personar – blei trekt ut, både fysisk og organisatorisk, og sentralisert i ei eining som tener alle tenesteområda i kommunen samt eksterne. Sentraliseringa har ført til ei effektivisering av arbeidet, oppbygging og samling av kunnskap og dermed profesjonalisering i ei eining som har fokus på dokumentbehandling og arkiv.

Skatt

Skatteoppkrevjarkontoret krev inn skattar og avgifter for Hå i storleik 2 milliardar kroner kvart år.

Vi har felles skatteoppkrevjarkontor for Hå, Klepp, Time og Gjesdal. Kontoret er lokalisert på Bryne, og det er inngått vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28b der Time kommune er vertskommune. Tilskotet frå Hå til kontoret går ned med 48.000 kroner på grunn av ein reduksjon i talet på årsverk på 0,2 frå 1.10.2016.

Driftsbudsjett skatt

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Ressursforbruk:					
1204 Skatt	1 985	1 922	1 922	1 922	1 922
Utgifter	1 985	1 922	1 922	1 922	1 922
Inntekter	-	-	-	-	-
Sum årsverk	9,70	9,50	9,50	9,50	9,50

Jæren kemnerkontor budsjetterer med 9,5 årsverk i 2017, ned 0,2 frå 2016. Desse er ikkje del av stillingsramma til Hå kommune.

Andre tenester

Driftsbudsjett andre tenester i sentraladministrasjonen

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Ressursforbruk:					
1800 Tilfeldige utgifter/inntekter.	1 120	871	871	871	871
Utgifter	1 120	871	871	871	871
Inntekter		-	-	-	-
2652 Kommunale bustader	-240	-205	-205	-205	-205
Utgifter	1 482	1 462	1 462	1 462	1 462
Inntekter	-1 722	-1 667	-1 667	-1 667	-1 667
3200 Forretningsdrift	-1 291	-966	-966	-966	-966
Utgifter	1 759	1 759	1 759	1 759	1 759
Inntekter	-3 050	-2 725	-2 725	-2 725	-2 725
3601 Friluftsområde	150	160	160	160	160
Utgifter	150	160	160	160	160
Inntekter	-	-	-	-	-
Sum driftsutgifter	4 511	4 252	4 252	4 252	4 252
Sum driftsinntekter	-4 772	-4 392	-4 392	-4 392	-4 392
Netto drift	-261	-140	-140	-140	-140

Tilfeldige utgifter og inntekter

Som for åra før, er 300.000 kroner til utgifter etter formannskapet sine nærare vedtak ført opp på teneste 1800. **Denne løyvinga er tatt ut etter kommunestyret sitt vedtak 118/16.** Dessutan blir kontingent til Kommunenes Sentralforbund (KS) på 800.000 kroner, Landssamanslutning for nynorsk-kommunar, Kommunalt Innkjøpsforum, Forening for Vindkraftkommunar og KS sitt eigedomsskatteforum ført her.

Forretningsdrift

Sirevåg Havn KF i Hå står for innkrevjing av avgifter og drift av hamna i Sirevåg. Kommunen står framleis som eigar av kaiinvesteringane frå før 01.01.2007. KF-et betalar leige til kommunen for kaiene. (I tillegg får kommunekassen leigeinntekter av industriareal.) Inntektene har sin motsats i kommunale investeringar og finansutgifter for utbygginga. Det er budsjettert med ei overføring frå hamna til kommunen på 0,375 mill kroner i 2017, det same som justert budsjett for 2016. 2,3 mill kroner er leigeinntekt frå Felleskjøpet i Sirevåg.

Friluftsområde

Teneste 3601 (tidlegare 3252) gjeld årleg tilskott til Rogaland Arboret. Det vart i 2013 ein overeinskomst mellom kommunane om kontingentbeløp. Justert for nytt innbyggjartal og med deflator på 2,5 prosent er utgiftene i 2017 berekna til 160.000 kroner.

Bygg/eigedomsforvaltning

I 2015 vart det oppretta ei stilling for kommunal eigedomssjef med oppgåva å forvalte og utvikle kommunen si eigedomsmasse og stå for vedlikehaldet av denne samt byggeleiaroppgåver. Eigedomssjefen er leiar for ein stabsavdeling og rapporterer direkte til rådmannen. I avdelinga høyrer byggeleiarane til. Dei lønnsmidla som byggeleiarane brukar på investeringsprosjekt (ikkje tida dei brukar på administrasjon/drift) blir belasta investering. Om lag 60% av kostnadane til egne tilsette (1,8 årsverk) blir belasta investeringsbudsjettet frå 2017. I tillegg foreslår rådmannen å tilsette ein til byggeleiar for å følge opp de mange prosjekta avdelinga har ansvar for. Det er føresett at denne stillinga blir belasta investeringsprosjekt.

I tillegg har eigedomsavdelinga ansvar for vaktmeistrar og reinhaldarar. Kostnadane til vaktmeistrar, reinhaldarar og vedlikehaldsmidlar er budsjetterte under kvart tenesteområde for å synleggjere total kostnad ved drift av kvart område. Eininga har frå 2017 også ansvar for drift av kantina ved Rådhuset.

Eit område som ein og ser det er behov for å styrke, er korleis skal ein disponere og utvikle kommunen sin bygningsmasse sett heile kommunen under eitt når aktiviteten aukar.

Basert på kontrollutval sak 061/16 Forvaltningsrevisjon – vedlikehald kommunale bygg, vil rådmannen legge fram en sak for kommunestyret i forkant av budsjettet for 2018 med planar for vidare arbeid.

Driftsbudsjett bygg/eigedomsforvaltning

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Ressursforbruk:					
1208 Byggjeleing	2 939	1 242	1 242	1 242	1 242
Utgifter	2 939	1 442	1 442	1 442	1 442
Inntekter	-	-200	-200	-200	-200
1210 Forvaltningsutgifter eigedom	102	110	110	110	110
Utgifter	102	110	110	110	110
Inntekter	-	-	-	-	-
1300 Drift og vedlikehald av administrasjonslokale	2 105	2 410	2 410	2 410	2 410
Utgifter	2 496	2 801	2 801	2 801	2 801
Inntekter	-391	-391	-391	-391	-391
Sum driftsutgifter	5 537	4 353	4 353	4 353	4 353
Sum driftsinntekter	-391	-591	-591	-591	-591
Netto drift	5 146	3 762	3 762	3 762	3 762
Sum årsverk	3,00	4,00	4,00	4,00	4,00

Forvaltningsutgifter

Dette omfattar bare byggforsikringar. Nivået på kostnadane er auka frå 2016 etter råd frå forsikringsmeklar.

Kostnadane for bygg i tenesteområda for helse og sosial og opplæring og kultur er budsjetterte i dei respektive tenesteområda.

Drift og vedlikehold av administrasjonslokale

Utgift til vedlikehold av Rådhuset er ført opp på same nivå som i 2016. Jf. omtale av Rådhuset under "Investeringar".

Kommunale bustader

Utleigebustadane blir nytta av kommunalt tilsette og omfattar også prestebustad som staten betaler for. Nokre av bustadene blir nytta til flyktningbustader. Leigesatsane er føresett å auke med 2,5 % i 2017. Inntekt i form av dekning av kapitalkostnader for bygging av flyktningbustader var ny i 2015, og vil i 2017 være 420.000 kroner. Dette er internoverføring frå tenesteområdet for helse- og sosialsaker til sentraladministrasjonen.

Investeringar sentraladministrasjonen

Investering sentraladministrasjon

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Budsjett IT	8 324	8 438	6 766	10 072	10 232
1300 Rådhus ombygging	22 100				
ENØK	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
Startlån finansutgifter	15 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Startlån finansinntekter	-15 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Adm bygg Jærmuseet		5 000	5 000		
Eigedomsavdelinga		2 500	2 500	2 500	2 500
Netto investering	34 424	19 938	18 266	16 572	16 732

Ombygging av Rådhusbygget frå 1958 blei ferdigstilt i 2016 innanfor vedtatt kostnadsramme på 22,1 mill kroner. Det er foreslått ei årleg løyving på 2,5 mill kroner som skal dekke byggeleing (2,8 årsverk) samt mindre uføresette prosjekt etter godkjenning av rådmannen. Eit døme på eit slikt prosjekt var sanering av bygg i Gudmestadvegen 22 i 2016.

IT – investering

I samband med eKommune-satsinga vil stadig fleire tenester verta tilgjengelige for innbyggjarar og andre via internett. Slike løysingar krev investeringar og intern tilpassing av arbeidsprosessar. Samtidig vil eit aukande tal på interne brukarar føre til auka behov for lisensiert programvare og utstyr som må kjøpast. Nettverksutbygging krev også auka investeringar.

Frå økonomiplan 2016-19 er alle IT-investeringane budsjetterte under teneste 1205 IT-investering. Tidlegare var nokre av desse budsjetterte i tenesteområda. Om lag 3 mill kroner kvart år gjeld felles utstyr og system, mens resterande om lag 5 mill kroner gjeld utstyr/programvare retta mot tenesteområda og stabar.

ENØK-tiltak

I Klima- og Energiplanen er det ei målsetting å oppnå minst ei innsparing på 10 % i energibruken i kommunale bygg. Denne planen skal reviderast i 2017.

Det blir gjort vurderingar av aktuelle tiltak i dei bygga der det er størst potensiale for å spare energi. Sjølv om ein kan få nokre tilskott til slike arbeid gjennom Enova, viser det seg at det blir etter måten mindre beløp, noko som òg har med låge energiprisar å gjere. Det er derfor lagt inn ei årleg løyving på 4 mill kroner per år i økonomiplanen.

For å finansiere ENØK-tiltaka er det som i gjeldande økonomiplan føresett at det minimum skal betalast ut 4 mill kroner per år frå Jæren Everk til kommunen.

Startlån

Dette er lån kommunen tar opp i Husbanken for vidareformidling til bustadbyggjarar og bustadkjøparar. Vilkår for tildeling og nedbetaling er vedtatt av kommunestyret. Normalt blir startlån nedbetalt kvartalsvis over 18 år. Dei 3 første åra er avdragsfrie. Kommunen har størsteparten av risikoen ved desse låna. Frå 2016 er det lagt inn eit årleg låneopptak på 15

mill kroner per år. Til nå i 2016 er det ein reduksjon i søknadsmassen, men også fleire avslag på grunn av ny og strengare statleg forskrift. Rådmannen rår derfor til at budsjettet blir redusert til 10 mill kroner per år i denne økonomiplanperioden.

Jærmuseet

Hå kommune ser det som viktig å få på plass eit magasin og administrasjonsbygg for den vidare utviklinga av Jærmuseet i Hå. Arbeidet med bygging av magasin startar i 2016 og planen for administrasjonsbygget er at dette skal stå ferdig i 2018. Rådmannen rår til at det settas av 5 mill kroner i kvart av åra 2017 og 2018 som direkte bidrag til finansieringa. I tillegg kan kommunen garantere for låneopptak slik at Jærmuseet kan finansiere resten på gunstige vilkår. I økonomiplanen for 2016-2019 var desse midla satt av i 2018 og 2019.



Opplæring og kultur

Tenesteområde for opplæring og kultur har ansvar for barnehage, skule og kultur. Det er totalt 1031 barn i dei kommunale barnehagane, 2531 elevar i den kommunale grunnskulen og 475 elevar i kulturskulen. Totalt er det om lag 682 årsverk i tenesteområdet. Budsjettet for 2017 er prega av at barne- og elevtal går opp, mens inntektene ikkje aukar tilsvarande. Dette krev at vi mellom anna justerer rammetimetale i skule og bemanningsnorm i barnehagane i høve til dette.

Mål og strategiar

Kommunen skal gi eit variert, aktivt og stimulerande tilbod som gir rom for oppleving og utvikling i barnehage, skule og fritid. Barna/elevene skal oppleve barnehagen og skulen som ein naturleg og spennande del av det samla oppvekstmiljøet sitt, der læring og sosial utvikling står i fokus. I samarbeid med heimen vil kommunen arbeide aktivt med å gi barna ein god barndom. Det er eit hovudmål at alle barn/elevar i barnehage og skule i Hå opplever læring og meistring kvar dag.

Ved å legge til rette for eit rikt kulturliv kan kommunen dokumentere og formidle vår felles kulturarv, formidle kunnskap og oppleving, legge til rette for eigenaktivitet og ulike former for sosiale aktivitetar.

Utfordringar i neste periode

Innan tenesteområdet er det to store byggeprosjekt som er i gang. Både Vigrestad barnehage og Ognå skule skal etter planen stå klare ved årsskiftet 2017/2018.

I både barnehagebruksplan og skulebruksplan blir det gjort greie for framtidige utbyggingsbehov. Her ser vi at det vil være behov for bygging av både barnehage og skule i Stokkalandsmarka i åra som kjem. Rådmannen har lagt inn midlar til prosjektering av skule og prosjektering og ferdigstilling av barnehage i økonomiplanperioden.

I 2016 blei det lagt inn om lag 8 nye heimlar i tenesteområdet. Skule blei spesielt prioritert, med ei auke på 3,5 lærarstillingar og 2 stillingar til administrasjon. Det er ikkje rom for å vidareføre auka i lærarstillingar i økonomiplanperioden. Talet på tilsette i barnehagane har auka som følgje av auke i barnetal. Hausten 2016 er det om lag 30 fleire barn enn året før i barnehagane i Hå som følgje av sentrale endringar om kven som har rett på barnehageplass, noko som har utløyst om lag 5 stillingar. Vidare har vi hatt ei elevtalsauke på over 50 elevar sidan førre skuleår.

Dei økonomiske utsiktene gjer at vi må gjennomføre ei effektivisering i tenesteområdet. Vi vil fortsatt satse på å auke talet på pedagogar i barnehagane som planlagt. Dette gjer vi gjennom å vidareføre diverse støtteordningar og stipendordningar for å stimulere til vidareutdanning. Når det gjeld lærarane sin moglegheit til å studere gjennom kompetanse for kvalitet, ønskjer rådmannen å redusere omfanget av dette. Det vil bli gjort på ein slik måte at kommunen likevel vil oppfylle dei nye kompetansekrava som er innført i kjernefaga innan fristen ved å prioritere desse faga i ennå større grad.

Innsparingane i barnehage og skule vil for budsjett 2017 i praksis bety ei innsparing på 8 assistentstillingar i barnehagane og 8 lærarstillingar i skulane. Innsparingane vil bli gjort

gjennom tilsetningskontroll våren 2017 og minka rammetimetall i skulen og lågare bemanningsnorm i barnehagane på hausten.

Minka rammetimetall vil gje større utfordringar i forhold til å drive tilpassa undervisning. Vi får litt mindre lærardekning i klassane totalt sett. Ein del av innsparinga vil kunne tas frå det som ikkje er direkte elevretta. Når det gjeld barnehage seier bemanningsnorma i barnehagane i Hå at det skal være 3 vaksne pr. 9 barn i småbarnsavdelingar og 3 vaksne pr. 18 barn for barn som er 3-5 år. Nasjonal bemanningsnorm seier 3 vaksne pr. 10 barn i småbarnsavdelingar og 3 vaksne pr. 20 barn for barn som er 3-5 år. Difor kan vi gå ned i bemanning og fortsatt gje eit godt tilbod som er godt innafor lovverket.

Innan kultur ser vi at vi også må gjere innsparingar som følgje av at ramma er mindre. Dette vil bli gjort gjennom å redusere bemanninga i bibliotek og kulturskule tilsvarande totalt 0,60 årsverk. Dette vil kunne føre til reduserte opningstider i biblioteket og lengre ventelister i kulturskulen.

Ingen av innsparingstiltaka vil medføre at nokon mister jobben. Vi vil fortsette å rekruttere og behalde barnehagelærarar, og det er vikarar utan godkjent utdanning som ikkje lenger kan jobbe i skulen.

Framleis er det ei utfordring å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft i barnehage og skule. Barnehagane manglar om lag 20 barnehagelærarar. Innanfor skulen er dette også ei utfordring. Ved skulestart 2016 var det 25 utan godkjent utdanning i lærarstillingar, om lag 18,5 årsverk. I tillegg er spesialpedagogar ein etterspurt kompetanse både i barnehage og skule. Ved å legge til rette for utdanning for desse gruppene i tenesteområdet sin kompetanseplan, har vi sett ei god utvikling i 2016.

Kompetansebygginga i barnehage og skule er på rett veg. Det blei i 2016 i Kvalitetsplan for barnehagane vedteke ei pedagognorm på 50% i barnehagane. Det er i år 18 tilsette i barnehagane som er i gang med utdanning som barnehagelærar. I tillegg er det mange som tek fagutdanning som barne- og ungdomsarbeidar. 18 lærarar er dette skuleåret med i Kompetanse for kvalitet. Begge desse er eit viktig skritt på vegen mot auka kvalitet. Likevel medfører satsinga på kompetanse i neste omgang auka lønsutgifter.

Vi må fortsatt legge vekt på å utvikle nærmiljø som gir gode kulturelle og sosiale nettverk. Difor er det veldig viktig at ein held fram med den gode kombinasjonen mellom kommunale tiltak og dei mange frivillige som legg ned ein formidabel dugnadsinnsats gjennom arbeid i lag og organisasjonar. I barnehage og skule har dette arbeidet i 2016 blant anna vist seg gjennom arbeidet med «Partnarskap mot mobbing». Dette er eit samarbeid mellom barnehage/skule, føresette, barn/elevlar og lag og organisasjonar i nærmiljøet.

Driftsbudsjett opplæring og kultur

Tabellane nedanfor er oppdatert etter kommunestyret sitt budsjettvedtak 118/16.

Følgende endringer er gjort i høve til rådmannen sitt forslag:

- Auke med 4 lærarstillingar: 2,6 mill kroner årleg
- Auke med 1 stilling PPT: 0,65 mill kroner årleg
- Auke 3 årsverk i barnehage: 1,5 mill kroner årleg
- Ta inn igjen støtte til Tryggheim: kr 150.000 per år
- Halvere reduksjonen i leige av idrettshallar på dagtid: auke kr. 175.000 i 2017, kr 350.000 årleg i 2018, 2019 og 2020
- Redusere innanfor kulturområdet: 0,65 mill kroner årleg
- Redusere utgifter tidleg innsats i skulen med 0,637 mill årleg på grunn av at dette er tatt ut av rammetilskottet og vil komme som øyremerkta midler
- Andel av reduksjonen i administrasjon på 1,8 mill kroner: 0,25 mill kroner årleg
- Andel av reduksjon i vakanse på 2,5 mill kroner: 1,55 mill kroner årleg

Driftsbudsjett opplæring og kultur:

1000 kroner	B 2016	B 2017	2018	2019	2020
Driftsutgifter	557 029	566 131	567 324	568 924	570 524
Driftsinntekter	-91 146	-93 508	-93 508	-93 508	-93 508
Netto drift	465 883	472 623	473 816	475 416	477 016
Årsverk	674,07	674,32	677,82	680,82	683,82

Driftsbudsjett opplæring og kultur med dei enkelte tenesteområda

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Administrasjon	8 189	8 025	8 025	8 0255	8 025
Skule	208 641	213 001	213 001	213 001	213 001
Barnehage	153 909	158 516	159 866	161 466	163 066
Kultur - SAMLET	39 653	38 958	38 801	38 801	38 801
Eigedom O+K	55 491	54 123	54 123	54 123	54 123
Netto drift	465 883	472 623	473 816	475 416	477 016

Årsverk

Årsverk	2016	2017	2018	2019	2020
Administrasjon	7,90	7,90	7,90	7,90	7,90
Skule	328,25	328,25	328,75	328,75	328,75
Barnehage	252,62	252,62	255,62	258,62	261,62
Kultur - SAMLET	44,36	43,46	43,46	43,46	43,46
Eigedom	40,94	42,09	42,09	42,09	42,09
SUM	674,07	674,32	677,82	680,82	683,82

Endringer i netto driftsramme

Endringer frå øko.plan 2016-2019	1000 NOK	2017	2018	2019	2020
Ramme i økonomiplan 2016-2019, 2020 settes lik 2019		456 223	456 223	456 223	456 223
Løns og prisvekst		14 412	14 736	14 736	14 736
Nye tiltak i denne økonomiplanen		12 105	12 974	14 574	16 174
Reduksjon / innsparing		-12 105	-12 105	-12 105	-12 105
Netto endring etter kommunestyret si behandling og fordeling av reduserte rammer og redusert rammetilskott		1 988	1 988	1 988	1 988
Ramme i økonomiplan 2017-2020		472 623	473 816	475 416	477 016

Endringer årsverk

Årsverk	2017	2018	2019	2020
Antall årsverk i godkjent økonomiplan	678,32	668,22	671,72	674,72
Forslag økte årsverk	6,50	3,50	3,00	3,00
Forslag kutt årsverk	-16,60	-	-	-
Endringer etter KST vedtak 118/16	6,1	6,1	6,1	6,1
SUM årsverk	674,32	677,82	680,82	683,82
Av dette Eiendomsavdelingen	42,09	42,09	42,09	42,09

Felles administrasjon

Tenesteområdet har ein felles administrasjon på rådhuset.

Driftsbudsjett for administrasjonen i opplæring og kultur med dei einstilte tenestene

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
1200 Administrativ leiang	5 126	5 146	5 146	5 146	5 146
Utgifter	5 229	5 249	5 249	5 249	5 249
Inntekter	-103	-103	-103	-103	-103
1202 Personaladministrasjon	1 275	1 065	1 065	1 065	1 065
Utgifter	1 306	1 080	1 080	1 080	1 080
Inntekter	-31	-15	-15	-15	-15
1203 Økonomi og rekneskap	591	610	610	610	610
1300 Drift/vedl.adm.lokale	1 197	1 204	1 204	1 204	1 204
Sum utgifter	8 323	8 143	8 143	8 143	8 143
Sum inntekter	-134	-118	-118	-118	-118
Netto drift	8 189	8 025	8 025	8 025	8 025
Årsverk	7,90	7,90	7,90	7,90	7,90

Barnehage

Mål

- Tilby alle barn under opplæringspliktig alder barnehageplass i barnehagar av høg kvalitet.
- Ivareta barn sitt behov for omsorg og leik, og fremma læring og danning som legg grunnlag for positiv utvikling.
- Trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.
- Barn med spesielle behov skal få tilstrekkeleg hjelp.

Nøkkel- og utviklingstal

KOSTRA-tala for 2015 viser dette innan barnehagesektoren

BARNEHAGE tal pr. 31.12	Hå		Klepp		Time		Rogaland	
	2014	2015	2014	2015	2014	2015	2014	2015
0-åringar	291	262	243	266	279	251	6 196	6 189
1-2 åringar	614	576	584	545	560	568	12 908	12 606
3-5 åringar	942	928	898	863	886	896	20 079	19 978
Totalbefolkning	18 528	18 591	18 741	18 970	18 306	18 572	466 302	470 175
Prosentvis andel av befolkninga 1-5 år	8,4 %	8,1 %	7,9 %	7,4 %	7,9 %	7,9 %	7,1 %	6,9 %
Netto driftsutgift pr innbyggjar	9 140	8 900	9 172	9 169	9 193	9 408	9 171	9 041
Netto driftsutgift pr barn 1-5 år brukt på bhg	110 106	110 016	115 982	123 532	116 384	119 349	129 645	130 461
Dekningsgrad 1-5 år	81,1	81,0	90,8	92,8	86,9	86,8	88,5	89,1
Dekningsgrad 1-2 år	59,4	59,2	78,3	82,8	72,9	72,4	76,5	77,6
Dekningsgrad 3-5 år	94,8	94,5	99,0	99,2	96,3	97,3	96,2	96,3
Talet på barn i komm. brhg i forhold til alle barn i bhg. i %	83,0	83,0	64,9	66,7	54,5	54,4	51,7	51,6
Talet på minoritets. barn i bhg i forhold til innv.barn 1-5år i %	66,0	67,9	81,1	73,2	70,9	64,9	70,8	70,0
Talet på minoritets. barn i bhg i forhold til alle barn med bhg-pl. i %	13,6	15,1	13,4	13,1	10,2	10,4	14,4	15,2
Korr. brutto driftsutg til kom bhg pr korr opphaldst.	56	57	54	54	53	57	59	59
Korrigerte oppht. pr årsverk i komm. bhg	11 078	11 194	11 458	11 547	11 818	11 987	11 103	11 383
Talet på barn. brhg m opphaldstid 33t el meir i kom. Bhg i %	83,6	85,9	94,0	95,2	97,1	98,3	95,9	96,9
Talet på styrarar og ped.leiarar med godkjent bhg-lærarutdanning i %	69,5	71,1	73,6	82,5	79,2	86,4	84,2	87,6
Talet på tilsette med barnehagelærarutdanning i %	25,4	29,0	27,4	31,1	30,0	33,2	30,5	32,9

Kommentarar til tabellen:

- Hå kommune er på nivå med Rogaland og høgast av Jærkommunane når det gjeld den prosentvise delen av innbyggjarane i alderen 1-5 år.
- Driftsutgifter pr. barn 1-5 år brukt på barnehage er lågare i Hå enn i Klepp og Time. Det skuldast m.a. at Hå har relativt færre barn i barnehage. Ser vi på brutto driftsutgifter pr. opphaldstid ligg Hå på 57, noko som er høgare enn Klepp og likt med Time (54 og 57). Gjennomsnittet i Rogaland er 59. Større bruk av deltids plassar i Hå kan gjere at driftsutgiftene er høgare enn dei elles ville vore, dersom bruken av deltids plassar var meir lik nabokommunane og Rogaland. Dette pga. krav til pedagogar pr. barn mm.
- Dekningsgraden i Hå er lågare enn i nabokommunane. Dette gjeld særleg barn i alderen 1-2 år. Ein av faktorane bak dette kan vere tilbodet om kommunal kontantstøtte for to-åringar. Utifrå faktiske tal frå august 2016, kan denne tendensen vera i ferd med å snu.
- Hå har ein lågare prosentvis del av innvandrarbarn i barnehage enn nabokommunane og landet elles. Likevel er delen av innvandrarbarn i forhold til alle barn i barnehage

på nivå med eller høgare enn i nabokommunane. Det skuldast at det totalt sett er fleire innvandrarbarn i Hå. Det kan også spele ei rolle at dekningsgraden for barn elles er høgare i nabokommunane.

- Det er framleis mange som nyttar barnehage som eit deltidstilbod i Hå dersom vi samanliknar med Klepp, Time og Rogaland.
- Hå kommune ligg under Klepp og Time når det gjeld den prosentvise delen av styrarar og pedagogiske leiarar som har godkjent barnehagelærerutdanning. Alle tre ligg ein god del under gjennomsnittet for Rogaland. Trenden er positiv i nabokommunane og i Rogaland i perioden 2014-2015. For Hå sin del viser det framleis lita endring, men med eit tosifra tal med assistentar under utdanning, trur vi trenden snur i løpet av ein treårs periode.
- Den prosentvise delen av tilsette med barnehagelærerutdanning i Hå ligg under Klepp og Time. Alle tre ligg under gjennomsnittet i Rogaland. Trenden er positiv og nokså lik for dei tre kommunane i perioden 2014-2015. Alle styrarar i kommunen har godkjent utdanning.

Tilby alle barn under opplæringspliktig alder barnehageplass i barnehagar av høg kvalitet

I barnehagebruksplanen er det gjort eit omfattande arbeid for å sikre at vi arbeider mot nok barnehageplassar og kvalitet på barnehagebygga i heile kommunen. Nye barnehagar bør være relativt store (mellom 100 og 125 barn), for å gi eit robust fagmiljø og lågare driftskostnader.

Rådmannen rår til at følgjande prinsipp i gjeldande Barnehagebruksplan i hovudsak fortsatt blir lagde til grunn for Hå kommune sin barnehagepolitikk:

1. Det er eit mål å ha tilnærma likeverdig kvalitet og god funksjonalitet i alle barnehagebygg.
2. Nye barnehagar bør vere relativt store (mellom 100 og 125 barn) for å gi eit robust fagmiljø og lågare driftskostnader.
3. Nye barnehagar bør helst etablerast i dei mest folkerike og sentrale delane av kommunen for å få eit stort nok inntaksgrunnlag som er stabilt over tid.

Folketilveksten i 2015 var litt svakare enn Kommuneplanen sine prognosar. Det gjaldt òg for veksten i talet på barn i barnehagealder. SSB har i juni 2016 kome med nye framskrivingar av befolkninga. SSB sitt nye mellom-alternativ syner vesentleg færre barn som vil etterspørre barnehageplass enn rekna med i gjeldande barnehagebruksplan. For å vise fleire alternative utviklingsretningar og uvisse omkring framskrivingane, har vi i planen både rekna ut frå SSB si nye, middel prognose (MMMM) og eit alternativ med lågare lokal vekst dei første åra. Vi prøver å føreslå løysingar som er robuste for at utviklinga kan gå i ulike banar.

Framtidig behov for barnehageplassar vil vere avhengig av utviklinga i barnetal, kommunen sitt utbyggingsmønster og utviklingstakten. Endringar i bruken av kontantstøtteordninga spelar òg inn, og om brukarane opplever endringar i rammevilkåra for barnehagedrifta. Utviklinga i desse faktorane sidan gjeldande Barnehagebruksplan blei laga i fjor, gir til dels motstridande impulsar på framskrivinga av behovet for barnehageplassar.

Bruken av lokal kontantstøtte (for 2-åringar) kan sjå ut til å vere relativt stabil. Den verkar ikkje inn på plassbehovet nå.

Dei siste par åra har staten gjort endringar i moderasjonsordningane og mellom anna innført gratis kjernetid for 3, 4- og 5-åringar i barnehagane. Dette har auka etterspørselen etter barnehageplassar, gjerne mest som utviding av eksisterande deltids plassar. Frå og med opptaket i barnehagane hausten 2016 har og barn som fyller 1 år i september og oktober fått rett til barnehageplass. Dette har auka etterspørselen etter plass noko. Når vi prøver å rekne ut framtidige dekningsgrader for bruk av barnehage, ser vi at det vil bli ei sterk auke i bruken av barnehageplass for 1-2-åringane i Hå frå 01.01.2016 til 01.01.2017. Dette høgare nivået er lagt til grunn i planen.

På den annan side trekk dei nye prognosane for befolkninga ned behovet for nye barnehageplassar. Totalt viser prognosane for framtidig etterspørsel etter barnehageplass i Hå merkbart lågare tal enn i gjeldande plan.

Framskrivningane av behovet for barnehageplassar viser at det samla sett er nok kapasitet i kommunen i dag. Ser me på behovet framover for kvar krets, er det – både for høg og låg vekstframskriving - underkapasitet og behov for nye plassar i Vigrestad/Stokkelandsmarka. At ein bør auke kapasiteten i dette området, ser dermed ut til å vere ein robust konklusjon. Kommunen sin økonomi er slik at det gjeld å nytte nye investeringar best mogleg. Av den grunn har vi gjort ei vurdering der vi ser området Vigrestad/Stokkelandsmarka/Brusand samla.

Vidare fylgjer ei kretsvis oppsummering frå kvar bygd.

Nærbø

Nå som Motlandsmarka barnehage er tatt i bruk, er det overkapasitet på plassar på Nærbø. Dette vil det være i heile planperioden. Det er regulert tomt til offentleg formål (barnehage) ved Bø skule. Her er det plass til barnehage med ein kapasitet på vel 150 barn. Hit kan ein i framtida vurdere å flytte barnehagen på Bjorhaug og frigi arealet til denne barnehagen til annan bruk. Det vil være areal til fleire barnehageplassar ved Bø skule enn det nå er på Bjorhaug, så det er ein kapasitetsreserve her.

Varhaug

I kommunestyresak 074/13 blei det vedtatt å byggje ny barnehage på Bratlandsmarka. I gjeldande Økonomiplan er det sett av midlar til slik barnehage i 2017/18 (4 avdelingar). Som i gjeldande barnehagebruksplan viser prognosane også nå at det ikkje er behov for meir barnehagekapasitet på Varhaug i planperioden. Det kunne likevel vore ønskjeleg å bygge nytt for å få høgare standard og erstatte plassane i Trekløveren som er regulert til annan bruk, samt kunne avvikle drifta i våningshuset på Lensmannsgarden. Slik rammevilkåra for kommunens økonomi er, har rådmannen ikkje funne plass til slik bygging i denne økonomiplanperioden, men det er lagt inn forslag om 1 mill kr i planleggingsmidlar i 2020. Rådmannen rår vidare til at situasjonen blir vurdert på ny ved neste planrevisjon. På Varhaug er det i Kommuneplanen òg sett av tomt til ny barnehage ved Leksaren. Areal situasjonen er soleis rimeleg bra.

Vigrestad, Stokkalandsmarka og Brusand

Dette er eit område der fleire moment skal takast omsyn til. Sjølv om det er like før ein kjem i gang med å bygge ny 8 avdeling barnehage på Vigrestad, viser prognosane at det framover vil bli vesentlig underkapasitet på barnehageplassar i Vigrestad/Stokkalandsmarka. I økonomiplanen for 2016-2019 har kommunestyret satt av 20 mill kr til ein mindre barnehage på Brusand i 2017/18. Det er ønskjeleg å fase ut Askeladden så snart som råd.

Basert på kommuneplan, skulebruksplan, barnehagebruksplan og utbyggingsplanen for Stokkalandsmarka vil det være viktig å koma i gang med bygging av fleire sentrale funksjonar som skule, barnehage, sentrumsfunksjonar og grøntområdet i Stokkalandsmarka. Det vil være ein fordel for utviklinga av området om vi relativt raskt kan tilby fleire barnehageplassar der. Det er og eit sentralt punkt i tidlegare og ny barnehagebruksplan at nye barnehagar bør være relativt store for å gi eit robust fagmiljø og lågare driftskostnader. Rådmannen foreslår å byggja ny barnehage i Stokkalandsmarka i planperioden.

Tomt til ny barnehage i Stokkalandsmarka er ferdig regulert, og prosjektering kan starte opp straks etter vedtak. Her er plass til 8 avdelingar. Arbeid med bygging vil kunne kome i gang omkring årsskiftet 2017/2018. Tomta på Brusand er under regulering, og det vert arbeidd med å auke avsett areal slik at det også her, på ein sentral plass nær framtidig togstopp og hovudveg, kan bli plass til 8 avdelingar. Det ser ut som ei slik arealbruk kan få tilslutning av overordna planmyndigheiter. Arealet som trengs til utvidinga er i hovudsak i kommunalt eige. Det vil bli sett rekkefølgekrav til barnehagen, førebels stipulert til om lag 8 mill kr. Tomta på Brusand kan venteleg være klar for å starte prosjektering i løpet av 2017.

Etter å ha vurdert fleire alternativ, m.a. etappevise utbyggingar på Brusand og i Stokkalandsmarka, er rådmannen komen til at det som kan kombinere behova best vil være å først bygge ein ny 8 avdelings barnehage i Stokkalandsmarka. Det er lagt inn forslag om 49 mill kr til dette.

Når barnehagen står klar, vil hen i dei første åra ha kapasitet nok til at barn frå Askeladden kan gå der slik at Askeladden kan leggjast ned. Det blir føreslått å leggje inn 1 mill kr i 2020 i planleggingsmidlar til ny barnehage på Brusand.

Det er regulert to tomter til nye barnehagar i Stokkalandsmarka. Arealsituasjonen er soleis god.

Kommunestyret vedtok at det skal byggjast barnehage på Brusand og å utsette bygging av ny barnehage i Stokkalandsmarka.

Ogna og Sirevåg

Det vil være overkapasitet på barnehageplassar i denne delen av kommunen. I Sirevåg er det regulert tomt til ny barnehage på Nylund.

Ivareta barn sitt behov for omsorg og leik, og fremma læring og danning som legg grunnlag for allsidig utvikling

Våren 2016 vart Kvalitetsplan for barnehagen 2016-2019 vedteken i kommunestyret, sak 035/16. Merksemda i planen er retta mot kvalitet og innhald. Dei tilsette i barnehagen er nøkkelen til å skape gode barnehagar. Kompetanse, haldningar og verdiar må vise igjen i dei vaksne sine handlingar i møte med barn.

Det er ei nasjonal satsing for å heve formell kompetanse innanfor barnehagen. I Hå har vi konsentrert arbeidet særskilt mot å rekruttere fleire barnehagelærarar og barne- og ungdomsarbeidarar. I dei kommunale barnehagane manglar vi enno om lag 20 årsverk med barnehagelærarar. Å være nyutdanna og gå inn i leiarrolla som pedagogisk leiar kan være utfordrande. Vi har formalisert ein kommunal plan som legg rammene for kva arbeidsgjevar skal gjere for at trivsel, meistring og utvikling skal kunne skje hos nye barnehagelærarar.

Barnehageåret 2016-2017 har vi fokus på å gje alle barn eit godt språkmiljø. Det handlar om at dei tilsette i barnehagen må ha nødvendig kompetanse. Inneverande barnehagar er fokuset at alle i personalet har nødvendig kompetanse for å skape gode språkmiljø, og på kvalitet på samtalar med det enkelte barn.

Trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

Barn uttrykker korleis dei har det, både kroppsleg og språkleg. Korleis barn opplever møtet med andre vil påverke korleis dei ser på seg sjølve. Vi har som eit mål å kvalitetssikre at alle barnehagar har ein sterk kultur for å førebygge og handtere mobbing. Her har dei vaksne ansvaret. Barnehagane i dei fire Jærkommunane, saman med jærskulen, er i gang med ei felles satsing på trygt og godt psykososialt barnehage- og skulemiljø.

Barn med spesielle behov skal få tilstrekkeleg hjelp

Dette barnehageåret er det 24 barn som har enkeltvedtak, ut frå ei sakkunnig vurdering frå PPT. I budsjettet for 2016 var det sett av 23,2 stilling til dette arbeidet. Vi har nå vel 4 årsverk med kvalifisert utdanning innanfor spesialpedagogikk, i tillegg til andre faggrupper og ufaglærte. Det er behov for å rekruttere fleire med spesialpedagogisk kompetanse. Det er for tida tre barnehagelærarar i kommunen som er i gang med å ta mastergrad i spesialpedagogikk. Tenesteområdet vil ha fokus på dette i kompetanseplanen og i tilsettingsprosessen.

Foreldrebetaling

Maksimalpris for full barnehageplass vart frå 1.mai 2016 sett til 2.655,- kroner per måned. Regjeringa vedtok 17. april 2015 at ingen skal betale meir enn 6 prosent av husstanden si samla personal- og kapitalinntekt i barnehagebetaling. Nye retningslinjer inneber at familiar med ei samla inntekt under 486.750 kroner per år vil ha rett til redusert foreldrebetaling. Forskrift til Lov om barnehagar fastset satsar for søskenmoderasjon på 30 prosent for barn nr. 2, 50 prosent for barn nr. tre og oppover.

Frå 1. august 2016 får alle 3, 4- og 5-åringar som bur i hushald med låg inntekt rett til 20 timars gratis opphaldstid (kjernetid) i barnehagen pr. veke. Inntektsgrensa er i år sett til 417.000 kroner. Dette vil føre til at fleire ønskjer fulltids plass. Ekstra kostnader ligg i rammetilskotet.

Barnehagedekning i Hå, basert på forslag til vedtak om nye barnehageplassar

Dersom vi legg til grunn opptakstala frå 15. august, ville dekningsgraden vore på 67 prosent for 1 og 2 åringane og 94,4 prosent for 3 til 5 åringane. Dette gir ei sterk auke i dekningsgrad for 1-2 åringar. Ei av årsakene er at barn som fyller 1 år i september/oktober også har lovfesta krav på barnehageplass i opptaket 15. august.

Nærværsprosjektet

I det siste året har barnehagesektoren fokusert på arbeidet med å få ned sjukefråværet blant dei tilsette. Bakgrunnen var at barnehagane låg høgt på fråværsstatistikken. Det siste året har nærværet i barnehagesektoren, blant anna som følgje av satsinga, auka merkbart. I haust er det i snitt 10 fleire tilsette på arbeid kvar dag. Barnehagane vil fortsette å ha eit førebyggjande fokus på dette.

Driftsbudsjett barnehage

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Ressursforbruk:					
2010 Barnehage ordinær	133 044	137 151	138 501	140 101	141 701
Utgifter	166 246	171 966	173 316	174 916	176 516
Inntekter	-33 202	-34 815	-34 815	-34 815	-34 815
2012 Barnehage, open bh	1 048	1 082	1 082	1 082	1 082
Utgifter	1 067	1 101	1 101	1 101	1 101
Inntekter	-19	-19	-19	-19	-19
2019 Kontantstøtte - utgift	4 469	4 472	4 472	4 472	4 472
2110 Styrka barnehage tilbud	14 793	15 264	15 264	15 264	15 264
Utgifter	15 109	15 574	15 574	15 574	15 574
Inntekter	-316	-310	-310	-310	-310
2111 Minoritetsbarn/tospråklig	555	547	547	547	547
Utgifter	790	784	784	784	784
Inntekter	-235	-237	-237	-237	-237
Sum utgifter	187 681	193 897	195 247	196 847	198 447
Sum inntekter	-33 772	-35 381	-35 381	-35 381	-35 381
Netto drift	153 909	158 516	159 866	161 466	163 066
Årsverk	252,62	252,62	255,62	258,62	261,62

Støtte til private barnehagar

Etter nye forskriftsendringar skal tilskotet til private barnehagar reknast ut frå kommunerekneskapan to år før. Desse tala blir indeksregulert og utgjer driftstilskotet saman med kapitaltilskot for bygningsmassen, som blir rekna ut frå byggeår. Med atterhald om godkjent statsbudsjett og eventuelle endringar frå staten, blir driftstilskotet i 2017 til dei private barnehagane 192.781 kroner pr. plass for barn under 3 år, og 92.255 kroner pr. plass for barn over 3 år. I tillegg kjem søskenmoderasjon og redusert foreldrebetaling.

I tillegg til dei tre ordinære ikkje-kommunale barnehagane, har kommunen ein privat open barnehage, Noas Ark (Nærbø). Budsjettet til Noas Ark er på 0,8 mill kroner i 2017.

Tiltak

- Arbeide vidare for rekruttere og behalde barnehagelærarar i barnehagane. Her er det for tida om lag 20 stk. som får kommunalt stipend.
- Forsette å oppmode assistentar til å ta fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Kommunen har fått eksterne ressursar til dette arbeidet.

- Er i gang med å utvikle, implementere og følge opp eit felles digitalt system for å sikre eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø i kommunane (Hå, Time, Klepp, Gjesdal).
- Intensivere og målrette arbeidet for å rekruttere spesialpedagogar. Her det for tida to som får kommunalt stipend.

Forslag til innsparingstiltak barnehage:

Generell innsparing assistentstillinger:

Innsparingane vil bli gjort gjennom tilsetningskontroll våren 2017 og ved å gå ned i bemanningsnorm i barnehagane til hausten. I 2017 må det bli spart om lag 4 mill. kroner. Omrekna til stillingar vert det ca. 8 assistentårsverk. Det vil framleis være eit målretta arbeid for å rekruttere og behalde barnehagelærarar og barne- og ungdomsarbeidarar. Bemanningsnorma i barnehagane i Hå seier at det skal være 3 vaksne pr. 9 barn i småbarnsavdelingar og 3 vaksne pr. 18 barn for barn som er 3-5 år. Nasjonal bemanningsnorm seier 3 vaksne pr. 10 barn i småbarnsavdelingar og 3 vaksne pr. 20 barn for barn som er 3-5 år. Rådmannen tilrår at den kommunale bemanningsnorma i Hå kan tilnærma seg den nasjonale norma.

Kommunestyret vedtok å auke med 3 årsverk i barnehage og la inn 1,5 mill kroner årleg.

Skule

Mål

- Elevane skal ha ein trygg og inkluderande skule med høgt fagleg nivå.
- Barn og unge med særskilte vanskar skal få tilstrekkeleg hjelp.
- Elevane skal ha godt læringsutbytte gjennom undervisning tilpassa den enkelte. Gjennom tilpassa undervisning og PPT sitt systemretta arbeid, er målet at talet på elevar som får spesialundervisning ikkje aukar utover regional trend.
- Kommunen skal trekke til seg kompetente lærarar og skuleleiarar.

Nøkkeltal og utviklingstrekk

KOSTRA-tala for 2015 viser dette innan skule

Skule	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Talet på barn 6-15 år	2 579	2 603	2 684	2 713	2 731	2 788	2 428	2 509	2 555	60 421	61 030	61 679
Totalbefolkning	18 115	18 528	18 591	18 485	18 741	18 970	17 897	18 306	18 572	459 625	466 302	470 175
Prosentvis del av befolkninga 6-15 år	14,2 %	14,0 %	14,4 %	14,7 %	14,6 %	14,7 %	13,6 %	13,7 %	13,8 %	13,1 %	13,1 %	13,1 %
Netto driftsutg. grunnskulesektor pr. innbyggjar	12 045	12 449	13 163	13 466	13 664	14 411	12 677	12 980	12 974	12 490	12 778	12 842
Netto driftsutg. til grunnskulesektor pr. innb 6-15 år	84 608	88 611	91 173	91 750	93 765	98 052	93 440	94 701	94 305	95 010	97 629	97 894
Talet på elevar i kom. gr.sk i % av kom. innb 6-15 år	90	90	91	98	97	96	97	96	96	95	95	95
Lønsutgift grunnskule, skulelokalar, skuleskyss pr elev	81 031	86 005	88 600	77 318	80 631	87 103	79 978	82 915	82 784	81 332	84 850	85 989
Talet på elevar i grunnskole som får spes.und i %	5,5	6,7	6,6	7,1	6,6	6,6	9,9	9,8	9,4	7,9	8,1	7,7
Timer spes. underv. i % av ant. læretimer totalt.	13,1	16,0	16,6	15,9	13,7	14,0	20,3	19,7	19,2	17,6	17,2	16,8
Talet på lærarar med univ-/høgskuleutd i %	84,5	86,9	86,3	86,3	84,2	80,5	89,0	90,3	87,9	88,7	88,9	88,8
Driftsutgifter til inventar og utstyr pr. elev i grunnsk.	289	320	347	413	628	740	475	516	598	847	853	955
Driftsutgifter til undervisningsmateriell, pr elev i grunnsk	1 500	1 784	1 905	1 330	1 103	1 308	939	851	810	1 281	1 280	1 315

Kommentar til tabellen:

- Netto driftsutgifter til grunnskulen pr. innbyggjar 6-15 år er lågare i Hå enn i Klepp og Time. Dette skuldast mellom anna at fleire frå Hå går i private skular. Om ein går ut frå at dei som ikkje går i den kommunale skulen hadde kosta det same som dei som går der, hadde utgiftene til Hå vore rundt 100.000 kroner, Klepp 102.000 kroner, Time 98.000 kroner og Rogaland 103.000 kroner.
- Lønsutgifter, utgifter til skulelokale og skuleskyss pr. elev er høgare i Hå enn i Time og Rogaland. Det skuldast mellom anna store skyssutgifter.
- Talet på elevar som har rett til spesialundervisning går ned frå 6,7% til 6,6% frå 2014 til 2015. Det er gledeleg at tala ser ut til å stabilisere seg, men samtidig har spes.ped behovet auka frå 5,5% til 6,6% frå 2013 til 2015. Det fører til at fleksibilitet, organisering og den tilpassa opplæringa vert utfordra, sidan større og større delar av ressursane og undervisningstimane vert bundne opp til enkeltelevar. Til samanlikning ligg Hå kommune på linje med Klepp og noko under Time og Rogaland når det gjeld talet på elevar som får spesialundervisning.
- Ser ein på driftsutgifter til inventar, utstyr og undervisningsmateriell samla, er ein på nokolunde same nivå som Klepp og Rogaland. Time ligg her under oss.
- Talet på kvalifiserte lærarar viser eit stabilt nivå frå 2104 til 2015. Me ser også ei gledeleg auke frå 2013 – 2014, frå 84,5 prosent til 86,9 prosent. Dette er høgare enn Klepp, men noko lågare enn Time og Rogaland.

Skulebygga

Gjeldande Skulebruksplan blei vedteken av kommunestyret i 2012. Rådmannen legg nå fram forslag til skulebruksplan for perioden 2017-2020. Kommunen er inne i ein periode med store investeringar i skulesektoren. Bø skule stod ferdig i haust og bygging av nye Ognas skule er i gang. For å nytte ressursane mest mogleg rasjonelt, er det gjennomført endringar i kretsgrensene på Nærbø.

Framtidsutsiktene til kommunen er litt endra sidan førre plan. Vi reknar nå med noko lågare vekst i barne- og ungdomskulane enn før og vi reknar med noko stramare økonomiske rammevilkår. Likevel er det slik at det fortsatt vil være vekst i Hå og behov for utbygging og utbetring av skulebygg.

I revisjonen av Skulebruksplanen er det fokusert mest på kva nye framskrivingar av barne- og ungdomskulla betyr for behov for skulekapasitet. Vi har spesielt sett på om ein kan nytte eksisterande bygg betre for å spare eller utsette større investeringar i nybygg. Stikkord her er sambruk og gjenbruk. Dette gjeld både på Varhaug og Vigrestad. Vigre skule skal også bli tatt i bruk som PPT-kontor.

Prognosane viser behov for fleire elevplassar på Varhaug og i Vigrestad/Stokkalandsmarka. Vi har sett på ulike alternativ og vår tilråding er å nytte ledig kapasitet på Varhaug ungdomsskule med å flytte 7-trinn på Varhaug dit. Vi føreslår vidare at det blir sett av planleggingsmidlar til nybygg på Varhaug skule i 2020. **Dette vart ikkje godkjent av kommunestyret som løyvde midlar til nytt bygg i 2019 og 2020.**

For Vigrestad/Stokkalandsmarka føreslår vi å ta i bruk ledige rom på Vigrestad skule til læringsareal for 45- 50 elevar ved å flytte folkebiblioteket til Meieriinternatet i 2017. Vi føreslår også å nytte ledig barnehageareal når Vigrestad barnehage står klar i 2018. Dette vil gi ytterlegare læringsareal for nye 45-50 elevar. Dette vil likevel ikkje gje nok kapasitet på sikt, og vi føreslår derfor å setje av planleggingsmidlar i 2020 til ny barneskule i Stokkalandsmarka.

Skulebruksplanen inneheld ei omtale av grunnlaget for utforming av skulebygg og uteområde, og eit kapittel med forslag til konkretisering av korleis vi i Hå vil planlegge desse. I planen er det lagt ved eit notat med forslag til prosjekteringskrav til skular i Hå. Planen inneheld og ei kort omtale av arbeidet med å systematisere og dokumentere vedlikehaldsarbeidet. Dette temaet kjem vi nærare tilbake til ved neste revisjon av skulebruksplanen. Det er nå registrert behov for tiltak på sprinklaranlegg og symjehallen på Nærbø. Mellom anna av den grunn føreslår vi at summen som er sett av til opprustingstiltak (B-tiltak) blir auka frå 3,5 mill kr til 4,5 mill kr pr. år.

Driftsbudsjett skule

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
1806 Tillitsvalde	519	347	347	347	347
Utgifter	876	847	847	847	847
Inntekter	-357	-500	-500	-500	-500
2020 Undervisning, ordinær	144 215	141 731	141 731	141 731	141 731
Utgifter	150 637	151 254	151 254	151 254	151 254
Inntekter	-6 422	-9 523	-9 523	-9 523	-9 523
2021 Spesialundervisning	35 570	40 466	40 466	40 466	40 466
Utgifter	46 574	51 096	51 096	51 096	51 096
Inntekter	-11 004	-10 630	-10 630	-10 630	-10 630
2024 Undervisning minoritetsspråklege	4 476	4 501	4 501	4 501	4 501
Utgifter	4 490	4 514	4 514	4 514	4 514
Inntekter	-14	-13	-13	-13	-13
2025 Undervisning asylsøkarar	-	204	204	204	204
Utgifter	892	324	324	324	324
Inntekter	-892	-120	-120	-120	-120
2026 Administrasjon skulane	15 224	16 775	16 775	16 775	16 775
Utgifter	15 291	16 840	16 840	16 840	16 840
Inntekter	-67	-65	-65	-65	-65
2027 Kantine skulane	-	-	-	-	-
Utgifter	3 323	3 428	3 428	3 428	3 428
Inntekter	-3 323	-3 428	-3 428	-3 428	-3 428
2130 Vaksenopplæring	200	100	100	100	100
2131 Opplæring einslige mindreårige flykningar	-	-	-	-	-
Utgifter	2 250	1 655	1 655	1 655	1 655
Inntekter	-2 250	-1 655	-1 655	-1 655	-1 655
2133 Opplæring innvandrarar	-	-	-	-	-
Utgifter	13 386	11 425	11 425	11 425	11 425
Inntekter	-13 386	-11 425	-11 425	-11 425	-11 425
2136 Opplæring psykisk utvh.	1 051	1 067	1 067	1 067	1 067
Utgifter	1 058	1 074	1 074	1 074	1 074
Inntekter	-7	-7	-7	-7	-7
2150 Skulefritidstilbod	-	79	79	79	79
Utgifter	6 989	8 453	8 453	8 453	8 453
Inntekter	-6 989	-8 374	-8 374	-8 374	-8 374
2151 SFO -ekstra tilrettelegging	3 519	3 631	3 631	3 631	3 631
Utgifter	3 551	3 711	3 711	3 711	3 711
Inntekter	-32	-80	-80	-80	-80
2230 Skuleskyss	3 667	3 950	3 950	3 950	3 950
Utgifter	3 979	4 262	4 262	4 262	4 262
Inntekter	-312	-312	-312	-312	-312
2857 Tilskott til private skular	200	150	150	150	150
Sum utgifter	253 696	259 133	259 133	259 133	259 133
Sum inntekter	-45 055	-46 132	-46 132	-46 132	-46 132
Netto drift	208 641	213 001	213 001	213 001	213 001
Årsverk	328,25	328,25	328,75	328,75	328,75

Elevtalet i kommunen

Elevtalet i Hå kommune er aukande. Etter framskrivinga frå Kompas 2016 vil Hå kommune ha ca. 2655 elevar i kommunal grunnskule i 2019, ein elevtalsauke på om lag 180 elevar frå 1.1.2015. Pr. 01.08.2016 var det 2531 elevar i kommunal grunnskule.

Frå 1/8 2016 har det kome ei ekstrabevilling frå Utdanningsdirektoratet (UDIR) på omkring 4 årsverk til å styrke begynnarpplæringa på 1-4 trinn. Tek ein med desse stillingane, budsjetterer vi med ein nedgang på om lag 8 lærarårsverk frå 2016 til 2017.

Hå kommune har fleire elevar som går på private skular i forhold til nabokommunane. I samanheng med at Tryggheim skule har vore full, har elevtalet dei siste åra stabilisert seg på om lag 229. Tryggheim bygde i 2016 ut skulen og har nå plass til 270 elevar. Det er viktig at ungdomsskulane i kommunen er aktive og gir eit godt tilbod slik at elevane vel dei offentlege skulane i kommunen. I prognosane framover legg vi til grunn at 229 elevar frå Hå kommune vil velje private skular.

PPT har dei siste åra hatt eit sterkt aukande arbeidspress både innanfor skule og barnehage. PPT Hå har vore kjende for å arbeide systemretta for å laga gode strukturar og prioritere førebyggjande arbeid. Dei har i dag om lag 10 årsverk. Dette er same bemanning som i 2005. Ein ser likevel at talet på saker aukar både innanfor skule og barnehage. Dette kjem av fleire faktorar. Folketalet veks og spesielt tospråklege elevar til PPT aukar. PPT er her opptekne av å bidra med systemretta arbeid for å for å få gode rutinar og tidleg hjelp, både i barnehage og skule. PPT treng, ut frå dette, å auke bemanninga, men rådmannen finn ikkje å kunna prioritere dette i årets budsjett.

Kommunen har dei siste åra prøvd ut ulike ordningar for grunnleggjande norskundervisning for elevar som kjem til landet utan å kunna norsk. For å gje eit kvalitativt og intensivt godt tilbod i grunnleggjande norsk (GNO), er det etablert ei eiga avdeling (GNO) som pr. i dag ligg administrativt under Hå opplæringscenter. Her tek ein imot opp mot 30 – 35 elevar til ei intensiv norskopplæring fram til dei kan språket godt nok til å delta i undervisninga på heimeskulen. Dette tek normalt eitt til to år. Etter ein grundig evalueringsrunde våren 2016 ser skulane og GNO-avdelinga at dei kan ha moglegheit til å gje eit endå betre og meir fleksibelt tilbod til elevane. GNO-avdelinga vil då i enda større grad tilpasse for den enkelte elev og få ei betre samhandling med heimeskulen. Dette vil krevja ei ekstra stilling. Rådmannen ynskjer å kunna gi dette, men finn ikkje rom for denne utvidinga i årets budsjett.

Etter kommunestyrevedtak 42/15 blei det vedteke at Vigre skule skal leggest ned frå og med 1. august 2016. Elevane på Vigre er nå fordelte på Høyland og Motland skular. Høyland skule er den skulen som har teke imot dei aller fleste elevane frå Vigre. Skulen er nå oppe i 135 elevar og det er tett opp mot 140 elevar som er sett som maksimalt elevtal.

I 2014 vart det vedteke at det skal byggast ny skule for 300 elevar på Oгна. Skulen er budsjettert til å få ein kostnad på 190,5 mill. kroner inklusive flytteutgifter. Målet er at skulen skal være ferdig ved årsskiftet 2017/2018. I tilknytning til skulen skal det også være lokale for helsestasjon, skule- og folkebibliotek, samt fleirbrukshall. Elevane på skulen er i byggeperioden delte i modulbygg på Oгна og ved Vigrestad storskule.

Rådmannen finn ikkje at det er rom for å prioritere kommunestyret sitt vedtak om å auke med 3,5 lærarstillingar kvart år i økonomiplan 2016-19. Elevtalet i kommunen syner ikkje ei så

bratt stigning som tidlegare. Samstundes vil dette føre til fleire elever pr. lærar (sjå tabell under

	2015	2016	2017	2018	2019
Elevar i kom. grunnskule	2374	2455	2508	2578	2655
Lærarårsverk ink. Adm	233,8	243,3	239,3	239,8	239,8
Elevar pr. lærarårsverk	10,15	10,09	10,48	10,75	11,07

*Elevtal 17-19 er prognosar pr. 1.sep 2016

Dei siste åra har det vore ei sterk statleg satsing på etter- og vidareutdanning (kompetanse for kvalitet), for lærarar. Dette skuleåret deltek 18 lærarar på denne ordninga, som på sikt vil gi oss betre kvalifiserte lærarar. I takt med at lærarar får stadig betre og lengre utdanning, vil kommunen også få større lønsutgifter. I samband med årets budsjett ynskjer vi å redusera talet på deltakarar i kompetanse for kvalitet ned til 8-9 studentar kvart år. Kommunen vil med dette spara om lag 500.000 kvart år. Vi vurderer likevel at kommunen vil kunne dekke kravet som blir innført om kompetanse i kjernefaga.

Tenesteområdet har sett i gang eit prosjekt der vi ser på korleis vi kan bruke IKT på ein best mogleg måte i undervisninga. Det er etter kvart god dekning av pc-ar i skulane, der ungdomsskulane skal ha ein pc til kvar elev og barneskulane skal ha ein pc til kvar tredje elev. Like fullt er det viktig at vi bruker utstyret på ein måte som gir best mogleg læringsutbytte for elevane. I løpet av året skal prosjektgruppa sjå på arbeidsmåtar, leiarrolla i ei slik utvikling, og korleis vi skal gje lærarane naudsynt kompetanse. Alt for å auke læringsutbyttet. Vidare skal gruppa gje innstilling til kva for læringsplattform og kontorpakkeløysing/skyløysing vi skal ha framover. Heilt til slutt skal gruppa gje innspel og råd om kva for ein plattform vi skal velje. Alternativa her er i dag pc, I-pad eller Chromebook. Hå har i dag det dyraste utstyret av desse alternativa. Det vil difor ikkje medføre meir kostnader enn det som allereie ligg i økonomiplanen, skulle gruppa kome med ei anbefaling om å gå over på ein av dei andre plattformane.

Jærskulen er eit samarbeidsprosjekt mellom Gjesdal, Klepp, Time og Hå. Prosjektet går fram til 2018. Hå kommune si deltaking i prosjektet vart vedteke i k-sak 023/12. Samarbeidet skal styrke kommunen sitt arbeid med å nå dei skulepolitiske måla. Rektorane er sentrale i utviklingsnettverk. Dei skal være tydelege pedagogiske leiarar, og skape forankring og utviklingsprosessar på sin skule. Arbeidet med Jærskulen fører med seg samordning av fleire prosessar, strukturar og oppgåver knytt til arbeidet med skuleutvikling:

Rapport om tilstanden i opplæringa, «tilstandsrapport for grunnskulen i Hå», har blitt utarbeidd kvart år og har omhandla mellom anna læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Frå og med 2015 er det laga ein felles tilstandsrapport for «Jærskulen», kalla «Kvalitet og utvikling i Jærskulen» I denne rapporten vert Hå kommune sett opp mot fylke-, land- og Jærskulesnitt og gir verdifull informasjon og innsyn på dei same områda som tidlegare rapport.

Hå kommune har, på vegne av Jærskulen, fått løyvd støtte frå EU-kommisjonen til eit 3-årig europeisk skuleutviklingsprosjekt (2016-2019) med tittelen "Critical Literacy and Awareness in Education" («Kritisk tekstforståing og bevissthet i utdanninga»). Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom UiS, opplæringsavdelinga i den franske kommunen Dunkirk

(Dunkerque) og ein skule frå kvar av dei 4 kommunane. Frå Hå kommune deltek Varhaug skule.

Tiltak

- For å sikre og halde eit høgt fokus på godt skulemiljø arbeider vi for å:
 - Lage eit felles planverk for å førebygge, avdekke og handtere mobbing, saman med Jærskulen. Materialet skal være klart i januar 2017.
 - Kommunen deltek på staten si satsing på «Partnarskap mot mobbing».
- Halde oppe innsatsen med å rekruttere kvalifiserte lærarar i 2017.
- Aktiv bruk av «Kvalitet og utvikling i Jærskulen» som reiskap for å betre resultat og læringsmiljø.
- Eit auka trykk på IKT i undervisninga gjennom prosjektet «Pedagogisk bruk av IKT i undervisninga.»
- For å auke kvaliteten i undervisninga, skal «Kvalitetsplan for skule» bli lagt fram i 2017.

Forslag til innsparingstiltak skule:

Ta bort mentortillegg lærarar:

Kommunen innførte mentortillegg for mange år sidan. I dag har skulane, etter størrelse, frå 2 til 6 mentorstillingar. Desse vert i dag nytta til at enkeltlærarar har eit ekstra ansvar innanfor enkeltfag. Dei kan ha oppgåver som ressursperson, rettleiar, el. i faget. Ved å ta bort desse stillingane vil i kunne spare om lag 600 000 kr kvart år.

Redusere talet på deltakar i kompetanse for kvalitet:

«Kompetanse for kvalitet» er ei nasjonal satsing, det staten dekker store deler av utgiftene til kompetanseutvikling for lærarane. Kommunen må likevel dekke reise, kost og losji, samt noko av løna til lærarane i den tida dei er på utdanning. Totalt reknar vi med at kvar student kostar kommunen mellom 50 og 60 tusen kr. Hå kommune har tradisjonelt hatt mange lærarar på dette tiltaket. Ved å halvera talet på studentar frå 18 stk. inneverande år, til om lag 8-9 stk. for neste skuleår, vil ein kunna spara om lag 500 000 kr pr. år, med halvårseffekt på 210 000 kr i 2017.

Ta bort støtte til Tryggheim private skular:

Kommunen har dei siste åra gitt eit ekstra tilskot til Tryggheim på 200 000 kr i året. Dette er støtte som rådmannen ikkje ser at det er rom for i budsjett for 2017.

Kommunestyret vedtok å løyve kr. 150.000 kroner årleg til Tryggheim.

Husleige PPT:

PPT leier i dag lokale i andre etasje i Jæren Sparebank sitt lokale. Fram mot skulestart 2017/2018 vil ein byggja om Vigre skule slik at det kan være basen til PPT. Vi vil her spara leieutgifter på om lag 140 000 kvart år, med halvårseffekt på 70 000 i 2017.

Avslutte leie Røde-korsbygget:

GNO avdelinga held nå til i Røde korsbygget på Nærbø. Ved å plassera denne avdelinga i tilknytning til ein skule, eks Nærbø ungdomsskule, vil ein kunna spara leieutgifter på om lag 150 000 kroner, med halvårseffekt på 75 000 kroner i 2017.

Leie færre idrettshaller dagtid:

Kommunen leier pr. i dag idrettshallane i kommunen for om lag 3,3 mill. Dette for at elevar og barn kan nytta desse på dagtid, i samheng med aktivitetar i skule og barnehage. Me vil her gå ned på leie med 700 000 kroner, med halvårseffekt på 350 000 kroner i 2017. Dette vil føra til reduserte inntekter til idrettslaga.

Kommunestyret vedtok å halvere reduksjonen.

Nedlegging av «Plogen»

Tilbodet «Plogen» på Bryne vidaregåande skule er eit tilbod til elevar med særskilte utfordringar i dei fire skulane i jærskulesamarbeidet. Tilbodet vert lagt ned frå august 2017 på grunn av utfordringar med bygg på Bryne. Dei fire kommunane bidrar med ein fjerdedel kvar, har rett på ein plass og moglegheit til to plassar. Det er PPT-leiarane i dei fire kommunane som sit i inntaksgruppa og tildeler plass. Hå kommune har dette skuleåret ein elev på 10. trinn som får dette tilbodet. Hå kommune vil spare 800 000 i året på denne nedlegginga. Halvårseffekt i 2017 vert på om lag 350 000.

Generell innsparing lærarstillingar:

Kommunen må i tillegg til andre, konkrete innsparingstiltak, spare inn på lærarårsverk. I 2017 må tenesteområdet spare om lag 5 mill. kr. Rekna om til lærarstillingar vert det om lag 8 årsverk. Tenesteområdet vil, saman med rektorane, finne fram til ei ordning som gjer at desse innsparingane vert gjort på ein så skånsam måte som mogleg for elevane og dei tilsette. Innsparingane vil bli gjort gjennom tilsettingskontroll våren 2017 og minka rammetimetal i skulane på hausten.

Kommunestyret vedtok å auke med 4 lærarstillingar: (2,6 mill kroner årleg) og å auke med 1 stilling PPT: (0,65 mill kroner årleg)

Kultur

Kultur og fritidsaktivitetar har ei sentral rolle i å skape gode oppvekstvilkår og for personleg vekst og læring. Gode fritidsaktivitetar har også ei sentral rolle i rus- og kriminalitetsførebygging blant barn og unge. Samarbeid og samordning av tilbod i lag og organisasjonar, kommunale, fritidstilbod, kulturskule og grunnskule er viktig.

Det er vedtatt planar for vedlikehald av Hå gamle prestegard og Obrestad fyr. I første omgang er det lagt inn midlar til dei mest nødvendige oppgåvene. Obrestad fyr er freda. Då Hå kommune fekk kjøpe fyret, tok ein samstundes på seg ei forplikting til å halde bygningsmassen ved like. Hå gamle prestegard er i kommunalt vern og er ein særeigen regional institusjon med årleg statleg og fylkeskommunal driftsstøtte.

Innan idretten er ein nå inne i ein fase der rehabilitering og standardauke av eksisterande anlegg vil vere meir sentralt enn satsing på nye anlegg.

Mål

- Ta vare på, dokumentere og formidle kulturarven, sentrale fysiske kulturminne og verdfulle kulturhistoriske landskapsområde.
- Barn og unge skal ha gode oppvekstvilkår i trygge og stimulerande nærmiljø.
- Eldre skal ha ein trygg og meningsfull livssituasjon der gode møteplassar, kultur- og fritidsaktivitetar er ein del av kvardagen.
- Alle, uavhengig av funksjonsnivå eller sosial og økonomisk stilling i samfunnet, skal ha høve til å ta del i organisasjonsliv, ulike aktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk i eige nærmiljø.

Fritidsavdelinga

Fritidsavdelinga skal stimulere barn, ungdom, eldre og funksjonshemma til allsidige kulturelle aktivitetar. Særleg skal ein oppsøke ungdom i miljø der dei er og forsøke å rekruttere dei inn i positive aktivitetar.

Dei kommunale klubbane skal tene mange funksjonar: Klubbane er styrte av ungdommen sjølv og har medverking og demokrati som vesentlige føresetnader. I klubben finst ikkje eit A- eller B-lag og ungdommen er i ei trygg ramme med støtte frå vaksne. Klubben som rusfri arena har også ein viktig funksjon. Klubben er også ein viktig nøkkel til integrering av ungdom med ulik etnisk og kulturell bakgrunn.

Klubben er også ein vesentleg arena for å motverke utanforskap. Det er fleire faktorar som bidreg til eller forsterkar utanforskap: Å vere einsam. Å vere fattig. Nedsett funksjonsevne. Mobbing. Langvarig sjukdom. Psykiske helseproblem eller rusproblem. Denne lista er likevel ikkje utfyllande. Vanskar og utanforskap kan ramme alle, uavhengig av sosial bakgrunn.

Driftsbudsjett fritidsavdelinga

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Ressursforbruk:					
2310 Fritidsklubb	1 830	1 701	1 701	1 701	1 701
Utgifter	1 872	1 743	1 743	1 743	1 743
Inntekter	-42	-42	-42	-42	-42
2312 Ungdomsråd	146	153	153	153	153
Utgifter	162	169	169	169	169
Inntekter	-16	-16	-16	-16	-16
2315 Skulemusikkorps	986	1 041	1 041	1 041	1 041
2319 Andre aktivitetstilbod barn/unge	1 799	1 920	1 920	1 920	1 920
Utgifter	1 967	1 996	1 996	1 996	1 996
Inntekter	-168	-76	-76	-76	-76
2343 Aktivitetstilbod funksjonshemma	965	920	920	920	920
Utgifter	1 134	1 066	1 066	1 066	1 066
Inntekter	-169	-146	-146	-146	-146
2346 Velferdstiltak eldre	434	340	340	340	340
Utgifter	472	520	520	520	520
Inntekter	-38	-180	-180	-180	-180
2348 Frivillig sentral	533	573	573	573	573
Utgifter	847	883	883	883	883
Inntekter	-314	-310	-310	-310	-310
3835 Kulturskule	5 566	5 641	5 641	5 641	5 641
Utgifter	6 555	6 927	6 927	6 927	6 927
Inntekter	-989	-1 286	-1 286	-1 286	-1 286
Sum utgifter	13 995	14 345	14 625	14 625	14 625
Sum inntekter	-1 736	-2 056	-2 056	-2 056	-2 056
Netto drift	12 259	12 289	12 289	12 289	12 289
Årsverk	17,54	17,24	17,24	17,24	17,24

Gjennom samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren skal det utviklast gode kultur- og fritidstiltak for å betre opplevd livskvalitet og helse hos eldre. Hå kommune har fått årleg statsstøtte til Den kulturelle spaserstokken. I starten var statsstøtta til Spaserstokken 170.000 kroner årleg. Frå og med 2016 er ho halvert. Vi held oppe eit akseptabelt tilbod gjennom bruk av egne krefter.

Gjennom aktivitetar i Hå kulturskule opplever barn musikk- og skaparglede og lærer samhandling på ulike nivå. Vi har eit teatertilbod på Nærbø ungdomsskule si avdeling Møllerhaugen og samarbeid med Hå mottak. Kulturskulen har hatt stor utvikling dei siste åra ved å satse på større produksjonar som musikal og opera. Dette er kostbare produksjonar og svært krevjande å få til. Det er 475 elevplassar i aktivitet i kulturskulen i 2016, medan 161 står på venteliste.

I Hå kommune er det mange frivillige lag og organisasjonar som gir eit godt velferds- og fritidstilbod for både ungdom og eldre. Laga organiserer nærare 850 eldre i aldersgruppa 60+

og 2500 barn og ungdommar under 20 år. Den frivillige innsatsen som blir lagt ned i kommunen har stor økonomisk verdi og bidrar til gode nærmiljø. Derfor er det viktig at tilskot til organisasjonar og privateigde kulturanlegg er på eit nivå som samsvarer med utgiftene dei har.

Gjennom Innbyggjarrådet kjem det gode innspel til kommunen sin eldrepolitikk, i tillegg til at menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom også får uttale seg her.

Tiltak

- Koordinering av ungdomsarbeid gjennom rus- og kriminalitetsførebygging.
- Vidareføre Opplevelseskortet, eit samarbeid med Nav, retta mot barn i familiar med dårleg råd. Kortet gir gratis inngang til eit visst tal kulturarrangement eller besøk i kulturanlegg.
- Vidareføre arbeidet med klubb for ungdom i Lensmannsløa og Loen. I tillegg oppsøkjande, desentralisert ungdomsklubb på hjul: Campingvogn ulike stader i kommunen i sommarhalvåret.
- 10 større helgearrangement, til dømes swingmeisterskap og Ungdommens kulturmønstring. Satse på europeiske samarbeidsprosjekt gjennom Ungdområdet.
- Satsing på fritidsaktivitetar for barn og unge som treng særleg støtte, A-laget 5. -8. trinn, Vennegruppe 9. trinn – 18 år. Ferieklubb for 1. – 7. trinn i samarbeid med Jærmuseet.
- Halde fram arbeidet med større fellesproduksjonar som opera og musikal i kulturskulen. I 2017 kjem musikalen «Into the Woods».
- Ei årleg veke for gjensidig respekt i samband med FN sin minnedag for Holocaustofra. Tittel i 2017 er Polyfoni – Fleirklang. Tema: Det fleirkulturelle samfunnet.
- Legge til rette for frivillige og kommunale møteplassar for eldre. Kulturtiltak for dei som ikkje bur heime.
- Oppgradere og utvikle Kulturtorget på Nærbø til ein god arbeidsplass og til møteplass for publikum.

Biblioteka

Biblioteka står framføre store endringar. Litteratur og informasjon er på veg til å bli digitalisert. Dette får store konsekvensar for biblioteka i framtida, også for korleis det fysiske rommet blir sjåande ut. Den nye biblioteklova seier i tillegg at biblioteket også skal drive aktiv formidling og vere ein stad for samtale og debatt.

Hovudbiblioteket på Nærbø fekk ei oppgradering i 2016 som har gjort bygget betre eigna som arbeidsplass og ikkje minst meir innbydande for brukarane. Frå Nasjonalbiblioteket fekk vi også støtte på kr 80.000 og kunne innreie Litlaståvå som er tenkt til ulike samlingar, som føredrag og informasjon.

Biblioteket er kommunen si frontteneste når det gjeld informasjonen flyktingar og asylmottakarar søker etter, om landet dei har kome til. Det er stor pågang frå desse brukargruppene. Dette legg press på dei økonomiske ressursane biblioteket har.

Driftsbudsjett biblioteka

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Ressursforbruk:					
2028 Skulebibliotek	3 865	3 833	3 833	3 833	3 833
Utgifter	3 874	3 842	3 842	3 842	3 842
Inntekter	-9	-9	-9	-9	-9
3700 Biblioteka	5 321	5 095	5 095	5 095	5 095
Utgifter	5 519	5 363	5 363	5 363	5 363
Inntekter	-198	-168	-168	-168	-168
3705 Bibliotek Åna kretsfengsel	-11	-154	-154	-154	-154
Utgifter	789	656	656	656	656
Inntekter	-800	-810	-810	-810	-810
Sum utgifter	10 182	9 761	9 761	9 761	9 761
Sum inntekter	-1 007	-987	-987	-987	-987
Netto drift	9 175	8 774	8 774	8 774	8 774
Årsverk	13,38	13,08	13,08	13,08	13,08

Tiltak

- Ferdigstille rehabilitering av hovudbiblioteket på Nærbø. Det står igjen innkjøp av ein del hyller og persienner til alle vindauga.
- Lesestimuleringstiltak, mellom anna «På terskelen til Morgonhuset», «Lesespirå» og eit godt skulebibliotektilbod.
- Prosjektet «God helse – Godt liv»: Arrangement for vaksne knytt til eit bredt spekter av tema rundt psykisk og fysisk helse, med utgangspunkt i ny fag- og skjønnlitteratur.
- Prosjektet «Nysgjerrig på biblioteket»: Forfattarmøter og aktivitetar for barn og unge med utgangspunkt i nye faktabøker.
- Utvikle Litlaståva: Førdrag, debatt og informasjon, i tråd med ny lov om folkebibliotek.

Kommunale kulturbygg

Aktiviteten ved Hå gamle prestegard og Obrestad fyr er ein positiv ressurs for Hå kommune sine innbyggjarar og god omdømmebygging. Arbeida ved anlegga inneber aktiv formidling av kunst, lokalhistorie og kystkultur, samt ivaretaking av freda og verna anlegg i kommunen.

Driftsbudsjett museum/bygg

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Ressursforbruk:					
3352 Nærbøparken	200	200	43	43	43
3750 Jærmuseet	285	290	290	290	290
3752 Hå bygdemuseum	715	730	730	730	730
3771 Hå gamle prestegard	1 774	1 646	1 646	1 646	1 646
Utgifter	7 073	6 797	6 797	6 797	6 797
Inntekter	-5 299	-5 151	-5 151	-5 151	-5 151
3850 Kulturvern	2 116	2 018	2 018	2 018	2 018
Utgifter	2 252	2 093	2 093	2 093	2 093
Inntekter	-136	-75	-75	-75	-75
3855 Samfunnshus/kulturanlegg	1 478	1 678	1 678	1 678	1 678
3859 Anna kulturaktivitet	934	962	962	962	962
Utgifter	947	975	975	975	975
Inntekter	-13	-13	-13	-13	-13
Sum utgifter	12 950	12 763	12 606	12 606	12 606
Sum inntekter	-5 448	-5 239	-5 239	-5 239	-5 239
Netto drift	7 502	7 524	7 367	7 367	7 367
Årsverk	12,44	12,44	12,44	12,44	12,44

Kommunalt tilskot til kulturbygg

Tilskot til kulturbygg	2016	2017
Drift av anlegg	428 000	528 000
Investering	700 000	700 000
Utstyr	100 000	100 000
Vedlikehald	250 000	350 000
Sum	1 478 000	1 678 000

Friluftsliv og idrett

Driftskostnader

Kultur - friluft/idrett	2016	2017	2018	2019	2020
Ressursforbruk:					
3600 Friluftsliv	412	412	412	412	412
Utgifter	430	430	430	430	430
Inntekter	-18	-18	-18	-18	-18
3800 Idrett	10 305	9 959	9 959	9 959	9 959
Utgifter	10 312	9 966	9 966	9 966	9 966
Inntekter	-7	-7	-7	-7	-7
Sum utgifter	10 742	10 396	10 396	10 396	10 396
Sum inntekter	-25	-25	-25	-25	-25
Netto drift	10 717	10 371	10 371	10 371	10 371
Årsverk	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00

Kommunalt tilskot til idrettslag/anlegg

Tilskot idrettslag/anlegg	2016	2017
Drift av lag	1 090 000	1 550 000
Drift av anlegg	720 000	820 000
Drift 7* hallar	1 750 000	1 750 000
Investering	4 450 000	3 300 000
Utstyr	100 000	100 000
Dagleg leiar	700 500	700 500
Vedlikehald	180 000	180 000
Kjøp fellesutstyr	60 000	60 000
Større kulturarr.	80 000	80 000
Rentestøtte	500 000	300 000
	9 630 500	8 840 500

Forslag til innsparingstiltak kultur:

Redusere investeringstilskot idrett:

Investeringstilskot kr 700.000 går ut for 2017. Tabellen over tilskott er justert i tråd med dette.

Utbetalingstida/ventetida for dei som venter på kommunalt investeringstilskot kan bli litt lenger. Heile beløpet er i planane avsett til Ognå golf sin 18-hullsbane. Kommunen har fått signal frå klubben om at arbeidet på dette anlegget ikkje vil bli starte opp neste år, som tidlegare planlagt.

Redusert stilling bibliotek:

Midlertidig innsparing kr 200.000 ved naturleg avgang. Dette kan føre til at opningstider må bli redusert.

Redusert stilling kulturskule:

Midlertidig innsparing kr 200.000 ved naturleg avgang. Dette kan føre til at venteliste vert lengre.

I tillegg vedtok kommunestyret vedtok å redusere budsjettet innanfor kulturområdet med 0,65 mill kroner årleg.

Eigedomsavdelinga i opplæring og kultur

Det blei i 2015 oppretta ei sentral eigedomsavdeling i Hå kommune. Denne avdelinga har i tillegg til byggeleiing også ansvar for vedlikehald og reingjering av alle kommunale bygg. Eigedomsavdelinga sitt budsjett er lagt inn under tenesteområda.

Mål

Drive vedlikehald og lage ein plan for dei bygga som krev meir enn det som vert dekkja av vedlikehaldsbudsjettet.

Driftsbudsjett eigedomsavdelinga i opplæring og kultur

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
1210 Forvaltningsutgifter eiendom	592	556	556	556	556
2210 Lokalar til barnehagedrift	7 764	7 771	7 771	7 771	7 771
Utgifter	8 354	8 361	8 361	8 361	8 361
Inntekter	-590	-590	-590	-590	-590
2213 Vaktmeister og reinhaldsteneste, barnehagar	6 361	6 348	6 348	6 348	6 348
Utgifter	6 511	6 498	6 498	6 498	6 498
Inntekter	-150	-150	-150	-150	-150
2218 Uteanlegg, barnehagar	520	520	520	520	520
Utgifter	650	650	650	650	650
Inntekter	-130	-130	-130	-130	-130
2220 Lokalar til skuledrift	20 684	19 043	19 043	19 043	19 043
Utgifter	22 704	21 063	21 063	21 063	21 063
Inntekter	-2 020	-2 020	-2 020	-2 020	-2 020
2223 Vaktmeister og reinhaldsteneste, skular	15 853	15 840	15 840	15 840	15 840
Utgifter	16 213	16 200	16 200	16 200	16 200
Inntekter	-360	-360	-360	-360	-360
2228 Uteanlegg, skular	560	560	560	560	560
Utgifter	700	700	700	700	700
Inntekter	-140	-140	-140	-140	-140
3860-61 Vaktm/reinhald, kulturbygg	3 157	3 485	3 485	3 485	3 485
Utgifter	3 736	3 665	3 665	3 665	3 665
Inntekter	-579	-180	-180	-180	-180
Sum utgifter	59 460	57 693	57 693	57 693	57 396
Sum inntekter	-3 969	-3 570	-3 570	-3 570	-3 570
Netto drift	55 491	54 123	54 123	54 123	54 123
Årsverk	40,94	42,09	42,09	42,09	42,09

Tiltak:

- I samband med betrakteleg auka areal i bygningsmassen er det behov for ei stillingsauke på 1,2 årsverk i eigedomsavdelinga.

Investeringar

Tenesteområdet for opplæring og kultur har ansvar for 30 % av dei totale investeringane i denne økonomiplanen.

Tabellen er endra slik kommunestyret vedtok i sak 118/16 (sjå tabell side 7).

Investeringar i planperioden

1000 kroner	Løyving				
	t.o.m. 2016	2017	2018	2019	2020
Vigrestad barnehage	1 250				
Stokkalandsmarka ny barnehage					1 000
Brusand barnehage					
Vedlikehaldsplan barnehagar m/uteområde		2 600	600	600	600
Bratlandsmarka barnehage					1 000
Bø skule	371 000				
Ogna skule	86 000	86 000	18 500		
Varhaug skule/ungdomsskule		4 000			
Stokkalandsmarka ny skule					2 000
Vigrestad skule, biblioteklokala		3 000			
Vigrestad skule, barnehagelokala			3 000		
Vedlikehaldsplan skular med uteområde		5 900	5 900	5 900	5 900
Hå folkebibliotek		460			
Hå gamle prestegard + kulturvern		2 300	300	200	200
Vigrestad bibliotek i meieri-internat		3 000			
Vaktmeister-bilar		450			
SUM		157 460	75 800	14 200	11 700

1. Vigrestad barnehage:

I økonomiplanen for 2016 blei det vedteke å bygge ny barnehage på Vigrestad med ei kostnadsramme på 45 mill kr. Prosjektering av barnehagen er i gang. Arkitektkontoret Vest har lagt frem eit skisseprosjekt med kalkyle som det nå blir arbeidd vidare med. Arkitektane har òg kalkulert rekkefølgekrev, gang og sykkelsti, snuplass for buss osv. til ein kostnad av 8,7 mill kr. I tillegg vil det påløpe 1,2 mill kr som følgje av at det ikkje er framlagt vann og avløp til tomta. Arealet til barnehagen aukar også i høve til opphavleg kalkyle. Dette utgjør 4,1 mill kr. Totalkalkyle blir dermed 59 mill kr. Kalkyla tar ikkje omsyn til dagens marknad og ho baserer seg og på normale tomtforhold. Revidert kalkyle vil bli utarbeida etter at anbod er innlevert. Barnehagen er planlagt ferdigstilt årsskiftet 2017-2018.

Rådmannen foreslår å sette av totalt 57.750 mill kr i investeringsbudsjettet. Det er brukt 1.250 mill kr av dei 20 mill kr som blei løyvd i 2015 . Resten av denne løyvinga er brukt til andre formål og det må derfor løyvast på nytt til Vigrestad barnehage. **Kommunestyret vedtok i sak 118/16 å redusere løyvingane til totalt 50 mill kroner.**

2. Ny barnehage i Stokkalandsmarka

Kommuneplanen viser til at det i samband med aukande barnetal vil være behov for 2 nye barnehagar i Stokkalandsmarka fram mot 2028. Det står vidare at det er lagt inn areal til ein barnehage i tilknytning til ny jernbanestopp på Brusand. Barnehagebruksplanen viser at sjølv om det er like før ein kjem i gang med å bygge ny 8 avdelings barnehage på Vigrestad, viser

prognosane at det framover vil bli vesentlig underkapasitet på barnehageplassar i Vigrestad/Stokkalandsmarka.

Tomta i Stokkalandsmarka er ferdig regulert, og prosjektering kan starte med ein gang etter vedtak. Det er plass til 8 avdelingar og arbeid med bygging vil kunne kome i gang omkring årsskiftet 2017/2018. Rådmannen foreslår å sette av 49 mill kr til ny barnehage i Stokkalandsmarka i økonomiplan 2017-2020. **Dette blei ikkje godkjent av kommunestyret og er tatt ut av investeringsbudsjettet. Det er sett av 1 mill kroner til prosjektering i 2020.**

3. Brusand barnehage:

I økonomiplan for 2016-2019 har kommunestyret sett av 20 mill kr til ein mindre barnehage på Brusand i 2017-2018. Regulering av tomt er i gang. Det vil bli sett rekkefølgjekrav til barnehagen, førebels stipulert til 8 mill kr. Rækkefølgjekrava omhandlar m.a. vei og oppfylling av tomt. Rådmannen foreslår å sette av 1 mill kr i 2020 til prosjektering av barnehagen på Brusand. **Dette blei ikkje godkjent av kommunestyret. Det er lagt inn 22 mill kroner i kvart av åra 2018 og 2019 (totalt 44 mill kroner) til ny barnehage på Brusand.**

4. Vedlikehaldsplan for barnehagane:

Det er gjort ei vurdering av den tekniske tilstanden i barnehagane. Det er laga kostnadsoverslag som viser at for om lag 3 mill kr i 2016 og 2 mill kr i 2017 vil vi få gjort dei mest nødvendige tiltaka og sikre teknisk grunnlag for drift i ein del år framover. Dette blei lagt inn i budsjettet for 2016 og 2017. I samband med revisjon av vedlikehald av kommunale bygg blei det pekt på at kommunen har eit etterslep på vedlikehaldsutgifter som er aukande. Kommunen bruker i dag IK bygg som internkontrollsystem for eigedommar. Rådmannen foreslår at 2 mill kr i 2017 blir løyvd som foreslått i gjeldande økonomiplan. I tillegg er det sett av ein årleg sum på kr. 600.000 til investering i uteområda i barnehagane. Rådmannen foreslår å vidareføre tiltaket ut økonomiplanperioden.

5. Bratlandsmarka barnehage:

I kommunestyresak 074/13 blei det vedteke å bygge barnehage i Bratlandsmarka. I gjeldande økonomiplan (2016-2019) er det sett av i alt 29 mill kr i 2017/2018 til dette. Som i gjeldande barnehagebruksplan viser prognosane også no at det ikkje er behov for meir barnehagekapasitet på Varhaug i planperioden. Ei forskyving av utbyggingsmønsteret har ført til auka etterspørsel etter barnehageplassar i Vigrestad-Stokkalandsmarka. Med bakgrunn i dette vil rådmannen rå til at spørsmålet om nytt tidspunkt for Bratlandsmarka barnehage blir utsett til neste revidering av barnehagebruksplanen, hausten 2018. Rådmannen rår vidare til at det blir sett av 1 mill kr i planleggingsmidlar i 2020.

6. Bø skule:

Nye Bø skule blei opna i august 2016 som planlagt. Det pågår nå mindre justeringar og innreguleringar av tekniske anlegg. Dette vil pågå eit stykke ut i 2017. Det er totalt løyvd 370 mill kr til prosjektet. Økonomien i prosjektet er ikkje avslutta, men prosjektet vil bli levert innanfor vedteke budsjett.

7. Oгна skule:

Arbeid med nye Oгна skule er i gang. Masiv AS er totalentreprenør. Skulen skal etter planen være klar til bruk i januar 2018. I mellomtida får elevane undervisning i moduler på Oгна og Vigrestad. Det er totalt løyvd 190,5 mill kroner til prosjektet.

8. Varhaug skule/Varhaug ungdomsskule:

I tidlegare skulebruksplanar har kapasiteten ved Varhaug skule vært sett til 470 elevar. Etter opprustinga av skulen i 2010 vurderer vi nå kapasiteten til om lag 400 elevar. Elevtalet på skulen har vakse frå om lag 410 elevar i 2013 til 464 elevar for inneverande skuleår. Skulen har ikkje blitt utfordra på plasstillhøve før i 2014. Etter ein ny gjennomgang hausten 2016 syner det seg at skulen nyttar bomberom og tilsvarande areal, utan dagslys og tilfredstillande ventilasjon, til undervisning, og at desse areala er rekna med i utrekninga over maksimal kapasitet. For å få eit bygg som tilfredsstillar både kapasitetsbehov og naudsynt standard, trengs det eit nybygg på om lag 2000 kvm. Eit tradisjonelt, stadbygd tilbygg kan vi nå grovkalkulere til 70 til 85 mill kr. Det er ikkje sett av midlar i økonomiplan for 2016-19 til nybygg Varhaug skule, og administrasjonen har vurdert om det kan finnast rimelegare løysingar. Eit overslag kan tyde på at eit modulbygg i same storleik vil ha ein kostnad på om lag 50-60 mill kr.

Det kan tenkast fleire mellombelse løysingar for å betra situasjonen ved Varhaug skule. Eit alternativ peikar seg likevel ut. Ved å flytte 7. klassetrinn til Varhaug ungdomsskule, la 58-bygget stå nokre år til og nytte 1. etasjen der til undervisning, vil vi kunne dekke behovet for meir kapasitet og fase ut dei minst eigna læringsromma. På Varhaug ungdomsskule må det investerast om lag 2 mill kr for å gjera gymsalen om til læringsrom.

Rådmannen foreslår å sette av 2 mill kr i investeringsbudsjettet for 2017 for å gjere gymsalen ved Varhaug ungdomsskule om til læringsrom for 7. trinn. Rådmannen rår vidare til å setje av planleggingsmidlar på 1 mill kr i 2020 for å prosjektere nybygg på Varhaug skule.

Kommunestyret støtta ikkje rådmannen si tilråding og vedtok å løyve 2 mill kroner i 2017 til prosjektering og å sette av 30 mill kroner i 2019 og 32 mill kroner i 2020 til nytt bygg på Varhaug skule slik at 7. klassetrinn ikkje blir flytta.

9. Skule i Stokkalandsmarka

Ut frå prognosane vil det bli behov for vesentleg auke i kapasiteten i Vigrestad/Stokkalandsmarka. På kort sikt kan dette skje ved omdisponeringar i Vigrestad skule, deretter må kapasiteten bli auka. Som vist i skulebruksplanen vil det bli behov for påbygging/nybygging av skulekapasiteten i Vigrestad/Stokkalandsmarka framover. Framfor å byggje på ein av skulane på Vigrestad, vil rådmannen rå til at vi tek sikte på å byggje ein 1-7 skule i Stokkalandsmarka, med ferdigstilling omkring 2023. Etter at skulen i Stokkalandsmarka er bygd, vil Vigrestad skule bli 1-7 skule og Vigrestad storskule bli 8-10 skule.

Rådmannen rår til å setje av planleggingsmidlar på 2 mill kr i 2020 for prosjektering av skule i Stokkalandsmarka.

10. Vigrestad skule, biblioteklokala:

For å gjere plass til auka behov på Vigrestad skule er det naudsynt å finne nye lokale til folkebiblioteket på Vigrestad. På denne måten blir lokale i skulebygningen frigjort og skulekapasiteten på Vigrestad skule blir auka med 45-50 elevplassar. Desse lokala treng oppgradering og tilpassing slik at dei blir eigna for skuledrift.

Rådmannen foreslår å sette av 3 mill kr til dette i investeringsbudsjettet for 2017.

11. Vigrestad skule, barnehagelokala:

Barnehagen skal etter planen flytte til nye Vigrestad barnehage våren 2018. Det vil difor bli frigjorte lokale i den delen av bygningen som i dag blir nytta av Nymannsbråtet barnehage. Desse lokala treng oppgradering og tilpassing slik at dei blir eigna for skuledrift. På denne måten blir skulekapasiteten på Vigrestad skule auka med 45-50 elevplassar. Rådmannen foreslår å sette av inntil 3 mill kr i økonomiplanen i 2018.

12. Vedlikehaldsplan for skulane:

På ein god del av skulane er det små prosjekt som er naudsynte for å ha ei god og rasjonell drift. Opprusting/standardhevingstiltak over 100.000 kr inkl. mva skal bli ført i kommunen sitt investeringsbudsjett. I den reviderte skulebruksplanen som blir lagt fram samtidig med budsjett og økonomiplan vil vi komme inn på den enkelte skule og beskrive desse forholda. I tidlegare økonomiplanar har det blitt sett av 3,5 mill kr per år til slike tiltak. I kommande økonomiplanperiode er det lagt inn forslag om ei auke på 1 mill kr til dette, totalt 4,5 mill kr. I hovudsak vil midlane gå til oppgraderingar og liknande som det er gitt pålegg om eller stilt krav om ved inspeksjonar, og tiltak som gir betre ressursutnytting.

I forbindelse med revisjon av vedlikehald av kommunale bygningar blei det pekt på at kommunen har eit etterslep på vedlikehaldsutgifter som er aukande. Kommunen bruker i dag IK bygg som internkontrollsystem for eigedommar. Rådmannen vil komme tilbake med ei prioriteringsliste for vedlikehald i skulane.

Rådmannen foreslår å sette av 4,5 mill kr kvart år i økonomiplanperioden, ei årleg auke på 1 mill kr frå gjeldande økonomiplan.

13. Hå folkebibliotek:

Arbeidet med rehabilitering av Hå folkebibliotek blei gjort i 2016. Det blei då avdekka at ein god del av dei gamle hyllene må bli skifta ut. Samstundes trengst det persienner til alle vindauga.

Rådmannen tilrår at det blir sett av kr. 460 000 i investeringsbudsjettet for 2017.

14. Kulturtorget:

Arbeid med lyddemping og utbetringar i Kulturtorget i Loen, der kulturskule og fritid er lokalisert, er sett i gang. Det blei sett av 3 mill kr i 2016 til dette. Arbeidet er planlagt gjennomført i 2017.

15. Nyare vedteke planar for vedlikehald av Hå gamle prestegard og Obrestad fyr. På Hå gamle prestegard er det mest naudsynte arbeidet gjort etter at det var lagt inn midlar til dette. 2. etg i nye løa på Hå gamle prestegard bør bli isolert grunna det store varmetapet her. I 1. etg er det arbeidsplassar og utstillingslokale, slik at denne etasjen er i bruk kvar dag. Kommunen kan få tilskot på opp mot 1 mill kr til ENØK-tiltak og gjennom tippemiddelordninga til dette. Dette vart lagt inn i gjeldande økonomiplan i investeringsbudsjett for 2017. På grunn av prisauke sidan det blei innhenta pris på arbeidet, foreslår rådmannen å legge inn 500 000 i tillegg til dei 1,5 mill kr som ligg inne i økonomiplanen. Rådmannen tilrår at det blir sett av 2 mill kr i investeringsbudsjettet for 2017. **Dette blei ikkje godkjent av kommunestyret og er tatt ut av investeringsbudsjettet.**

16. Meieriinternatet på Vigrestad:

For å gjere plass til auka behov på Vigrestad skule er det naudsynt å finne nye lokale til folkebiblioteket på Vigrestad. 2. etasje i Meieriinternatet på Vigrestad vil være eit godt eigna lokale til dette. Bygningen huser allereie fleire kulturtilbod i regi av Hå kommune og utlån til lag og foreiningar . Det trengs små oppgraderingar, ventilasjonsanlegg og betre tilkomst til 2. etasje. På denne måten blir skulekapasiteten på Vigrestad skule auka med 45-50 elevplassar. Rådmannen foreslår å sette av inntil 3 mill kr i investeringsbudsjettet for 2017.

17. Bilar til vaktmeistarar

Det er for tida utfordringar med manglande tenestebilar for vaktmeistarane i tenesteområdet. Vaktmeistarane har ansvar for fleire bygg og må dagleg reise mellom desse. Dei har også behov for å ha med verktøy og utstyr i bilen. Det trengst totalt 6 bilar.

Rådmannen foreslår å sette av inntil 450 000 kr i investeringsbudsjettet for 2017.

Vedlegg opplæring og kultur

Nødvendige endringer i økonomiplanen 2017-2020

Teneste	Tiltak 1000 kroner	2017	2018	2019	2020
2020	4 nye stillingar til 1-4.trinn frå aug 2016, kom via statsbudsjettet	2 600	2 600	2 600	2 600
	Fjerner 3,5 årsverk lærarstillingar (årlig auke vedtatt øko.plan 16-19) (Justert ramme 2018-2020)				
2223	1 årsverk reinhald (nye Bø skule vesentlig større)	450	450	450	450
	5 stillingar barnehage (lovpålagt pga. fleire barn), netto kostnader	2 500	2 500	2 500	2 500
	Prisjustering støtte idrettslag	350	350	350	350
	Prisjustering støtte museum o.l.	400	400	400	400
	Økt støtte private barnehagar	500	500	500	500
2021	Økt spes.ped til Hå-elever i andre kommunar og til elever på priv.skoler	1 100	1 100	1 100	1 100
2020	Leie ekstra idrettshall dagtid 12 mnd Varhaug	300	300	300	300
	Økt skoleskyss	300	300	300	300
	Økt vaksenopplæring (felles på Bryne)	900	900	900	900
2020 2010,	Ekstra lønskost skule/barnehage pga. høgare kompetanse	2705	2705	2705	2705
	Netto endring frå førre år KNOK	12 105	12 105	12 105	12 105
	SUM økte årsverk	6,50	6,50	6,50	6,50

Innsparingstiltak i økonomiplanen 2017-2020

Tiltak 1000 kroner	2017	2018	2019	2020
Skule				
Tar bort mentortillegg lærarar	-600	-600	-600	-600
Færre lærarar får "Utdanning for kvalitet"	-210	-500	-500	-500
Støtte til privat skule	-200	-200	-200	-200
Husleige PPT (6 mnd i 2017)	-70	-140	-140	-140
Avslutte leie Røde Kors-bygget (6 mnd 2017)	-75	-150	-150	-150
Leie færre idrettshaller dagtid (avtale 2017)	-350	-700	-700	-700
Tilbodet "Ploggen" leggas ned juni 2017	-350	-800	-800	-800
Generell innsparing lærerstillingar	-5200	-4915	-4665	-4665
Sum innsparing skule:	-7 055	-8 005	-7 755	-7 755
Reduserte årsverk skule:	-8	-7,5	-7,5	-7,5
Barnehage:				
Generell innsparing assistentstillingar	-3950	-3700	-3950	-3950
Sum innsparing barnehage:	-3 950	-3 700	-3 950	-3 950
Reduserte årsverk barnehage:	-8	-7,5	-7,5	-7,5
Kultur:				
Redusere investeringstilskott idrett	-700	0	0	0
Redusert stilling bibliotek	-200	-200	-200	-200
Redusert stilling kulturskule	-200	-200	-200	-200
Sum innsparing kultur:	-1 100	-400	-400	-400
Reduserte årsverk kultur:	-0,6	-0,6	-0,6	-0,6
Sum total innsparing i opplæring og kultur	-12 105	-12 105	-12 105	-12 105
Sum reduserte årsverk	-16,60	-15,60	-15,60	-15,60

Revidert kommunal handlingsplan, kulturbygg, Hå kommune 2017 – 2020

Prioritert liste for søknad om spelemidler 2017

Pri	Tekst	Anleggs nr.	Status	Tot. Kost	Søkt sp.m	Samla kom. tilskot 20%	Tidlegare tildelt kom. tilskot	2017	2018	2019	2020	Merknad
0	Ognatun	1119 0134 01	Fornya	8153	1000	1630	1390	240	0	0	0	Tildelt spelemidler 2013 - ferdig
0	Ognatun, klubbhus	1119 0122 02	Fornya	6128	1000	1225	250	150	225	250	250	Tildelt spelemidler 2014 - ferdig
50% ANLEGG				Tot. Kost		Tilskot 50%						
1	Ogna bedehus			330		165	150	15	0	0		Bod/uteplass
2	Matningsdal bedehus			86		43		43		0	0	Kloakk
3	Holmavatn m&u			1785		893	153	98	152	150	200	Tak
4	Brusand bedehus			320		160	33	127	0	0	0	Vindaug, Lydanlegg
5	Vigrestad misjonshus			1759		880		0	150	150	150	Ventilasjon, drenering, varmpumpe, scenelys, rehab gamle baksal
6	Internatet, Varhaug			476		238	36	27	58	50	67	vindaug, kledning, rehab garasje
7	Holmane gamle skule			146		73			50	23		El.anlegg, stoler, møne, rep. uthus
8	Bjelland bedehus			140		70			35	35	0	Kloakk, ovnar
9	Høyland bedehus			18		9		0	9	0	0	Lydanlegg
10	Gudmestad skule			41		21			21	0	0	Vedlikehald ytre/indre gang, wc
11	Varhaug misjonshus			283		142				42	33	Låsesystem, Inngangsparti
12	Nærbø samfunnshus			272		136					0	Nødutgang, foldedører, bord, stoler
13	Vigrestad misjonshus			1419		710					0	Rehab. Kjøkken
14	Sirevåg bedehus			210		105						Bord/stoler
15	Ognatun			3003		1 502						Rehab Underetg. Kjøkken, bomberom
	Sum kulturbygg			24569	2000	7999		700	700	700	700	
	Ufordelt:							0	0	0	0	

Kommunal handlingsplan, ordinære anlegg for idrett og fysisk aktivitet, Hå kommune 2017-2020

Prioritert liste for søknad om spelemidler oppdatert etter vedtak i k.sak 087/16 om 33% investeringstilskot												
Pri	Tekst	Anleggsnr.	Status	Tot. kost	Søkt sp.m	Samla kom. tilskot 33%	Tidlegare tildelt kom. tilskot	2017*	2018	2019	2020	Merknad
1	Varhaug IL- fleirbrukshall	1119 0014 20	Gjentatt	47100	8800	15 700	9580	1500	1500	1700	1420	Inkl. sos.rom og styrke-tr.rom
2	Varhaug IL - rehab hall	1119 0014 05	Fornya	9720	4000	3 240		548	600	350	350	
3	Ogna Golfklubb, driveng	1119 0124 03	Fornya	574	191	115	115					
4	Ogna golf, korthull	1119 0124 02	Fornya	1023	341	205	205					
5	Vigrestad IK, Kunstgrasb	1119 0023 02	Fornya	8590	2500	2 863	1718	500	500			
6	Brusand stadion	1119 0029 02	Fornya	1575	520	315	315					
7	Bø skule	1119 0139 01	Fornya	29 629	9 000							Opplæring og kultur
8	Vigrestad IK, Kunstgrasb 2	1119 0023 01	Fornya	10 620	2 500	3 540	367	200	254	350	350	
9	Brusand IL, rehab. Lysanl.	1119 0036 09	Fornya	719	240	240		144	96			
10	Ogna Golfklubb, 18 h ba	1119 0124 01	Fornya	18800	4200	6 267	59	0	0	100	100	
11	Vigrestad IK	1119 0023 03	Fornya	2 323	700	774	465	75	75	75	75	
12	Vigrestad IK	1119 0023 03	Fornya	2 323	700	774	245	75	75	75	75	
13	Vigrestad IK	1119 0023 03	Fornya	2 323	700	774	200	65	75	75	75	
14	Vigrestad IK	1119 0023 03	Fornya	1 675	500	558	100	35	75	75	75	
15	Tur/sykkelløype,	1119 0119 05	Fornya	1620	700							Kommunal del: Teknisk og Næring
16	Tur/sykkelløype Nærbø	1119 0119 01	Fornya	1450	700							Kommunal del: Teknisk og Næring
17	Tur/sykkelløype Nærbø	1119 0119 02	Fornya	1410	700							Kommunal del: Teknisk og Næring
18	Tur/sykkelløype Nærbø	1119 0119 03	Fornya	1410	700							Kommunal del: Teknisk og Næring
19	Tur/sykkelløype Nærbø	1119 0119 04	Fornya	400	200							Kommunal del: Teknisk og Næring

Prioritert liste for søknad om spelemidler forts												
Pri	Tekst	Anleggsnr.	Status	Tot. kost	Søkt sp.m	Samla kom. tilskot	Tidlegare tildelt kom.	2017*	2018	2019	2020	Merknad
20	Vigrestad IK	1119 0023 03	Fornya	14 902	4 000	4 967	100	108	200	500	150	
21	Brusand IL	1119 0036 01	Fornya	1 003	335	334				150	130	
22	Vigrestad IK	1119 0023 12	ny	2 390	500	797		50	50	50	120	
23	Ogna skule	1119 0031 04	ny	16 525	4 000							Opplæring og kultur
24	Vigrestad IK	1119 0023 11	ny	36 423	10 000	12 141					250	
25	Nye Loen	1119 0118 02	ny	2 063	764	688					106	
0	Vigrestad IK	1119002313	ny	771	300	257						Nærmiljøanlegg
Sum:				217361	57791	33144,4	12824	3300	3500	3500	3500	
Ufordelt:								0	0	0	0	

Prioritert liste for søknad om spelemidler 50%											
Tekst	Anleggsnr.	Status	Tot.kos t	søknadss um	Samla kom. tilskot 50%	Tidlegare tildelt kom. tilskot	2017	2018	2019	2020	Merknad
Ogna golfkubb, Pumpeanlegg			232	232	116	0				75	
Ogna golfklubb, overbygg			754	754	377	0				75	
Elgane MK, Lager			3751	3751	1876	0				74	
Nye Loen, fotballrom, dører			95	95	48	0				0	
Varhaug IL, teleslynge, skillevegger			277	277	139	0				0	
Brusand IL, trafikkisr., Treningsrom, treningsbane			379	379	190	0					

*) 2017: kr 450.000 vert overført frå kommunalt investeringstilskot (idrett) til tilskott til drift av idrettslag.

** 2018: kr 500' vert overført frå kommunalt investeringstilskot (idrett) til tilskot til drift av idrettsanlegg

Kommunal handlingsplan, ordinære nærmiljøanlegg, Hå kommune 2017 – 2020

Prioritert liste for søknad om spelemidler 2017

Pri	Tekst	Anleggsnr.	Status	Tot. kost	Søkt sp.m	Samla kom. Tilskot 20%	Merknad/Ansvar
1	Stokkalandsmarka fleirbruksbane	1119009303	Gjentatt	610	300	0	Teknisk og næring tildelt 214' i 2016
	Tursti Stokkalandsmarka nord til	1119009302					
2	Haugstadskogen		Fornya	603	300	0	Teknisk og næring
3	Stokkalandsheia aktivitetsområde - klatreanlegg	1119013701	Fornya	170	85	0	Teknisk og næring
4	Kvermestien Lysanlegg	1119008504	Fornya	131	67	0	Teknisk og næring
	Stokkalandsmarka	1119009301					
5	lysanlegg		Fornya	603	300	0	Teknisk og næring
	Stokkalandsmarka	1119009304	Fornya	401	200	0	
6	klatreanlegg						Teknisk og næring
7	Skjeraberget lysanlegg	1119004903	Fornya	168	84	0	Teknisk og næring
8	Skjørpebakken aktivitetsanlegg	1119014202	Fornya	746	300	0	Teknisk og næring
		1119014201	Fornya	808	300	0	Teknisk og næring
9	Skjørpebakken ballbinge						
	Stokkalandsparken	1119014001					
10	Ballbinge		Fornya	1655	300	0	Teknisk og næring
	Stokkalandsparken	1119014002					
11	Skateanlegg		Fornya	1158	300	0	Teknisk og næring
	Stokkalandsparken	1119014003	Fornya	767	300	0	
12	Friluftsgym						Teknisk og næring
	Stokkalandsparken	1119014004	Fornya	354	177	0	
13	lysanlegg						Teknisk og næring
	Stokkalandsfaret	1119014101	Fornya	276	138	0	
14	sandvolleybane						Teknisk og næring
	Stokkalandsfaret	1119014102	Fornya	559	279	0	
15	hinderløype						Teknisk og næring
	Stokkalandsfaret	1119014103	Fornya	300	150	0	
16	lysanlegg						Teknisk og næring
	Vigrestad idrettspark	1119002313	Ny	771	300	154,2	
17	balanse og hinderløype						Vigrestad IK
	Tryggheim skular,	1119000303	Ny	708	300	0	
18	ballbinge						Tryggheim skular
19	Sirevåg skateanlegg	1119002703	Ny	256	128	0	Teknisk og næring
Planlagde ordinære nærmiljøanlegg som det ikkje er søkt spelemidler til							
Tekst	Anleggsnr.	Status	Tot. kost			Merknad/Ansvar	
Pyttaskogen aktivitetsløype	1119 0008 03		800			Teknisk og næring**	
Skjeraberget aktivitetssti			600			Teknisk og næring**	
Skjeraberget klatreanlegg			600			Teknisk og næring**	
Sirevåg-Holmane tursti			2000			Teknisk og næring**	
Nærbøparken aktivitetssti			400			Teknisk og næring**	

* Det vert gitt 20% kommunalt tilskot til nærmiljøanlegg bygd av frivillige lag som får tilskot under investeringsordninga for idrett- eller kulturanlegg

** Grunna lang venteliste på spelemiddelsøknader viser tabellane ovanfor planlagde anlegg ut over gjeldande økonomiplanperiode.

Fordeling og utbetaling av spelemidler er avhengig av tilgjengelege midlar frå spelemiddelordninga og fylkeskommunal prioritering





Helse- og sosialsaker

Budsjettet for 2017 er prega av at behovet for helse og omsorgstenester aukar meir enn inntektene. Dette krev at vi nøye vurderer fordelinga av midlar mellom avdelingane. Denne omfordelinga krev fleksibilitet frå organisasjonen. Når det gjelder investering er gjenbruk viktig for å kunne begynne planlegginga av helsehus på Nærbø.

Mål og strategiar frå kommuneplanen

Eit av kommunen sine hovudmål er å sikra dei eldre ein trygg livssituasjon. Dei eldre skal oppleve mening, og vera ein ressurs i nærmiljøet saman med familien sin.

Eit anna hovudmål er å sikra eit forsvarleg tilbod til dei som har særskilde og samansette behov. Dette hovudmålet har som delmål å sikra best mogleg integrering i lokalsamfunnet, og å gje heilskaplege og koordinerte tilbod til brukarar med samansette behov.

Drift

Dei viktigaste utfordringane i komande periode

I løpet av 2016 er det vedteke meir i realauke, enn det budsjettramma aukar. Tunge enkeltsaker gjev store utslag i kostnadane. Det er difor også lagt inn forslag om reduksjon i eksisterande tenestetilbod. Desse reduksjonane er foreslått der vi meiner det minst vil merkast hos tenestemottakarane. Ingen tilsette mister jobben, men nokre vil måtte syne fleksibilitet i forhold til arbeidstid og -stad.

Det er lagt inn ei stor auke i butilbodet for psykisk utviklingshemma. Auka er på 18,2 stillingar, dette vil gje 6 mill kroner i utgifter etter at kommunen har motteke dei statlege refusjonane. Dette er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak frå 2016.

I 2015 vart det 3 færre vertskommunebebuarar. Tidligare ville tilskotet blitt redusert med fleire millionar, men Hå kommune kvalifiserer frå 2017 til 50% trekk ved fråfall av vertskommunebebuarar. Vertskommunetilskotet er difor redusert med berre 1,38 mill kroner i 2017 samanlikna med budsjettet for 2016.

Nedgangen i arbeidsmarknaden i Hå og Rogaland, gjer at det er behov for å auka budsjettet for livsopphald i NAV Hå i 2017 med 1 mill kroner.

Det er også ei auke i talet på omsorgsovertakingar i 2016. På grunn av dette vert det foreslått ei auke i utgifter til fosterheimar med 1 mill kroner.

Systematiske brukarundersøkingar er nå i gang og vi ønskjer å få meir kunnskap om kvaliteten på dei tenestene vi leverer. Vi har tatt i bruk KS sine brukarundersøkingar frå Bedre kommune. Dermed kan vi også samanlikne resultatata med andre kommunar. I tillegg tar vi i bruk legeföreninga si brukarundersøking for legevakt og legetenesta.

Til slutt i kapittelet er det ei detaljert oversikt over endringane som er foreslått i budsjettet.

Tabellane nedanfor er oppdatert etter kommunestyret sitt budsjettvedtak.

Følgende endringer er gjort i høve til rådmannen sitt forslag:

- Ta inn igjen foreslått reduksjon i helsesyster: 0,7 mill kroner årleg
- Ikkje legge med dagsenter i to år: 1,42 mill kroner i 2017 og 2018
- Ta inn løyving til nattsjukepleiar med 1 mill kr årleg
- Andel av reduksjonen i administrasjon på 1,8 mill kroner: 0,9 mill kroner årleg
- Andel av reduksjon i vakanse på 2,5 mill kroner: 0,9 mill kroner årleg.

Driftsbudsjett helse og sosial

1000 NOK	B 2016	B 2017	2018	2019	2020
Driftsutgifter	549 828	572 700	578 431	580 749	580 561
Driftsinntekter	-176 468	-190 480	-188 138	-188 358	-188 358
Netto drift	373 360	382 220	390 293	392 391	392 203
Årsverk	520,95	528,12	537,32	540,57	539,32

Endringer i driftsbudsjett samanlikna med sist økonomiplan

Endringer frå førre plan 1000 NOK	2017	2018	2019	2020
Ramme i økonomiplan 2016-2019, 2020 settas lik 2019	373 260	382 998	384 843	384 843
Løns- og prisvekst	14 369	14 369	14 369	14 369
Endringer som er godkjent i løpet av 2016	7 810	7 810	7 810	7 810
Nye tiltak i denne økonomiplanen	3 565	3 245	2 923	3 623
Reduksjon / innsparing	-18 104	-19 481	-17 454	-18 342
Netto endring etter kommunestyret si behandling og fordeling av reduserte rammer	1 320	1 353	-100	-100
Ramme i økonomiplan 2017-2020	382 220	390 293	392 391	392 203

Årsverk

Tenesteområdet for Helse og sosialsaker er svært arbeidsintensivt, og tabellen syner talet på årsverk og endringane frå år til år:

Årsverk	2017	2018	2019	2020
Talet på årsverk i økonomiplan 2016-2019	520,95	533,95	533,65	533,65
Godkjente årsverk i løpet av 2016	27,85	27,85	27,85	27,85
Forslag til auke i årsverk i 2017	1,58	1,58	1,58	2,58
Forslag til nedtrapping av årsverk i 2017-2020	-26,26	-30,06	-24,51	-26,76
Av dette anslag nedtrapping vertskommune 2018-2020		-4,00	-6,25	-8,50
Endring etter KS vedtak 118/16	4	4	2	2
SUM årsverk innan helse og sosial	528,12	537,32	540,57	539,32
Av dette Egedomsavdelinga	23,12	23,12	23,12	23,12

Administrasjon

Tenesta er felles administrasjon for tenesteområdet. Administrasjonen arbeider med planlegging, dagleg drift, saksbehandling, service til tenesteutøvarar, opplæring, vedlikehald og kompetanse. Administrasjonen er også støtte for bruken av ulike fag- og journalsystem. Budsjet og rekneskap, innkrevjing av refusjonar og betaling frå brukarar, interne og eksterne rapportar og service til publikum er andre oppgåver i administrasjonen.

Mål

Arbeida for å effektivisera administrasjonen av tenesteområdet og samtidig gje god service til tenesteutøverane våre og innbyggjarane.

Driftsbudsjett administrasjon

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
1200 Administrativ leiging	7 983	6 989	6 989	6 989	6 989
Utgifter	9 621	8 644	8 644	8 644	8 644
Inntekter	-1 638	-1 655	-1 655	-1 655	-1 655
1203 Økonomi/rekneskap	965	989	989	989	989
Utgifter	965	989	989	989	989
Inntekter	-	-	-	-	-
1206 Sentralbord/post	1 311	1 303	1 303	1 303	1 303
Utgifter	1 366	1 353	1 353	1 353	1 353
Inntekter	-55	-50	-50	-50	-50
1300 Adm. Lokalar	-2 250	-2 378	-2 378	-2 378	-2 378
Utgifter	697	712	712	712	712
Inntekter	-2 946	-3 090	-3 090	-3 090	-3 090
Driftsutgifter sum	12 649	11 698	11 698	11 698	11 698
Driftsinntekter sum	-4 639	-4 795	-4 795	-4 795	-4 795
Netto drift	8 010	6 904	6 904	6 904	6 904
Årsverk	10,52	10,01	10,01	10,01	10,01

Tiltak

- Leiar for pleie og omsorg er blitt formell leiar av barnevernet. Reduserer 50% av stillinga og kostnaden i administrasjonen.
- Redusere utdanningsbudsjett med 50.000 kr i økonomiplanperioden.
- I økonomiplanen 2016-2019 var det sett av 400.000 kr årleg til kjøp av tenester frå andre med førebygging som mål. 300.000 kr av disse vert foreslått tatt ut, og dei siste 100.000 kr er flytta til budsjettet for Frisklivssentralen.

Pleie og omsorg

Kommunen tildeler tenester etter LEON-prinsippet (lågaste effektive omsorgsnivå).

Trappetrinna i LEON er:

1. Naudsynt helsehjelp vert gitt i eigen heim.
2. Omsorgsbustad i nærleiken av bu- og velferdssenter.
3. Tenestetilbod i sjukeheim når behovet for omsorgstenester er så omfattande at det krev kontinuerleg oppfylgning, teneste eller spesiell kompetanse.

Det er eit mål at grupper med særskilde behov skal integrerast på best mogleg måte i lokalsamfunnet. Det vil si i eigne bustader og leve mest mogleg sjølvstendige.

Pleie og omsorg er delt inn i tenesteområda institusjon, heimetenester og tenester for funksjonshemma.

Institusjon

Kommunen har fleire institusjonar som gjev tilbod om opphald heile døgnet. Desse er: Hå sjukeheim, Klokkarhagen sjukeheim, Heimtun bu- og velferdssenter, Blåbærtua avlastningsheim, Vinkelbygget og fleire barnebustadar.

Tenesteområdet har også dagavdeling for institusjonsbebuarar, fellestenester og terapibassenget Stampen.

KOSTRA-tala for 2015 viser dette innan institusjon

KOSTRA Utdrag nøkkeltall institusjon	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Plassar i institusjon i prosent av innbyggjarar 80 år og over	23	23	23	23	17	17	17	18	18	19	19	19
Tal på bebuarar i institusjonar 80 år og over	64	65	67	69	77	74	63	62	65	68	67	68
Tal på innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på institusjon	16	15	14	12	12	11	11	11	11	14	13	14
Tal på bebuarar i institusjon av tal på plassar (belegg)	94	97	97	72	83	80	97	88	87	96	95	96
Tal på plassar sett av til tidsavgrensa opphald	12	13	14	6	20	31	13	20	20	19	20	19
Tal på plassar sett av til rehabilitering/habilitering	7	9	9	4	5	18	11	15	20	11	10	9
Legetimar pr. uke pr. bebuar i sjukeheim	0	0	1	0	1	1	1	1	1	1	1	1
Utgifter per bebuardøgn i institusjon	3 257	3 245	3 400	3 917	4 024	4 165	4 042	4 400	4 384	3 280	3 486	3 490
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 032 013	1 063 844	1 109 164	994 164	1 213 264	1 099 545	1 193 123	1 248 283	1 233 894	1 069 785	1 118 720	1 127 414

KOSTRA-samanlikninga i tabellen over syner at Hå kommune har mange institusjonsplassar per innbyggjar over 80 år (22,6 prosent) samanlikna med nabokommunane og Rogaland. Dei siste åra har det vore ein svak nedgang i dette talet. Delen av innbyggjarar over 80 år som bur i institusjon har også gått ned (14,4 %). Talet på personar over 80 år som bur i institusjon har gått opp (67,2 %). Denne utviklinga ser ein også i Time kommune og i snitt-tala for Rogaland. Klepp kommune har ei anna utvikling, der talet er høgare (frå 77% til 74,3 %).

Når det gjeld tilgjengelege plassar, syner tala at Hå kommune har den høgaste grada når det gjeld utnytting av institusjonsplassar. Samanlikna med nabokommunane, er talet på plassar som er sett av til tidsavgrensa opphald og rehabilitering lågt. Ein ser samstundes at behovet for slike plassar aukar. Det vert difor foreslått at 16 av dei ekstra institusjonsplassane kommunen får etter bygginga av nye etasjar på Hå sjukeheim, skal nyttast til tidsavgrensa opphald og rehabilitering.

Når det gjeld legedekning i institusjon, ligg Hå kommune noko under snittet for Rogaland. Men talet har betra seg litt kvart år.

Hå kommune har same kostnadsnivå pr. institusjonsplass som nabokommunane og snittet i Rogaland. Både Time og Klepp har redusert sine utgifter per institusjonsplass det siste året.

Mål

Terapibassenget Stampen må stenga frå sommaren 2017 på grunn av byggearbeidet på Hå sjukeheim. Prosjektet med bygginga av to nye etasjar på Hå sjukeheim er planlagt ferdigstilt hausten 2018.

I 2017 skal det gjennomførast brukarundersøkingar for bebuarar i institusjon og deira pårørande for å måle tilfredsheit og kvalitet på tenestene.

Driftsbudsjett institusjon

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Institusjonsplasser	142	142	143	143	143
2530 Institusjonspleie	102 437	101 825	109 520	112 520	112 520
Utgifter	155 183	149 416	157 241	160 241	160 241
Inntekter	-52 745	-47 591	-47 721	-47 721	-47 721
2532 Dagavdeling	1 864	1 615	1 615	1 615	1 615
Utgifter	1 869	1 620	1 620	1 620	1 620
Inntekter	-5	-5	-5	-5	-5
2533 Vaskeri	2 136	2 211	2 211	2 211	2 211
Utgifter	2 256	2 337	2 337	2 337	2 337
Inntekter	-120	-126	-126	-126	-126
2534 Kjøkken	1 550	1 692	1 692	1 692	1 692
Utgifter	9 314	9 622	9 622	9 622	9 622
Inntekter	-7 764	-7 930	-7 930	-7 930	-7 930
2610 Drift av institusjon	422	608	608	608	608
Utgifter	526	714	714	714	714
Inntekter	-104	-106	-106	-106	-106
2611 Terapibasseng	-498	-176	-176	-496	-496
Utgifter	416	554	554	454	454
Inntekter	-914	-730	-730	-950	-950
Driftsutgifter	169 564	164 263	172 087	174 987	174 987
Driftsinntekter	-61 652	-56 488	-56 618	-56 838	-56 838
Netto drift	107 911	107 775	115 470	118 150	118 150
Årsverk	184,95	173,99	184,99	189,49	189,49

Tiltak

Teneste 2530 institusjonspleie:

- Kommunestyrevedtak 038/16 seier at kommunen skal opprette ein barnebustad frå 1.5.2016. Det er oppretta 7,5 heimlar til dette tiltaket.
- Kommunestyrevedtak 64/16 aukar talet på heimlar i barnebustad oppretta i 2015 med 2,4.
- Kutta dei 750.000 kr som var lagt inn som opptrappingsplan kvart år i økonomiplanen 2016 til 2019.
- Redusere ei leiarstilling på Hå sjukeheim ved at ein leiar får ansvar for 2 etasjar.
- Legga ned 4 sengeplassar i avdelinga 3BU på Hå sjukeheim i 2017 og 2018 til byggeprosessen er ferdig. På denne måten må færre flytta i omsorgsbustader på Vigrestad medan arbeidet med dei to nye etasjane på Hå sjukeheim er i gang. Det er også planlagt at avdelinga 2BU skal flytta til omsorgsblokka på Heimtun i byggetida.
- Utviding av rehabiliteringsavdelinga med 16 plassar (heile 2.etasje på Hå sjukeheim) vil gi ei årlig innsparing på 5 mill kr frå 2018 samanlikna med økonomiplanen for 2016-2019. Av dei 22 nye langtidsplassane vil pasientar frå Heimtun fylla 21 plasser frå hausten 2018.
- På Klokkarhagen foreslår vi å redusera bemanning som vart gitt ekstra i 2016, med 0,67 heimel.

- Vinkelbygget har hatt eit dødsfall, og ei oppseiing av plass frå andre kommunar. Dette fører til lågare inntekter og kostnader som svarer til 7,189 stillingar.
- Barnebustad er definert som institusjon, og vert avslutta når barnet fyller 18 år. Barn i barnebustad på Klokkartunet er blitt 18 år. Dette gjer at tenesta no vert levert av tenestemråde funksjonshemma. 6 heimlar vert flytta frå barnebustad til avdeling for funksjonshemma.
- Det er oppretta 2,5 heimlar på institusjon for einslige mindreårige asylsøkarar. Det planlagde tiltaket i Lensmannsvegen 28, er det ikkje behov for lenger. Årsverka kan fjernast. Eigedomen vil nyttast til bustad.
- Det er vedteke nasjonalt at det skal innførast augeblikkeleg hjelp i psykiatrien frå 1.1.2017. Det er ikkje lagt inn nye midlar til dette i budsjettet. Dette er med føresetnad om at rehabiliteringsavdelinga på Hå sjukeheim kan handtera dette innanfor tildelt ramme. Det er foreslått å overføre eit eventuelt mindreforbruk i 2016 til dette formålet.
- **Kommunestyret vedtok å ta inn løyving til nattsjukepleiar med 1 mill kr årleg.**

Teneste 2611 Terapibasseng:

- Terapibassenget Stampen må stenga frå medio 2017 og i minimum eitt år, på grunn av påbygginga av Hå sjukeheim. Saman med entreprenøren vil ein laga ein plan for å sjå om det er mogleg å opna bassenget før bygginga er heilt ferdig. Det vert likevel planlagt ut i frå at bassenget vert stengt i eit år. Det vert lagt inn kostnader for å kunna leige basseng for å oppretthalda tilbodet i terapibasseng for dei gruppene som treng det mest. Inntektene er reduserte for 2017 og 2018.

Heimeteneste

Kommunen har 4 dagavdelingar/velferdssenter for eldre fordelt på dei ulike distrikta. Dagsentra for eldre har som mål å gje dei eldre eit mest mogleg aktivt og meningsfylt fellesskap med andre. I velferdssentra vert det drive ulike former for aktivitetar. Eksempel er trimgrupper, kulturelle tiltak og tilrettelegging for sosialt fellesskap. Alle velferdssentra er for eldre generelt, det er ikkje skilje mellom tilbod til alle og tilbod til grupper med spesielle behov.

Heimesjukepleie er eit godt, raskt og fleksibelt helsetilbod levert i heimen. Det er ikkje eigenbetaling for tenesta. Tildeling vert heimla gjennom enkeltvedtak. Lindrande omsorg og kvardagsrehabilitering er ein del av tenesta heimesjukepleie.

Praktisk bistand sikrar hjelp til praktiske gjeremål i dagliglivet, eigenomsorg og personleg stell. Det er eigenbetaling for tenesta og det er lagd opp til ei auke i betalinga på 2,5 prosent. Tildelinga av tenesta vert heimla gjennom enkeltvedtak. Omsorgsløn er ein del av denne tenesta.

KOSTRA-tala for 2015 viser dette innan heimetenester

KOSTRA Utdrag nøkkeltall heimetenester	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 0-66 år	16	17	18	15	16	17	13	16	16	16	16	17
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 67-79 år.	55	57	56	64	53	47	70	65	64	66	62	59
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	379	367	340	327	304	286	333	310	298	322	318	301
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i 1000 kroner)	223	226	224	271	292	279	246	244	258	248	262	265
Andel beboere i bolig til pleie- og omsorgsformål 80 år og over	23,1	18,7	18,5	32,0	22,8	20,7	27,4	16,7	11,4	32,2	29,8	28,4
Andel beboere i bolig m/ heldøgns bemanning	22,6	22,2	24,4	53,0	22,1	15,7	42,5	37,5	40,9	52,6	52,2	53,2
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov	19,5	18,8	15,3	23,6	21,3	21,3	28,0	25,9	25,7	23,0	22,9	23,4
Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, praktisk bistand	4,9	5,0	5,2	13,5	14,4	15,2	8,8	11,2	8,3	8,6	9,3	9,3
Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, hjemmesykepleie	7,1	7,3	7,2	5,9	5,2	6,3	6,1	5,3	6,1	6,2	5,9	5,9
Gjennomsnittlig antall tildelte timer i uken. Brukere utenfor institusjon	10,1	10,2	10,1	12,0	12,3	13,0	11,4	11,8	10,5	11,4	11,6	11,5

KOSTRA-tala syner at Hå kommune ligg på same nivå som andre kommunar i Rogaland når det gjeld talet på mottakarar av heimetenester. For aldersgruppa under 67 år ligg kommunane nesten likt, for aldersgruppa 67-79 år ligg Hå litt lågare enn snittet i Rogaland, og for dei over 80 år ligg Hå høgast.

Hå kommune har dei lågaste driftsutgiftene per mottakar av heimetenester. Grunnen til dette er at Hå har lågast del av brukarar med omfattande hjelpebehov. Bakgrunnen for dette er mest sannsynleg at Hå har høg sjukeheimsdekning.

Praktisk bistand har vorte nedprioritert i fleire år. Dette viser i samanlikninga, der Hå kommune tildeler godt under halvparten av det som vert tildelt i Time og Klepp. Hå kommune gir meir heimesykepleie per veke, men ligg likevel under snittet for bebuarar utanfor institusjon.

Mål

- Vi ynskjer å leggja til rette for at innbyggjarane kan bu så lenge som råd i eigen heim.
- Å gjennomføra brukarundersøking for dei som nyttar dagsentertilbod i kommunen.

Driftsbudsjett heimetenester

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Ressursbruk					
2340 Dagsenter for heimeb.	8 027	6 590	7 082	7 082	7 082
Utgifter	9 684	8 131	68 131	8 099	8 099
Inntekter	-1 657	-1 541	-1 017	-1 017	-1 017
2540 Heimesykepleie	30 502	37 961	38 661	39 361	40 061
Utgifter	32 100	42 069	42 769	43 469	44 169
Inntekter	-1 597	-4 109	-4 109	-4 109	-4 109
2542 Heimehjelp	14 436	14 675	14 675	14 675	14 675
Utgifter	15 653	15 927	15 927	15 927	15 927
Inntekter	-1 217	-1 253	-1 253	-1 253	-1 253
Driftsutgifter	57 437	66 127	66 827	67 495	68 195
Driftsinntekter	-4 471	-6 935	-6 378	-6 378	-6 378
Netto drift	52 965	59 193	60 449	61 117	61 817
Årsverk	72,48	80,86	81,86	82,86	83,86

Tiltak

- Det har synt seg at fordelinga av stillingar mellom tenesteområde funksjonshemma og heimesjukepleie på Ognå, ikkje var i samsvar med måten tenestene vart levert på. Det vert difor foreslått å flytta 6,3 årsverk frå tenesteområde funksjonshemma til tenesteområde heimesjukepleie.
- Heimesjukepleia på Nærbø er auka med 4,75 heimlar etter vedtak i kommunestyret sak 40/16.
- Forslag om å utsette auken i det eine årsverket til heimesjukepleie I 2017, jf. gjeldande økonomiplan. Auka i årsverk vert vidareført frå 2018 til 2020.
- I fjor vart det vedteke å gjera ei prosjektstilling fast på Aktivitetssenteret, Varhaug frå 2017. Stillinga er i dag finansiert med støtte frå Rogaland fylkeskommune. I 2016 har tenesta arbeida med å leggja om drifta slik at ein arbeider etter recovery-prinsipp. Recovery, eller betringsprosessar, kan sjåast på som en filosofi eller en haldning som fremmar moglegheiter og tro på at mennesket kan leve meningsfulle og tilfredsstillande liv, sjølv om ein har psykiske problem eller lidingar. Me har konkludert med at det skal vera mogleg å drifta Aktivitetssenteret med 2 årsverk. Det vert difor foreslått å kutta 2 stillingar i forhold til økonomiplan 2016-2019. Ei av stillingane legg ein til grunn at vert finansiert av tilskotsmidlar I 2017.
- Det vert foreslått at dagsenteret for eldre på Nærbø vert lagt ned i to år, medan dei to nye etasjane vert bygde på sjukeheimen. Dagsenteret vert opna att i 2019 på Heimtun, når sjukeheimsdelen av Heimtun er flytta til Hå sjukeheim. Dette tiltaket gjer at ein kan spara 1,42 mill kroner i både 2017 og 2018. Dei eldre vil få eit tilbod ved dei andre dagsentra i Hå. **Dette blei ikkje godkjent av kommunestyret og kostnadane blei tatt inn igjen i budsjettet.**
- 1,5 stilling i dagavdeling PU, tenesteområde 2340, vert fjerna.
- 0,2 heimel til reinhald vert flytta frå dagsenter PU til Eigedomsavdelinga.

Funksjonshemma

Tenesteområdet har ansvar for teneste som støttekontakt til eldre og funksjonshemma, aktivitetstilbod og avlastningstilbod til funksjonshemma. Tenestene inkluderer kjøp av arbeidsplassar hjå Jæren Industripartner og Kvaleberg Industri.

Tenesteområdet har også ansvar for brukarstyrd personleg assistent (BPA). BPA er ei teneste som går inn under praktisk bistand etter Helse- og omsorgstenestelova. Tenesta vert gitt til personar med eit stabilt sjukdomsbilete, eller stabil funksjonshemming. Brukaren knyter til seg ein eller fleire assistentar, som hjelp til med daglege gjeremål. Tenesta BPA er frå 1.1.2015 ein rett i lovverket.

Teneste gitt i bufellesskap er også avdeling for funksjonshemma sitt ansvar. Hovudgruppa av brukarar er personar med psykisk utviklingshemming. Det vert også gitt tenester til heimebuande med fysiske funksjonshemmingar.

Etter kvart som vertskommunebebuarar fell frå, vil vertskommunetilskotet som kommunen tek i mot, verta lågare. Dette gjer at ein må redusera ressursane til tenesta. Kvart fråfall vil føra til ein reduksjon av tilskotet på om lag 1,55 mill kroner pluss prisstiging. Det gjeld ei skjermingsordning med 50 prosent uttrekk for kommunar som ligg under gjennomsnittet for tilskott målt per bebuar, for kommunane samla. Hå kommune er frå 2017 med blant desse

kommunane. Trekket vert difor lågare. Talet på vertskommunebebuarar pr. 01.01. kvart år er grunnlag for utbetaling året etter. I 2015 var det eit fråfall av 3 klientar.

Mål

Å få fleire til å klara seg mest mogleg sjølvstendig i eigen bustad.

Driftsbudsjett funksjonshemma

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
2342 Støttekontakt	2 579	2 570	2 570	2 570	2 570
Utgift	2 579	2 570	2 570	2 570	2 570
Inntekt	-	-	-	-	-
2343 Aktivitetstilbod	4 196	4 187	4 187	4 187	4 187
Utgift	4 423	4 412	4 412	4 412	4 412
Inntekt	-227	-225	-225	-225	-225
2543 Personleg assistent	2 631	2 098	2 098	2 098	2 098
Utgift	2 671	2 138	2 138	2 138	2 138
Inntekt	-40	-40	-40	-40	-40
2545 Funksjonshemma	56 787	57 218	55 218	53 968	52 718
Utgift	77 779	82 739	80 739	79 489	78 239
Inntekt	-20 992	-25 521	-25 521	-25 521	-25 521
2549 Anna hjelp i heimen	1 447	1 540	1 540	1 540	1 540
Utgift	1 850	1 942	1 942	1 942	1 942
Inntekt	-402	-402	-402	-402	-402
Driftsutgifter	89 302	93 802	91 802	90 552	89 302
Driftsinntekter	-21 661	-26 188	-26 188	-26 188	-26 188
Netto drift	67 641	67 614	65 614	64 364	63 114
Årsverk	112,09	112,41	108,41	106,16	103,91

Tiltak

Tenesteområde 2545 funksjonshemma:

- I 2016 vart det i KS sak 40/16 vedteke 8,3 heimlar til ein funksjonshemma.
- Berre 50% trekk når vertskommunebebuarar dør, vil redusera nedtrappinga. Nedtrappinga vert difor korrigert til 1,38 mill kroner og 2,8 årsverk I 2017, 2 mill kroner og 4 årsverk I 2018, 1,25 mill kroner og 2,25 årsverk i 2019 og 2020. Det er lagt inn to forventa fråfall per år dei to neste åra, og ingen fleire enn dei 3 fråfalla per oktober i 2016.
- Veksten i dette tenesteområdet er høgare enn veksten i kommunen sine inntekter. Vi har difor gått gjennom alle vedtak for å sjå om det er mogleg å spara midlar ved å hausta synergjar. Det er identifisert 4,06 årsverk i teneste 2545 som kan fjernast og redusera kostnadane frå 2017. Ein del av sparinga har si årsak i fråfall av vertskommunebebuarar i 2016, medan inntekta frå staten ikkje vert redusert før i 2018.
- Ein ressurskrevjande utviklingshemma bebuar fyller 16 år i 2017, og eigenandelen vert heva med 700.000 kr som no vert gitt gjennom kommunen sitt rammetilskot.
- 6,3 årsverk vert flytta frå Langaberget bufellesskap, til heimesjukepleia på Oгна. Grunnen til dette er å sikra meir samsvar med tenestene som vert gitt.

- Barn i barnebustad på Klokkartunet er blitt 18 år, og 6 heimlar vert flytta til tenestoområde 2545.
- Det vert foreslått å kutta 400.000 kr i tenesta brukarstyrd personleg assistanse (BPA).
- Rådmannen foreslår at Blåbærtua får ei auke på 200.000 kr, som i 2016, for å kunna gje sommaravlastning til fleire foreldre som treng det.

Barnevern

Barnevernet har ansvar for å ta i vare barnet sitt beste. Det betyr oftast å setja inn tiltak som kan få heimen til å fungere slik at barnet kan bu heime. For å unngå overtaking av omsorga kan det bli sett inn kontroll- og endringstiltak i heimen.

I spesielle heimesituasjonar kan det vere behov for å gi foreldre avlastning eller å sikre miljøskifte for barn. Det kan tildelast støttekontakt til barn som har behov for fylgje for å fungere i sosiale situasjonar, opptrening av funksjonar eller vaksenkontakt. Barnevernet kan også nytte førebyggjande tiltak som ferie og andre tiltak i fritida for å gi barn og unge høve til utvikling og meistring.

Ved omsorgsovertaking til fosterheim gir kommunen kompensasjon til fosterforeldre og også frikjøp frå arbeid slik at fosterforeldra kan ta seg av barn med spesielle utfordringar. Ein stor del av utgiftene skuldast ulike forsterkingstiltak i fosterheim, i tillegg til utgifter knytte til barn som har diagnosar og utfordringar som krev spesielle tiltak.

Institusjonsplassar er for dei barna det ikkje lukkast å finne fosterheim til. Det er ofte barnet si åtfærd som er grunnen når det ikkje lukkast å finne ein fosterheim.

KOSTRA-tala for 2015 viser dette innan barnevern

KOSTRA Utdrag nøkkeltall Barnevernet	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstenesten	5 386	4 806	5 424	5 221	6 160	6 288	6 299	6 363	7 037	6 436	7 081	7 252
Del av netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (f.252)	59,3	62,4	64,2	69,2	56,6	55,0	53,3	58,7	59,2	58,9	58,4	60,2
Barn med melding ift. talet på innbyggjarar 0-17 år	4,5	4,7	4,2	4,0	4,7	4,4	4,3	4,9	4,7	..	:	
Barn med undersøking ift. talet på innbyggjarar 0-17 år	3,4	4,6	5,1	4,0	4,6	4,7	4,1	4,7	4,9	..	:	
Del av barn med barnevernstiltak ift. talet på innbyggjarar 0-17 år	1,1	3,9	4,5	0,9	3,8	3,7	1,1	3,8	5,2	..	:	

Samanlikna med Klepp, Time og resten av Rogaland kan vi sjå at Hå brukar mindre til barneverntenesta per barn i alderen 0 – 17 år totalt. Når vi samanliknar netto driftsutgift per barn plassert av barnevernet, ligger Hå kommune høgast. Dette skuldast mellom anna høge fosterheimsutgifter. Det har i 2016 vore arbeida med å få utgiftene ned gjennom reforhandling av avtalane og lågare nivå på nye fosterheimsavtalar.

Talet på meldingar har gått litt ned i alle dei tre kommunane. Hå ligg litt høgare på tal på undersøkingar og midt imellom når det gjelder tal på barn med barnevernstiltak.

Mål

Målet for barnevernet er å vere ei teneste med høg kvalitet. Tiltak som vert vedtekne skal evaluerast og dei som ikkje fungerer slik dei var tenkt, skal avsluttast. Fosterheim vert prioritert før institusjon, då me vurderer det er betre for eit barn å få vekse opp i ein familie.

I 2017 vil vi gjennomføre ei brukarundersøking av born og unge som mottar teneste frå barnevernet.

Driftsbudsjett barnevern

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Brukarar	130	130	130	130	130
2440 Barnevern	6 798	7 394	7 394	7 394	7 394
Utgifter	10 122	10 344	10 344	10 344	10 344
Inntekter	-3 324	-2 950	-2 950	-2 950	-2 950
2510 Barnehage	150	150	150	150	150
Utgifter	150	150	150	150	150
Inntekter	-	-	-	-	-
2512 Besøksheim	1 278	1 521	1 521	1 521	1 521
Utgifter	1 278	1 521	1 521	1 521	1 521
Inntekter	-	-	-	-	-
2514 Støttekontakt	358	236	236	236	236
Utgifter	358	236	236	236	236
Inntekter	-	-	-	-	-
2519 Andre tiltak i heimen	2 644	2 704	2 704	2 704	2 704
Utgifter	2 712	2 782	2 782	2 782	2 782
Inntekter	-68	-78	-78	-78	-78
2520 Fosterheim	12 436	13 521	13 521	13 521	13 521
Utgifter	12 836	13 921	13 921	13 921	13 921
Inntekter	-400	-400	-400	-400	-400
2521 Institusjon	1 825	1 150	1 150	1 150	1 150
Utgifter	1 825	1 150	1 150	1 150	1 150
Inntekter	-	-	-	-	-
2529 Andre t.t.utenf.heimen	2 100	2 100	2 100	2 100	2 100
Utgifter	2 100	2 100	2 100	2 100	2 100
Inntekter	-	-	-	-	-
Driftsutgifter sum	31 381	32 203	32 203	32 203	32 203
Driftsinntekter sum	-3 792	-3 428	-3 428	-3 428	-3 428
Netto drift	27 589	28 776	28 775	28 775	28 775
Årsverk	13,45	13,45	13,45	13,45	13,45

Tiltak

- Medverke til at det vert oppretta ei felles tiltaksavdeling på Jæren med Time som vertskommune.
- Budsjettet for fosterheim vert auka med 1 mill kroner i forhold til opphavleg budsjett i 2016, noko som er 1 mill lågare enn justert budsjett og prognose for 2016.

Sosial

Sosial omfattar tenester knytt til vanskeleg økonomi, arbeid/sysselsetting, bustad, gjeld, rus, psykiatri og familieproblem.

Kommunale gjennomgangsbustadar vert nytta til innbyggjarar som av ulike grunnar ikkje klarer å skaffe seg bustad i den ordinære bustadmarknaden. Etter § 3-7 i Helse- og omsorgstenestelova er kommunen "forpliktet til å finne midlertidig husvære for dem som ikke klarer det selv".

Sysselsettingstiltak omfattar tiltak som høyrer til vedlikehaldsverkstaden og sosialtenesta. Det er tilbod til personar som ikkje oppnår arbeid på den ordinære arbeidsmarknaden.

Kvalifiseringsprogrammet kan tildelast for ein periode på inntil eitt år. Etter ny vurdering kan dette verta forlenga med eit år, eventuelt meir om det er naudsynt.

KOSTRA-tala for 2015 viser dette innan sosialhjelp

KOSTRA Utdrag nøkkeltall Sosialhjelp	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger	972	1 030	1 349	1 661	1 554	1 394	1 461	1 574	1 851	1 715	1 815	1 941
Sosialhjelpsmottakere	275	291	351	366	349	330	378	442	455	..	:	:
Samlet stønadssum (bidrag + lån)	11 301 931	11 589 276	15 988 771	17 311 356	15 383 754	15 083 905	13 924 199	15 902 037	19 471 307	..	:	17 670 185 ..
Gjennomsnittlig utbetaling pr. stønadsmåned	7 768	7 585	8 411	9 932	9 060	9 632	6 812	6 764	7 339	..	:	:
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 18-24 år	4,7	4,4	5,0	4,9	4,0	4,1	4,6	4,8	5,1	..	:	:
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 25-66 år	5,6	5,6	5,6	4,7	5,3	5,0	5,8	5,5	6,1	..	:	:
Sosialhjelpsmottakere med stønad i 6 måneder eller mer	109	116	141	133	123	117	150	176	210	..	:	:
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde	40	43	45	53	51	58	45	40	40	..	:	:
Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innbyggerne 18-24 år	4,8	4,6	5,7	5,1	5,3	5,4	6,5	6,7	6,3	..	:	:

Tabellen over syner at talet på mottakarar av sosialhjelp steig mest i Hå i 2015. Hå ligg mellom Klepp og Time på dei fleste andre måleparametra.

Mål

Det vert satsa systematisk på å få alle friske personar ut i arbeid. Dette vert gjort anten ved hjelp av kvalifiseringsordninga, sysselsettingstiltaket «Ungdom i arbeid», eller arbeidspliktordninga. Andre mål er å fortsetje arbeidet med å få personar ut i arbeidslivet gjennom praktisk retta tiltaksplassar og å følgje opp dei føreslått tiltaka i plan mot barnefattigdom.

Det vil verta gjennomført brukarundersøkingar innan området sosial i 2017.

Driftsbudsjett sosial

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Brukarar	160	160	160	160	160
2420 Rådgjeving	3 640	3 565	3 565	3 565	3 565
Utgifter	4 910	5 106	4 834	4 834	4 834
Inntekter	-1 270	-1 269	-1 269	-1 269	-1 269
2651 Beredskapsbustader	-3 512	-4 306	-4 306	-4 306	-4 306
Utgifter	2 900	2 607	2 607	2 607	2 607
Inntekter	-6 412	-6 912	-6 912	-6 912	-6 912
2730 Org. Sysselsetting	1 450	1 020	1 020	1 020	1 020
Utgifter	3 280	2 850	2 850	2 850	2 850
Inntekter	-1 830	-1 830	-1 830	-1 830	-1 830
2760 Kvalifiseringsordninga	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Utgifter	3 584	3 605	3 605	3 605	3 605
Inntekter	-584	-605	-605	-605	-605
2810 Livsopphald	11 950	12 950	12 950	12 950	12 950
Utgifter	12 050	13 050	13 050	13 050	13 050
Inntekter	-100	-100	-100	-100	-100
Driftsutgifter sum	26 724	26 945	26 945	26 945	26 945
Driftsinntekter sum	-10 196	-10 717	-10 716	-10 716	-10 716
Netto drift	16 528	16 229	16 299	16 229	16 229
Årsverk	11,75	11,90	11,90	11,90	11,90

Tiltak

- Budsjettet til livsopphald er foreslått auka med 1 mill kroner i forhold til opphavleg budsjett for 2016, men 1 mill kroner lågare enn justert budsjett og forventa kostnad for 2016.
- Avtalen mellom Hå kommune og NAV skal verta reforhandla. I nåverande avtale yter kommunen 25 % av kostnadane. Dei siste åra har den kommunale delen av oppgåvene auka. Foreslår at det vert budsjettert med 40 % kostnadsdeling mellom kommune og stat. Dette gjer at den kommunale delen av leiarstillinga aukar frå 25 til 40%.
- Teneste 2730 org. sysselsetting vert redusert med 200.000 kr til sveisetiltaket som er nedlagt.

Helsestasjonar og anna førebyggjande helseteneste

Helsestasjonen driv førebyggjande helsearbeid, oppfølging av barn og unge, i tillegg til rettleiing av foreldre. Skulehelsetenesta er ein sentral aktør i det førebyggjande arbeidet. Kontaktflata dei har mot alle barna i skulen gir spesielle moglegheiter til å fange opp dei som treng hjelp tidleg.

KOSTRA-tala for 2015 viser dette innan helsestasjonar mm

KOSTRA Utdrag nøkkeltall helsestasjon mm	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år	2 908	3 449	3 706	4 805	5 329	5 876	5 085	5 746	6 354	6 022	6 346	6 715
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år	925	1 094	1 142	1 439	1 565	1 671	1 658	1 828	1 987	1 805	1 889	1 974
Netto driftsutgifter til førebyggjande arbeid, helse pr. innbygger	138	145	176	113	122	133	19	72	93	106	122	149
Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år.	60,5	46,2	61,2	44,1	48,3	53,8	51,8	55,7	63,8	50,3	51,3	56,1
Årsverk av jordmødre pr. 10 000 fødte.	35,2	35,0	34,5	28,9	14,2	75,2	58,4	56,1	76,9	44,5	43,7	48,8

Hå har høgare tal på helsesyster-årsverk per innbyggjar 0-5 år enn både Klepp, Time og gjennomsittet for Rogaland. Hå ligg lågt på kostnadssida fordi ein del av kostnadane er ført på opptrappingsmidla i psykiatrien. Dette vert nå redusert slik at kostnadsdata for helsesøstertenesta blir samanliknbar med andre kommunar.

Hå ligg lågt når det gjaldt jordmøntenesta i 2015. De er tilsett ei ny jordmor i 2016 slik at vi klarer dei lovpålagte heimebesøka til alle nyfødde.

Miljøretta helsevern omfattar faktorar i miljøet som kan påverke innbyggjarane si helse. Ein stor del av arbeidet her vert gjort gjennom interkommunal ordning. Satsane for betaling vert vedtekne av representantskapet i Brannvesenet Sør-Rogaland IKS. Det er forventa same nivå på tenesta og ei prisstiging på om lag 2,5 prosent. Kontroll av vatn på badeplassar kjem inn under dette kapittelet. Oppfølging av asylmottak og kjøletårn, i tillegg til godkjenning og tilsyn med skular og barnehagar er prioriterte område. Reisevaksinen er ført på denne tenesta og skal vere til sjølvkost.

Frisklivs- og meistringssenteret er ein del av kommunen sitt Folkehelsearbeid. Dei tek i mot personar som er tilviste med Frisklivsresept frå legar, fysioterapeutar og NAV. Senteret gir rettleiing om trening, kost og røykeslutt. Dei deltek i samhandlingstiltak som Lærings- og meistringssenter innan psykiatri og «Aktiv på dagtid», begge interkommunale tiltak der Jæren Distriktpsikiatriske senter er med. «Folkepulsen» er eit samarbeid med idrettslaga gjennom Idrettsrådet. Det er tilsett ein folkehelsekoordinator på 50 prosent som skal koordinere folkehelsearbeidet i heile kommunen. Folkehelsearbeidet har som tverrfagleg

siktemål å samle innsatsen i kommunen for å styrke faktorar som medverkar til betre helse og trivsel, og å svekke faktorar som medfører helserisiko.

Mål

Tenesta inngår som ein del av kommunen sitt førebyggjande - og helsefremmande arbeid. Arbeidet i helsestasjonane inneber rettleiing, helseundersøking, vaksineriing, oppfølging, informasjon og tilvising vidare etter behov.

- Fremje folkehelse slik at sosiale helseforskjellar blir utjamna. Folkehelsearbeidet skal fremje innbyggjarane si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold, og søke å førebygge sjukdom, skade og liding.
- Forankre det løypande folkehelsearbeidet gjennom kommunen sitt nye, heilskapelege styringssystem.
- Gjennomføre brukarundersøking for helsestasjonstenesta i 2017.

Driftsbudsjett helse

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
2320 Helsestasjon	5 999	7 400	7 400	7 400	7 400
Utgifter	7 218	7 827	7 827	7 827	7 827
Inntekter	-1 219	-427	-427	-427	-427
2325 Skulehelseteneste	3 652	3 817	3 817	3 817	3 817
Utgifter	3 652	3 817	3 817	3 817	3 817
Inntekter	-	-	-	-	-
2326 Tannhelseteneste	-650	-666	-666	-666	-666
Utgifter	-	-	-	-	-
Inntekter	-650	-666	-666	-666	-666
2332 Miljøretta Helsevern	1 698	1 737	1 737	1 737	1 737
Utgifter	2 423	2 461	2 461	2 461	2 461
Inntekter	-725	-724	-724	-724	-724
2334 Helseopplysning	320	329	329	329	329
Utgifter	324	333	333	333	333
Inntekter	-4	-4	-4	-4	-4
2335 Folkehelsa	1 700	1 784	1 784	1 784	1 784
Utgifter	1 824	2 202	2 202	2 202	2 202
Inntekter	-123	-418	-418	-418	-418
2336 Medisinsk attføring	45	49	49	49	49
Utgifter	45	49	49	49	49
Inntekter	-	-	-	-	-
Driftsutgifter	15 486	16 690	16 690	16 690	16 690
Driftsinntekter	-2 721	-2 239	-2 239	-2 239	-2 239
Netto drift	12 765	14 451	14 451	14 451	14 451
Årsverk	16,90	17,30	17,30	17,30	17,30

Tiltak

- I kommunestyresak 40/16 vart det vedtatt å auka den nye jordmorstillinga med 20% for å kunne tilsette ein kandidat som ønska 100% stilling.
- I kommunestyresak 40/16 vart det vedtatt å auke stilling innan folkehelsa med 20% for å administrere aktiv på dagtid på vegne av 4 kommunar.
- Det blir foreslått ein auke av legetida på Ognahelsestasjon frå 5 til 10 timar i månaden. Dette har ein kostnad på 45.000 kr per år.
- Det vert foreslått å kutte eit årsverk i helsesøstertenesta. Det vert arbeidd med stadige forbetringar. Tenesta har i tillegg fått oppretta ein eigen telefonkø som er betent av administrasjonen i helse og sosial og som kan endre timeavtalar. Det vert nå arbeidd med felles rutinar og malar som ytterlegare kan effektivisere tenesta og forenkle journalføringa. **Kommunestyret vedtok i sak 118/16 å ta inn igjen den foreslåtte reduksjonen på eit årsverk.**

Legar, fysioterapeutar og ergoterapeutar

Fastlegane i Hå er i hovudsak tilsett i kommunen. Kommunen har eiga legevakt på Bekkeheien, Nærbø. Legevakttelefonen er nå betent heile døgnet og vert også betent for kommunane Eigersund, Sokndal, Bjerkreim og Ualandsdelen av Lund.

Kommunen sine utgifter til fysioterapi er knytte til løn av fast tilsette og driftstilskot til fysioterapeutar med driftsavtale. Ergoterapi og fysioterapi er viktige element i det å gjere rehabiliteringspasientar i stand til å kome seg ut frå sjukeheimen, anten heim eller over i ein omsorgsbustad.

KOSTRA-tala for 2015 viser dette innan kommunehelsetenesten

KOSTRA Utdrag nøkkeltall Kommunehelsetenesten	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetenesten	1 446	1 561	1 685	1 742	1 761	1 891	1 740	1 873	1 996	1 942	2 058	2 106
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger	1 017	1 076	1 157	1 175	1 148	1 239	1 225	1 259	1 316	1 322	1 403	1 402
Legeårsverk pr. 10 000 innbyggere, kommunehelsetenesten	9	10	9	11	10	11	9	9	9	9	10	9
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetenesten	7,2	7,0	7,3	6,8	6,7	6,4	5,4	6,1	6,7	7,2	7,2	7,3
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241	7,3	7,9	7,3	9,6	8,9	9,4	7,6	8,1	7,9	7,7	7,8	7,7
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241	6,0	5,8	6,1	5,1	5,0	5,0	4,4	4,5	5,2	6	6	6
Årsverk av ergoterapeuter pr. 10 000 innbyggere (khelse+plo)	1,9	2,3	2,7	3,2	3,6	2,8	2,8	3,6	3,8	3,3	3,6	3,7
Årsverk til rehabilitering pr. 10 000 innbyggere (khelse + plo)	10,5	11,7	10,4	8,4	8,7	7,7	7,7	9,1	9,5	11,3	11,2	10,8
Gjennomsnittlig listelengde korrigerert for kommunale timer	1 065,0	1 027,0	1 044,0	1 316,0	1 430,0	1 282,0	1 261,0	1 167,0	1 290,0	1 388	1 351	1 334

Alle dei tre Jærkommunane har lågare driftsutgifter innan kommunehelsetenesta enn snittet for dei andre kommunane i Rogaland. Hå og Time ligger også lågare på talet på legeårsverk. Hå ligger høgast på årsverk av fysioterapeutar, men både Hå og Klepp ligger lågare på ergoterapeutar. Hå er høgast av Jærkommunane på årsverk til rehabilitering.

Mål

Gje ei fagleg god fastlege- og legevakttenesta.

Prinsippa for tenesteyting er deltaking og meistring, og at den moglegheita skal vere lik for alle. Med deltaking og meistring forstår ein i denne samanhengen, den enkelte brukar si moglegheit og evne til å delta og meistre aktivitetar som gir meiningsfull kvardag, gjennom å utnytte egne ressursar.

Det skal gjennomførast ei brukarundersøking innan legetenesta og legevakttenesta i løpet av 2017.

Driftsbudsjett lege-fysioterapi

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
2410 Lege	13 912	13 430	13 930	13 930	13 930
Utgifter	30 524	31 050	31 750	31 750	31 750
Inntekter	-16 612	-17 620	-17 820	-17 820	-17 820
2412 Legevakt	5 161	5 908	5 908	5 908	5 908
Utgifter	6 437	8 087	8 087	8 087	8 087
Inntekter	-1 276	-2 179	-2 179	-2 179	-2 179
2416 Fysio- ergoterapi	6 975	7 314	7 314	7 314	7 676
Utgifter	9 262	9 631	9 631	9 631	9 993
Inntekter	-2 286	-2 317	-2 317	-2 317	-2 317
2561 Akutthjelp	3 480	3 421	3 421	3 421	3 421
Utgifter	3 496	3 436	3 436	3 436	3 436
Inntekter	-16	-15	-15	-15	-15
Driftsutgifter	49 718	52 204	52 904	52 904	53 266
Driftsinntekter	-20 190	-22 131	-22 331	-22 331	-22 331
Netto drift	29 528	30 073	30 573	30 573	30 935
Årsverk	45,70	47,13	48,33	48,33	48,33

Tiltak

- Legevaktstelefonen aukar bemanninga med ei vakt kvar dag på Bekkeheien og som faseforskyvas slik at telefonen vert betent på Bekkeheien fram til kl. 24.00 og ikkje bare til kl. 22.00 som i dag. Deler av kostnaden vert dekkja av Dalanekommunane. Dersom dette tiltaket ikkje vert gjennomført, vil vi måtte auka bemanninga på natt på Hå sjukeheim som er dyrare.
- Driftstilskott til privat fysioterapeut vert skyvt frå 2017 til 2020 på grunn av innsparingar.

Rus og psykiatri

Tenesta rusvern er i stor grad ei oppsøkande teneste. Ho er også sterkt involvert i det bustadsosiale arbeidet i kommunen.

Funkishuset i Sandnes gir eit lågterskel helse- og omsorgstilbod for rusmiddelavhengige over 18 år. Dette tilbodet sikrar mellom anna kommunen si plikt til å ha eit slikt lågterskeltilbod. Funkishuset er ein del av eit interkommunalt samarbeid.

Psykiatritenesta har avdeling for heimeteneste, Hybelhuset og Aktivitetssenter. I tillegg har tenesteområdet eit Familiesenter med fokus på barn og unge og heile familiar. Vinkelbygget er ein del av psykiatritenesta sitt tilbod, men er organisert under tenesteområdet for institusjonar.

Mål

Sikre eit forsvarleg tilbod til dei som har særskilde og samansette behov.

Driftsbudsjett rus og psykiatri

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
2430 Rusvern	3 964	3 636	4 259	4 259	4 259
Utgifter	4 565	4 259	4 259	4 259	4 259
Inntekter	-601	-623	-	-	-
2544 Psykiatri	14 504	13 935	13 935	13 935	13 935
Utgifter	15 206	14 123	14 123	14 123	14 123
Inntekter	-702	-188	-188	-188	-188
Driftsutgifter	19 771	18 382	18 382	18 382	18 382
Driftsinntekter	-1 303	-811	-188	-188	-188
Netto drift	18 468	17 571	18 194	18 194	18 194
Årsverk	20,69	20,69	20,69	20,69	20,69

Tiltak

- Prosjektstilling på rusområdet som er finansiert av Rogaland Fylkeskommune og oppretta i 2015, er forlenga med nok eit år. Det er signaler om at kommunen også vil få tilskott for 2017 og vi rår til å utsette å gjera stillinga fast til 2018.
- Det vert foreslått å redusera budsjettet for kjøp av rusomsorgsplasser frå 1 mill kroner til 500.000 kr frå 2017.
- Det vert foreslått å kutte den psykologstillinga som er innvilga delfinansiering av fylkesmannen.

Flyktningar

Straumen av flyktningar endrar seg raskt, og korleis kommunen lukkast med integreringa av flyktningane har mykje å seie for kostnadane på dette området. Introduksjonsprogrammet varer i 2 år medan den einskilde har status som flyktning i 5 år. Det vert derfor foreslått å setje inntektene lik dei forventa kostnadane i økonomiplanen. Om dette syner seg å ikkje halde, er det opparbeidd eit fond det er mogleg å trekke midlar frå fram til ein får sett inn tiltak som vil kunne forbetra situasjonen. Desse midlane kan ikkje nyttas til andre føremål kommunen.

Mål

Ei rask og god integrering slik at alle som buset seg i kommunen kan verte sjølvhjelpete i det norske samfunnet.

Driftsbudsjett flyktningar

2 G = 185152	2016	2017	2 018	2 019	2 020
Personer på intro	80	100	80	80	80
2750 Intro stønad	7 200	11 000	9 600	9 600	9 600
2815 Sosialhjelp	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
330/2422	8 916	2 380	2 500	2 500	2 500
331/2750		4 218	4 218	4 218	4 218
331-2612/2835		1 424	1 447	1 447	1 447
Ansvar 332 Barnevern					
2440 Barnevern		1 160	1 160	1 160	1 160
2520 Fosterheim		4 954	4 954	4 954	4 954
2521 Institusjon		500	500	500	500
Sum utgifter	21 116	30 873	29 379	29 379	29 379
8500 Statstilskott fl	-21 116	-30 873	-29 379	-29 379	-29 379
Netto utgifter/inntekter	-	-	-	-	-
Årsverk	0	7	7	7	7

Tiltak

- Det er i 2016 oppretta ein eigen Flyktningeining som har ansvar for busetting, introduksjonsprogrammet og integrering i Jadarvegen 5.
- Flyktningeininga har fått overført 4,75 stillingsheimlar, der 0,25 er overført til eigedomsavdelinga for reingjering av lokala.

Nærland mottak

Hero Mottak as driftar det statlege mottaket for asylsøkjjarar. Kommunen leverer helsetenester til personar på mottaket og får økonomisk stønad frå staten. Stønadene frå staten går i balanse med utgiftene. Når det gjeld psykiske helsetenester til mottaket har kommunen avtale med Jæren Distriktpsykiatriske senter.

Driftsbudsjett Nærland mottak

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Driftsutgifter	1 738,0	2 258,9	2 258,9	2 258,9	2 258,9
Driftsinntekter	-1 783,4	-2 308,9	-2 308,9	-2 308,9	-2 308,9
Netto drift	-45,4	-50,0	-50,0	-50,0	-50,0
Årsverk	1,8	1,8	1,8	1,8	1,8

Tiltak

- Opprette eit eige område innan fagsystemet til legane som kan nyttas av både lege, helsesøster og leverandør av psykisk helsehjelp. Konvertere data frå det gamle systemet og inn i det nye. Kostnaden dekkes innan ramma av statlege midlar.

Transport, bevilling/skjenkekontroll, lærlingar

Transport omfattar all transport, innleie av drosjar og egne bilar. Det vert årleg køyrd eit høgt km tal til transport av heimesjukepleie, legevakt, bebuarar i omsorgsbustadar og brukarar av dagtilbod, vaktmeistertjenester og liknande.

Tenesteområdet har 62 bilar til disposisjon som vert nytta til intern transport.

I gjeldande økonomiplan er det lagt inn eit nivå på i snitt om lag 20 lærlingar pr. år.

Driftsbudsjett Transport, Bevilling/skjenkekontroll, Lærlingar

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
2341 Transport	1 614	1 397	1 397	1 397	1 397
Utgifter	5 409	5 586	5 586	5 586	5 586
Inntekter	-3 796	-4 190	-4 190	-4 190	-4 190
2423 Bevilgning/Skjenkekontroll	-35	-43	-43	-43	-43
Utgifter	138	140	140	140	140
Inntekter	-173	-183	-183	-183	-183
2547 Lærlingar	3 155	3 124	3 124	3 124	3 124
Utgifter	4 435	4 444	4 444	4 444	4 444
Inntekter	-1 280	-1 320	-1 320	-1 320	-1 320
Driftsutgifter sum	9 982	10 171	10 171	10 171	10 171
Driftsinntekter sum	-5 249	-5 693	-5 693	-5 693	-5 693
Netto drift	4 734	4 478	4 478	4 478	4 478
Årsverk	2,56	2,56	2,56	2,56	2,56

Tiltak

- Ingen nye tiltak i 2017.

Fengselshelsetenesta

Verksemda vert driven som ein integrert del av kommunen si helseteneste. Utgiftene vert dekkja av staten gjennom øyremarka tilskot, og drifta vert lagt opp etter dette.

Driftsbudsjett fengselstenesta

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Brukarar	220	220	220	220	220
Driftsutgifter	5 517	5 842	5 842	5 842	5 842
Driftsinntekter	-5 517	-5 842	-5 842	-5 842	-5 842
Netto drift	0	0	0	0	0
Årsverk	5,4	5,4	5,4	5,4	5,4

Tiltak

- Ingen nye tiltak i 2017.

Bustader

Vedlikehald og reingjering vert handtert av Eigedomsavdelinga. Vedlikehald av uteområdet utanfor institusjonar og bufellesskap er overført til Tenesteområde for tekniske saker og næring.

Det er ein del ledige omsorgsbustadar. Dette har gjort at vi dei siste to åra har måtta justere ned leieinntekta i budsjettåret. Samstundes er vi avhengige av denne kapasiteten når vi skal stenge den nye delen av Hå sjukeheim i anleggsperioden.

Dette kapitelet inneheld husleigeinntektene og dei kostnadselementa som ikkje vert flytte over til Eigedomsavdelinga.

Mål

- Få utnytta bustadene mest mogleg effektivt.

Driftsbudsjett bustader

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Ressursbruk	181	181	181	181	181
2650 Trygdebustadar	-5 699	-5 192	-5 192	-5 192	-5 192
Utgifter	426	433	433	433	433
Inntekter	-6 125	-5 625	-5 625	-5 625	-5 625
2650 Verna bustadar	-2 647	-2 705	-2 705	-2 705	-2 705
Utgifter	66	75	75	75	75
Inntekter	-2 713	-2 780	-2 780	-2 780	-2 780
Driftsutgifter	492	508	508	508	508
Driftsinntekter	-8 838	-8 405	-8 405	-8 405	-8 405
Netto drift	-8 346	-7 897	-7 897	-7 897	-7 897
Årsverk	-	-	-	-	-

Tiltak

- Ingen nye tiltak i 2017.

Eigedomsavdelinga i helse og sosial

Eigedomsavdelinga har i tillegg til byggeleing også ansvar for vedlikehald og reingjering av alle kommunale bygg. Eigedomsavdelinga sitt budsjett er lagt innan tenesteområda. Det er oppretta egne tenester for å skilje tenesteområdet si drift frå Eigedomsavdelinga si drift. På denne måten er drift og vedlikehald i helse og sosial framleis ein del av ramma til tenesteområdet.

Mål

- Gjennomføre fortløpande reinhald og vedlikehald.
- Kartlegge tilstand til bygga og utarbeide ein vedlikehaldsplan med forslag til investering og drift.

Driftsbudsjett Eigedom i helse og sosial

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
1208 Byggjeleing	2 353	2 407	2 407	2 407	2 407
Utgifter	2 370	2 422	2 422	2 422	2 422
Inntekter	-18	-15	-15	-15	-15
1210 Forsikring	509	450	450	450	450
Utgifter	509	450	450	450	450
Inntekter	-	-	-	-	-
1301 Drift og vedlikehald adm	3 186	3 443	3 443	3 443	3 443
Utgifter	3 795	4 109	4 109	4 109	4 109
Inntekter	-609	-666	-666	-666	-666
1302 Vaktm/reinhald. Adm b	3 058	3 496	3 496	3 496	3 496
Utgifter	3 058	3 688	3 688	3 688	3 688
Inntekter	-	-192	-192	-192	-192
2345 Drift av eldre-/dagsenter	914	821	821	821	821
Utgifter	1 080	962	962	962	962
Inntekter	-166	-141	-141	-141	-141
2347 vaktm/reng eldre-/dag	3 198	3 485	3 485	3 485	3 485
Utgifter	3 198	3 492	3 492	3 492	3 492
Inntekter	-	-7	-7	-7	-7
2612 Drift av institusjon	10 894	10 274	10 274	10 274	10 274
Utgifter	12 180	11 316	11 316	11 316	11 316
Inntekter	-1 286	-1 043	-1 043	-1 043	-1 043
2613 Vaktm/reng institusjon	4 737	5 082	5 082	5 082	5 082
Utgifter	4 777	5 205	5 205	5 205	5 205
Inntekter	-40	-123	-123	-123	-123
2653 Bustader eldre/funksj-h	4 836	4 703	4 703	4 703	4 703
Utgifter	5 457	5 353	5 353	5 353	5 353
Inntekter	-621	-650	-650	-650	-650
2654 Beredskapsbustader	1 927	2 946	2 946	2 946	2 946
Utgifter	1 927	3 238	3 238	3 238	3 238
Inntekter	-	-292	-292	-292	-292
Driftsutgifter	38 351	40 233	40 233	40 233	40 233
Driftsinntekter	-2 740	-3 129	-3 129	-3 129	-3 129
Netto drift	35 612	37 104	37 104	37 104	37 104
Årsverk	22,67	23,12	23,12	23,12	23,12

Tiltak

- Det vert flytta 0,25 reingjeringsheimel frå Flyktningeininga til Eigedomsavdelinga for reinhald av Jadarvegen 5.
- Det vert flytta 0,2 heimele for reinhald frå Dagsenter PU som var utelatt i fjor.
- Skifte av golv på kjøkkenet Hå sjukeheim 250.000 kr ekskl. mva. Halvparten av kostnadene er auka driftskostnader under driftsstansen på kjøkkenet, blant anna til innkjøp av halvfabrikata.

Tilskot frå Husbanken, etablering og utbetring

Vidareformidling av statlege midlar frå Husbanken til utbetring/tilpassing og etablering/rehabilitering.

Tilskot frå Husbanken

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Brukarar snitt	12	12	12	12	12
Driftsutgifter	600	500	500	500	500
Driftsinntekter	-600	-500	-500	-500	-500
Netto drift	0	0	0	0	0

Tiltak

- Halde fram med drift som i 2016.

Investeringsbudsjett helse og sosial

Viktige utfordringar i komande periode

Påbygging av to nye etasjar på den nye delen av Hå sjukeheim, og i tillegg kome i gang med planlegginga av eit nytt helsehus på Nærbø er dei viktigaste satsingane i komande periode.

Det er budsjettert midlar avsett oppgradering av mindre fagsystem og Velferdsteknologi under IT avdelinga i sentraladministrasjonen.

Investeringar i planperioden

1000 kroner	Løyving					Tilskott
	t.o.m. 2016	2017	2018	2019	2020	
Påbygg Hå sjukeheim	57 000	46 800	63 200			63 954
Investering i bustader som skal være institusjon i byggeperioden	1 050					
Sosiale/flyktningsbustader	20 mill kr/år	-	-			
Kjøp av bustader/leilegheiter	5 mill kr/år	5 000	5 000	5 000	5 000	4 000
Bil omsorgstenesta	200-400' / år	400	200	200	200	
Helsebygg Nærbø	2 000			1 500	30 000	*
Takheis Stampen		320				
Isolere tak Klokkartunet administrasjonsbygg og hybelhus		1 700				
SUM		54 217	70 418	8 719	35 200	67 954

1. Påbygg Hå sjukeheim

Det løyvde beløpet på dette prosjektet er på 167 mill kroner. Arbeidet med parkeringshus har starta og vil verta gjort ferdig i april neste år. Dei nye etasjane er planlagt ferdige hausten

2018. I byggeprosessen må to avdelingar flytta ut. Det bur i dag 32 pasientar på desse avdelingane. I budsjettet er det forslag om å redusera med 4 til 28 pasientar.

I fjor vart det løyvd 1.050.000 kr inkl. mva til følgjande tiltak:

1. Bygga inne svalgangen i blokka utanfor Heimtun.
2. Investera i pasientalarmer i leilegheitene ved Gjegnet og ei av etasjane i blokka ved Heimtun.
3. Laga eit medisinrom i blokka ved Heimtun og i Gjegnet 30.
4. Kjøpa 4 dekontaminatorar for vask av medisinsk utstyr og industrivaskemaskinar til kontaminerte klede.
5. Kjøpa medisinske måleapparat – CRP, BT, INR og HB.
6. Kjøpa nokre store kjøleskåp.

Tiltaka som har ikkje kome i gang må bli ført over til 2017.

Stampen må stenge frå sommaren 2017 og minimum eitt år på grunn av påbygginga. Vi foreslår å bruke 250 000 kr ekskl. mva frå PU fondet til å installera takheis frå alle garderobane til bassenget.

2. Flyktningbustadar

Hå kommune har ansvar for å busetje mange flyktningar. Målet er at flyktningane sjølv skal leige husvære, men om dei ikkje klarer det har kommunen ansvar for å skaffe bustad. IMDI har nå kome med signaler om lågare tal på busette enn vi tidlegare har vedtatt. Med tilbodet vi har i dag på bustadar til leige, foreslår vi at investeringsbeløpet på 20 mill kroner per år vert sett til 0 i denne økonomiplanen.

Til kjøp av bustader til flyktningar og andre vanskelegstilte foreslår vi ei vidareføring av 5 mill kroner årleg.

3. Klokkartunet

Det er behov for etterisolering av tak på administrasjonsbygget og garasjebygg, totalt areal 455 m². Prisen er med oppbygging av kanten langs bygget og for etterisolering med ny takpapp med beslag. Estimert til 850 000 kr inkl. mva.

Det er i tillegg behov for å etterisolere taket på Klokkartunet 1 – 27 hybelhuset med ny takpapp + beslag, areal 460 m². Totalpris 850 000 kr inkl. mva.

4. Nye bilar

Vi foreslår å investere i ein bil til helsestasjon og jordmortenesta på Nærbø for bruk til heimebesøk. Det er lovpålagt med heimebesøk til alle nyfødde av både helsesøster og jordmor. Med 300 barnefødsler vil det utgjera 600 heimebesøk i året. Vigrestad og Varhaug har nettopp fått bil, men Nærbø treng også ein bil. Kostnad 200.000 kr ekskl. mva.

I tillegg treng er det behov for ein bil ekstra for å erstatte ein kondemnert bil.

5. Nytt kommunalt helsebygg på Nærbø

Behovet for nye framtidige kommunale funksjoner på Nærbø er forankra i kommunestyret si sak 98/15. Arbeidet har vært gjennomført i ei tverrpolitisk arbeidsgruppe med rådmannen

som sekretær. Saka ble vedtatt i formannskapet sak 67/16 ifølge arbeidsgruppa si innstilling. Deretter blei ho lagt fram for kommunestyret 15. september 2016 og sendt tilbake til administrasjonen mens ein ventar på framlegging av budsjettet.

Etter at saka blei presentert for politikarane i september har rådmannen jobba vidare med prosjektet i lys av arbeidet med et meir krevjande budsjett og økonomiplan, resultatet av Statsbudsjettet og ny sentrumsplan for Nærbø.

Behovet for framtidige kommunale funksjonar på Nærbø er fortsatt til stede og like aktuelt, men rådmannen foreslår i budsjett og økonomiplan å flytte om på fleire funksjoner internt på Nærbø ved å ta i bruk Heimtun meir aktivt.

Rådmannen har derfor sett på ulike alternativ for å møte disse utfordringane:

- Etter at to etasjar på Hå sjukeheim står ferdig etter sommaren 2018, er det allereie planlagt å flytte sjukeheimsdelen av Heimtun over på Hå sjukeheim og dagsenteret for heimebuande på Nærbø frå Hå sjukeheim til Heimtun.
- Til tross for ei slik flytting vil Heimtun har plass til fleire funksjonar. Det vil være mulig å samle avlastingsbustaden som i dag held til i Blåbærtua, dagsenter PU og kontor til funksjonshemma til 2. og 3. etasje på Heimtun. Gjør vi dette grepet vil vi kunne auke kapasiteten på avlastingsbustaden for barn gjennom synergjar på bemanninga. Samtidig vil det bli ei kvalitetsheving frå dagens standard med fellesbad for barna til eitt bad per barn.
- Blåbærtua kan nyttas til eit nytt Familiesenter som vil få meir plass til å utvikle sine tenester på sikt.
- Med å vente med sal av Jadarvegen 5 kan vi også vente med å finne nye lokale til dei funksjonane som ligg i dette bygget per i dag.
- Dersom tannlegane blir kommunale, anbefaler rådmannen at dei får redusert tal på kvadratmeter frå ønska 900 til 600 kvadratmeter. Det er likevel betydeleg større enn dagens tal på kvadratmeter.
- Rådmannen foreslår å ta ut fleire funksjonar enn det som ble presentert i sak 67/16 til formannskapet 06.09.16. Det gjør at behovet for tal på parkeringsplassar halveras frå 50 til 25 plassar.
- Dersom vi vel å ha helsestasjonane for barn og ungdom i same bygg, vil totalbehovet for tal på kvadratmeter reduseras på grunn av synergjar.
- I tillegg foreslår rådmannen å sjå behovet for framtidige helsefunksjonar på Nærbø i samanheng med det pågåande arbeidet med sentrumsplanen for Nærbø. Det gjelder spesielt behovet for parkeringsplassar.

Med bakgrunn i punkta over foreslår rådmannen en justert kalkyle som nemnt under:

- BTA er endra frå 6722 til 2732 kvm
- Anslag på totalkostnadar er endra frå 196,4 mill kroner til 79,2 mill kroner.

Behov: Rødt - svært nødvendig, Gult - sterk anbefalt,		Ny anbefaling
Legesenter		Nytt helsehus
Jadarv. 25 :		
Familiesenter		Flyttes til Blåbærtua jan 2019
Dagsenter PU		Flyttes til Heimtun høst 2018
Avd. for funksjonshemmede 2 kontor		Flyttes til Heimtun høst 2018
Helsestasjon for ungdom		Nytt helsehus
Møtested (er i kjeller Jadarv. 25)		Kjeller Jadarvegen 5
Jadarv. 5		
Småjobbsentralen		Utsettes
Ungdom i arbeid		Utsettes
Frivilligsentralen		Utsettes
Flyktningsenheten		Utsettes
Drift- og vedlikeholdstjenesten		Utsettes
Andre		
Helsestasjon Nærbø		Nytt helsehus
Tannlege		Nytt helsehus
Nav		Utsettes
Avlastning i Blåbærtua		Flyttes til Heimtun høst 2018

Kostnadsoverslag nytt legesenter Nærbø

Formål	BTA	Mill kr Kostnad
Nytt legesenter Nærbø	572	20,1
Helsestasjon inkl. helsestasjon for ungdom	360	12,0
Utleie til mulig tannlegesenter	600	20,1
25 parkeringsplasser + teknisk rom	1200	27,0
SUM	2732	79,2

Rådmannen foreslår å sette av 1,5 mill kroner i 2019 til begynnende prosjekteringsarbeid og 30 mill kroner i 2020 med tanke på å realisere eit nytt helsehus på Nærbø sett i samanheng med sentrumsplanen.

Kommunestyret vedtok i sak 118/16 å redusere investeringsbeløpet i 2020 til 15 mill kroner.

Vedlegg helse og sosial

Tabellen under syner dei endringane som vart vedtekne i løpet av 2016.

Teneste	Tiltak 1000 kroner	2017	2018	2019	2020
2530	1 barnebustad KS vedtak. 7,5 heimlar	6 286	6 286	6 286	6 286
	Refusjon barnebustad	-3 889	-3 889	-3 889	-3 889
	Økt bemanning eksisterande barnebustad 2,4 heimlar vedteke 2.tertial	1 874	1 874	1 874	1 874
	Økt refusjon eksisterande barnebustad	-1 494	-1 494	-1 494	-1 494
2545	1 funksjonshemma bebuar KS vedtak 8,3 heimlar	6 994	6 994	6 994	6 994
	Auka refusjonsinntekter frå økte kostnader PU	-3 789	-3 789	-3 789	-3 789
2540	Heimebuande barn med behov. KS Vedtak 4,75 heimlar	3 909	3 909	3 909	3 909
	Refusjon heimebuande barn. KS Vedtak	-2 231	-2 231	-2 231	-2 231
2320	0,2 heimel auke av jordmor vedtatt 1.tertial	120	120	120	120
2335	0,2 heimel auke Frisklivssentralen vedtatt 1.tertial.	120	120	120	120
	kostnadsdekning frå andre kommunar	-90	-90	-90	-90
2750	4,5 heimlar flytta frå Opplæringsssenteret til Flyktningeininga	4 218	4 218	4 218	4 218
	Støtte frå staten	-4 218	-4 218	-4 218	-4 218
	Netto endring frå førre år 1000 kroner	7 810	7 810	7 810	7 810
	SUM økte årsverk	27,85	27,85	27,85	27,85

Forslag til endringar i økonomiplan 2017-2020

Teneste	Tiltak 1000 kroner	2017	2018	2019	2020
2520	Økte utgifter til fosterheim	1 000	1 000	1 000	1 000
2810	Livsopphold NAV	1 000	1 000	1 000	1 000
	Endra fordeling av NAV mellom stat og kommune frå 25 til 40%. Kommunen sin del av NAV leder aukar med 0,15 heimel	180	180	180	180
2412	Legevakta. Økt bemanning på Bekkeheien 1,43 årsverk inkl. 0,2 leder	1 194	1 194	1 194	1 194
	Reduksjon ekstravaktsbudsjettet	-400	-400	-400	-400
	Økt avgift til staten på nødnett og driftskostnad HDO.	500	500	500	500
	Økt refusjon frå andre kommunar.	-796	-796	-796	-796
2320	Helsestasjon. Økt legedekning på Oгна Helsestasjon 5 t/mnd	45	45	45	45
2611	Terapibasseng Stampen. Lågare inntekter pga. stenging 2017 og 2018	322	322		
2612	Skifte av golv kjøkken Hå sjukeheim inkl. mva	320			
	Vidareføring av et nytt årsverk heimesjukepleie i 2020				700
2343	Auke sommeravlastning i Blåbærtua for funksjonshemma barn	200	200	200	200
	Netto endring frå førre år 1000 kroner	3 565	3 245	2 923	3 623
	SUM økte årsverk	1,58	1,58	1,58	2,58

Forslag til innsparing i økonomiplan 2017-2020

Teneste	Tiltak 1000 kroner	2017	2018	2019	2020
2530	Mindreårige flyktningar reduksjon 2,5 årsverk	-3 000	-3 000		
	reduksjon Statsstøtte mindreårige flyktningar	3 000	3 000		
	Opptrappingsmidlar 4.etg. Hå sjukehem	-750	-750	-750	-750
	Sparing ved 16 nye korttidsplasser i staden for bare langtidsplasser etter påbygg Hå sjukeheim. Reduksjon 7 heimlar		-5 000	-5 000	-5 000
	Leiarstilling 4BU erstattas ikkje og en leder får ansvar for 2 avdelingar.	-600	-600	-600	-600
	Klokkarhagen reduserer med 0,67 heimel som de fikk overført i fjor	-450	-450	-450	-450
	Legge ned 4 sjukeheimspl. på 3BU i 2017 og 2018. 4,5 heimlar	-3 000	-3 000		
	Avslutte utleie av 2 plasser Vinkelbygget Reduksjon 7,189 heimlar	5 570	5 570	5 570	5 570
	Reduksjon tilsvarende inntekt frå andre kommunar	-5 570	-5 570	-5 570	-5 570
2416	1 driftstilskot til privat fysioterapeut utsatt frå 2017 til 2020	-362	-362	-362	
2340	Dagsenter for heimebuande: reduksjon 2 heimlar ift økonomiplanen 2016-2019	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
	Forventa støtte til ein heimel i Aktivitetssenteret i 2017	-524			
	Dagsenter PU reduksjon med 1,5 heimel	-700	-700	-700	-700
	Legge ned Dagsenter for heimebuande eldre på Nærbø til 2019	-1 420	-1 420		
2430	Ruskonsulent 1 heimel. Finansiert av Fylkesmannen	-623			
	Redusere kjøp av rusomsorgsplassar frå 1 mill til 500 KNOK	-500	-500	-500	-500
2545	Besparing i bustader for PU + nedtrapping gir reduksjon på 6,86 heimlar frå 2017	-4 111	-4 111	-4 111	-4 111
	I økonomiplanen låg det nedtrapping med 4,6 heimlar i 2017, men dette reduseras til 2,8 heimlar sidan inntekta ikkje reduserast.				
	Refusjon ressurskrevande beløp gis i ramma etter fylte 16 år	700	700	700	700
	Justering Nedtrapp PU 2018 til 2020		1 926	-417	-1 667
2540	Fjerne forslag om 1 heimesjukepleier auke i 2017	-700			
1200	Redusere kjøp av tenester frå andre	-300	-300	-300	-300
	Flytte 0,5 stilling til barnevern utan å auke barnevernskostnaden	-464	-464	-464	-464
	Redusere utdanningsbudsjett tilsette	-50	-50	-50	-50
2730	Reduksjon arbeidsmarknadstiltak på Vedlikehaldsverkstaden	-200	-200	-200	-200
	Reduksjon i kursbudsjett og vikarbudsjet for kurs	-600	-600	-600	-600
2320	Reduksjon helsesøster 1 stilling	-700	-700	-700	-700
2543	Reduksjon i budsjett til brukarstyrt personlig assistent (BPA)	-400	-400	-400	-400
2544	Reduksjon psykologstilling delfinansiert av staten netto	-150	-300	-350	-350
	Reduksjon i ekstravakt og overtid	-1200	-1200	-1200	-1200
	Netto endring frå førre år KNOK	-18 104	-19 481	-17 454	-18 342
	SUM reduserte årsverk	26,26	30,06	24,51	26,76

Følgande endringar blei ikkje vedteke i KST og er tatt inn igjen i tabellane i hovudkapittelet foran

- Ta inn igjen foreslått reduksjon i helsesyster: 0,7 mill kroner årleg
- Ikkje legge med dagsenter i to år: 1,42 mill kroner i 2017 og 2018
- Ta inn løyving til nattsjukepleiar med 1 mill kr årleg



Tekniske saker og næring

I driftsbudsjettet for 2017 legg vi meir ressursar til grønt, landbruk og brann. Når det gjeld investering, er det tilrettelegging av bustad- og næringsareal i Stokkalandsmarka som er hovudprioritet. Det er òg fokus på sentrumsutvikling, saneringsarbeid og flaumtiltak. Andre tiltak er skyvd ut i tid eller ut av økonomiplanperioden.

Mål

Tenesteområdet har som målsetting å vera samfunnsutviklar og leggja til rette for at kommunen kan veksa på ein måte som sikrar gode levekår og ei berekraftig utvikling. Det skal ystast tenester av god kvalitet, og investeringar skal vera overleverte i rett tid og innanfor godkjente budsjettrammer. Saksbehandlinga skal vera effektiv og målretta. Det skal vera ein god kommunikasjon med aktuelle partar i saksbehandlinga.

Tenesteområdet består av følgjande avdelingar:

- Plan- og forvaltningsavdeling
- Teknisk drift
- Kommunalteknikk og brann
- Næring og hamn
- Stab

Viktige satsingsområder i planperioden:

Stokkalandsmarka

Kommuneplanen har følgjande målsettingar: *Legge til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samtidig som det vert tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskapet.* Om hovudgrep i den langsiktige arealstrategien er det sagt: *I Stokkalandsmarka skal tilrettelegging av nye utbyggingsareal tilpassast etterspurnaden.*

Det vert vist til utbyggingsplan for Stokkalandsmarka. Planen skal behandlast i kommunestyret 17. november 2016. I den ligg det føre følgjande tiltaksliste til politisk behandling:

«Stokkalandsmarka skal fortsatt vere eit hovudutbyggingsområde i Hå kommune. Med dei store investeringane som blir gjennomført i området, er det viktig at det også blir lagt sterk vekt på sal av tomter og utbyggingsareal. Som ledd i den vidare utviklinga av området skal:

- kommunen alltid ha byggeklare sjølvbyggartomter for sal i området.
- det gjennomførast ei prøveordning med utvida byggeklausul på 5 år for inntil 5 tomter.
- det utlysast 5 tomter til private utbyggarar for utvikling og sal av eigne prosjekt. Utbyggar vert gitt opsjonsrett til tomtene i 2 år med betaling før igangsettingsløyve.
- det opnast for at alle tomtekjøparar kan kjøpe tomt på like vilkår, dvs. ta bort vilkåret om at søkjarar skal ha tilknytning til kommunen for å få tildelt tomt.
- bebuarane i området inviterast til eit samarbeid om vidareutvikling av området (Gjestebodsmodellen eller andre medverknadsmodellar)».

Satsingsområde neste periode er knytt til store investeringar i Stokkalandsmarka. Dette er grunnlagsinvesteringar for den vidare utbygginga innanfor reguleringsområdet for

Stokkalandsmarka aust, kor det kan byggast om lag 330 bueiningar. Opparbeidinga vil legga til rette for bygging av både ny barnehage, skule og eit sentrumsområde med plass for butikketablering m.m. Det er i kommunestyret vedtatt at det alltid skal vera tilgjengelege tomter.

Dei store investeringane i infrastrukturtiltak i Stokkalandsmarka som vart lagde inn i økonomiplan 2016-2019, er skyvde ut av planperioden, med unntak av investeringane som er lagde til grunn i utbyggingsplanen på 143,5 mill kroner. Det som ligg inne i dette forslaget til økonomiplan er opparbeiding av tomter slik at vi har nok ledige tomter ut frå revidert bustadbyggeprogram. Vidare er det lagt inn 5 mill kroner til oppstart overordna grøntareal, samt 9 mill. kroner til forlenging av Haugstadvegen fram til skule og sentrum.

Klimaendring og flaumtiltak

Rådmannen fekk i 2016 ei flaumvurdering av tettstader i Hå med bakgrunn i hendinga 7. august 2014. Vurderinga vart gjort av eit tysk konsulentfirma ved Dr. Blasey og Dr. Øverland. Vurderinga vart presentert i utval for tekniske saker og næring i sak 064/16 og formannskapet i sak 050/16. Denne rapporten vil også trekke fram dei pågåande klimaendringane og verknadane som desse etter kvart vil kunne få for kommunen. Kommunen har fått ein grundig fagrappport om flaumproblematikken i kommunen, og tiltak som følgje av dette er delvis innarbeida i økonomiplanen. Det er hittil løyvd 30 mill. kroner til flaumtiltak. I perioden 2017-2020 er det foreslått ytterlegare kr 16 mill kr til flaumtiltak.

Rådmannen viser elles til liste med forslag til flaumtiltak under teneste 3530.

Kommunedelplan for Nærbø sentrum

Kommuneplanutvalet vedtok i sak 009/16 planprogram og arbeidet med kommunedelplan for Nærbø sentrum. Med dette starta Hå kommune opp ein ny og spanande medverknadsprosess for Nærbø sentrum dei komande åra, kalla Gjestebodmodellen. Dette er eit omfattande arbeid som vil gå over fleire år. Medverknadsprosessen er å involvera befolkninga før ein teiknar kartet. Det er ønskjeleg å få innspel til korleis ein ønskjer sentrum; kva skal det innehalda og kor skal det vera. Det er også overordna forhold som må klargjerast, slik som plassering av stasjonen (dobbeltspor), trafikkmonster og handelsanalyse. Første gjestebodsamling vart avhalden hausten 2016, og tema for denne samlinga var kva som skal vera Nærbø sentrum sin visjon. Kommuneplanutvalet behandlar innspela frå gjesteboda i sine møter framover.

Rådmannen har lagt inn forslag til planleggingsmiddel for sentrumsutvikling Nærbø. I tillegg har rådmannen sett dette arbeidet i samheng med helsehuset på Nærbø.

Brann

Parallelt med framlegging av budsjett og økonomiplan legg rådmannen fram ein prinsippsak om Hå brannvesen dei komande åra. Rådmannen si innstilling er slik:

1. *Hå kommune fortsetter drift av eget brannvesen.*
2. *Med bakgrunn i risiko- og sårbarhetsanalyse for Hå brannvesen revidert i mai 2016 godkjennes fremlagte forslag til dokumentasjon av (brannordning for) Hå kommunes brannvesen.*
3. *Forebyggende avdeling styrkes med ett årsverk, jf. dimensjoneringsforskriften §3-2.*
4. *Stillingsprosent for brannkonstabler økes frå 0,96% til 1,45 %; noe som tilsvarer en økning på 20 til 30 timer pr. år.*

- 5 *Det innføres vaktordning ved Vigrestad brannstasjon 4 uker om sommeren, samt i påskeuken og ved pinse.*
- 6 *Forslag til endringer i punktene 1-5 ovenfor innarbeides i økonomiplanen f.o.m 2017.*
- 7 *Brannordning revideres ved behov, og senest innen 4 år.*

Landbruk

I januar 2016 hadde Fylkesmannen forvaltningsrevisjon av Landsbruksforvaltninga i Hå. Dei ga oss tre avvik og fire merknadar. Ein av merknadane var at kommunen har sett av lite ressursar til forvaltning av oppgåvene på landbruksområdet.

For å møte avvika og merknadane til fylkesmannen og dei behova me ser innanfor landbruksforvaltninga si auka saksmengde, foreslår rådmannen å auka driftsbudsjettet med 0,5 stilling frå 2017 (dvs. halvårsverknad) og 1 stilling frå 2018 (heilårsverknad). **Dette blei ikkje godkjent av kommunestyret og er tatt ut igjen.**

Grønt

I ny forskrift om plantevernmiddele av 1. juni 2015 er det ikkje lenger lovleg å bruka vanleg sprøytemiddele på leikeplassar. Me må bruka ei ordning som er fordyrande. Det er foreslått ein auke til dette på driftsbudsjett med kr. 500 000 årleg.

Prosjektoppfølgning og digitalisering

IKT-planen legg opp til innføring av eigeidomsmodular slik at plan- og byggesaksdialog kan innførast. Dette er i regi av Smartkommune som følgje av medlemskap i Greater Stavanger. Det vil også bli kjøpt inn eit prosjektstyringsverktøy slik at ein får eit betre og enklare verktøy til å følgja opp dei store prosjekta som tenesteområdet utfører i eigen regi og gjennom anbod. Ein vil også sjå på å forenkla og effektivisere med å få meir over frå papir til digitalt format. Dette arbeidet vert også gjort i samarbeid med servicetorget for å fornya, forenkla og forbetra tenestene for innbyggjarane.

Medlemsskapet i Greater Stavanger gir kommunen eit sterkare verktøy innan næringsutvikling. Gjennom arealguiden får vi marknadsført kommunen sitt næringsliv og næringsstomter, slik at det treff næringslivet lokalt og nasjonalt, men også utanfor landegrensene. Næringslivet i kommunen og regionen er i endring. I denne tida har medlemsskapet i Greater Stavanger vore eit naudsynt verkemiddel for å jobba mot nye marknader og samhandling for næringslivet.

Servicetorg

Auka stillingsprosent skuldast budsjettering av til saman to årsverk på Servicetorg og vert dekte av gebyrinntekter. Desse stillingsprosentane er fordelte på sjølvkosttenestene ut frå forventa belastning av Servicetorget.

Tabellane nedanfor er oppdatert etter kommunestyret sitt budsjettvedtak.

Følgende endringer er gjort i høve til rådmannen sitt forslag - drift:

- Ta ut foreslått auke innan brann til 2019: 0,31 mill kroner i 2017 og 0,62 mill kroner i 2018.
- Ta ut foreslått auke innan landbruk: 0,31 mill kroner i 2017, deretter 0,62 mill kroner årleg.

Driftsutgifter

1000 NOK	B 2016	B 2017	2018	2019	2020
Driftsutgifter	132 564	138 385	137 782	138 342	138 402
Driftsinntekter	-95 087	-97 261	-97 108	-97 690	-100 080
Bruk av (bundne) fond	-3 038	-6 514	-6 314	-6 194	-3 991
Netto drift	34 439	34 610	34 360	34 458	34 331

Ressursbruk per område

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Fellesavdelingane	15 721	15 608	15 608	15 608	15 608
Adm/øko/arkiv	3 526	3 580	3 580	3 580	3 580
Tilskott fylkesvegar	964	-	-	-	-
Plansaksbehandling	2 947	2 968	2 968	2 968	2 968
Bygge-, delings- og seksjoneringsaker	-360	-562	-562	-562	-562
Kart og oppmåling	1 454	1 426	1 426	1 426	1 426
Forretningsdrift hamner	16	16	16	16	16
Næring	1 950	2 301	2 301	2 301	2 301
Næring/ Landbruk	2 596	2 027	2 017	2 017	2 017
Kommunale vegar, drift vegar	9 941	11 055	11 055	11 055	11 055
Gatelys	2 710	2 836	2 880	2 925	2 970
Grøntanlegg	6 499	7 322	7 322	7 322	7 322
Helse	400	400	400	400	400
Feiing, tilsyn	-74	-75	-75	-75	-75
Brannvesen	7 291	8 377	8 365	8 985	8 985
Vassforsyning	-1 198	-1 739	-2 011	-2 578	-2 750
Avløp	-3 841	-4 921	-4 921	-4 921	-4 921
Tømming septiktankar	-116	-118	-118	-118	-118
Renovasjon	-326	-342	-342	-342	-342
Friluftsliv	30	30	30	30	30
Netto drift	50 131	50 189	49 939	50 037	49 910

Årsverk	2016	2017	2018	2019	2020
Fellesavdelingane	18,90	18,90	18,90	18,90	18,90
Adm/øko/arkiv	3,00	3,00	3,00	3,00	3,00
Tilskott fylkesvegar	-	-	-	-	-
Plansaksbehandling	4,40	4,40	4,40	4,40	4,40
Bygge-, delings- og seksjoneringssaker	4,60	5,00	5,00	5,00	5,00
Kart og oppmåling	4,00	3,80	3,80	3,80	3,80
Forretningsdrift hamner	-	-	-	-	-
Næring	1,00	0,70	0,70	0,70	0,70
Næring/ Landbruk	2,70	4,20	2,70	2,70	2,70
Kommunale vegar, drift vegar	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50
Gatelys	-	-	-	-	-
Grøntanlegg	1,30	1,30	1,30	1,30	1,30
Helse	-	-	-	-	-
Feiing, tilsyn	2,00	2,00	2,00	2,00	2,00
Brannvesen	2,00	2,00	2,00	3,00	3,00
Vassforsyning	3,80	4,30	4,30	4,30	4,30
Avløp	5,30	5,80	5,80	5,80	5,80
Tømming septiktankar	-	-	-	-	-
Renovasjon	1,90	2,50	2,50	2,50	2,50
Friluftsliv	-	-	-	-	-
SUM	55,40	58,40	56,90	57,90	57,90

1200, 1203 Administrativ leiing, økonomi/rekneskap

Driftsbudsjett

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Driftsutgifter	3 602	3 656	3 656	3 656	3 656
Driftsinntekter	-76	-76	-76	-76	-76
Netto	3 526	3 580	3 580	3 580	3 580
Årsverk	3,0	3,0	3,0	3,0	3,0

1900, 1901 og 1902 Felles/driftsavdeling

Mål:

- Effektiv og velorganisert driftsavdeling.
- God beredskap ved akutt behov for VVA-tenester (veg, vatn og avløp)

Driftsavdelinga utfører anleggs- og vedlikehaldsarbeid innanfor områda veg, vatn, avløp, renovasjon og grøntområde. I budsjettet er utgiftene til drift i eigen regi fordelt på tenestene

etter planlagde oppgaver og tiltak. Fordelinga mellom tenestene vil variera avhengig av kva for prosjekt som eignar seg best for gjennomføring i eigen regi.

Årsverk og driftsutgifter

Mannskap på teneste	2016	2017	2018	2019	2020
1900 Veg/anleggsarbeid.	13,0	13,0	13,0	13,0	13,0
1901 Gartnar	5,5	5,5	5,5	5,5	5,5
1902 Lager verksted	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4
Sum årsverk	18,9	18,9	18,9	18,9	18,9

Driftsutgiftene er slik	2016	2017	2018	2019	2020
1900 Veg/anleggsarbeid.	11 212	10 876	10 876	10 876	10 876
1901 Gartnar	3 776	3 939	3 939	3 939	3 939
1902 Lager verksted	733	793	793	793	793
I alt	15 721	15 608	15 608	15 608	15 608

1900 Investering Lager og verkstad

Prosjekt:	2016	2017	2018	2019	2020
Verksted utbetring tak			700		
Sum	0	0	700	0	0

Taket på verkstaden treng utbetring og det er sett av middel i 2018 til dette tiltaket.

I budsjettet for 2017 er det planlagt slik fordeling av arbeidet i eigen regi:

Fordeling av arbeidet i egen regi				
1900 Veg- og anleggsarbeidarar				
Investering bustadfelt	200	Vedlikehald kloakk	2 124	
Investering kloakk	3 200	Vedlikehald vatn	2 225	
Investering vatn	200	Vedlikehald veg	1 125	
Investering traf.sikr.	50	Drift renovasjon	1 415	
Investering næringsomr.	50	Vintervedl. veg	160	
Investering veg	50	Lager m.m.	77	
Sum investeringsarbeid:	3 750	Sum vedlikehald	7 126	10 876
1901 Gartnar				
		Graving for kyrkja m.m.	225	
		Veg, vatn, kloakk o.l.	653	
		Vedlikehald parkar, klypping av idr anlegg	3 061	
Sum 1901			3 939	3 939
1902 Lager verkstad.				
Budsjettert som hus og garasjeleie art 1191 på tenestene 3330, 3350, 3450, 3530 og 3550				793
				793

3010 Plansaksbehandling

Mål:

Effektiv og målretta planlegging og behandling av planar. God kommunikasjon med aktuelle partar

Driftsbudsjett

Budsjett	2016	2017	2018	2019	2020
Brukarar:					
Områdereguleringsplanar	1	2	2	2	2
Detaljreguleringsplanar	8	6	7	7	8
Ressursforbruk:					
Driftsutgifter	3 517	3 553	3 553	3 553	3 553
Driftsinntekter	-570	-585	-585	-585	-585
Netto	2 947	2 968	2 968	2 968	2 968
Årsverk	4,4	4,4	4,4	4,4	4,4

Det er også i 2017 og dei påfølgjande åra venta eit stort behov for utarbeiding og saksbehandling av nye arealplanar. For å oppnå kvalitativt gode fortettingsprosjekt er det fastlagt i kommuneplanen at hovudtyngda av desse tiltaka skal behandlast som reguleringssaker der ein kan vurdere tiltaket i forhold til området rundt. Enkelt dispensasjonar som unntak frå plan, gir sjeldan eit godt nok grunnlag for ei samla vurdering.

Kommuneplanen for perioden fram til 2028 skal danne grunnlag for detaljplanlegging og utbygging. Viktige plansaker i 2017 vil m.a. vera sentrumsplan for Nærbø, planarbeid for dobbeltspor Sandnes – Nærbø, E 39, omkjøringsveg Vigrestad, område ved Varhaug skule (Dublandsvegen) og ikkje minst fleire planar for vidare utvikling av Stokkelandsmarka. Kor mange detaljplanar som vil bli fremma for kommunen er vanskeleg å ha ei realistisk meining om. Omfanget av slike planar avheng i stor grad av kor mange private utbyggingsprosjekt som blir fremma for kommunen til behandling. Det vil på kort sikt avhenga av den generelle økonomiske utviklinga og etterspurnaden etter nye bustadar, næringsetableringar m.m. Regelverket i den nye kommuneplanen om å behandla fleire av fortettingsprosjekta som reguleringssaker og ikkje som dispensasjonar, vil påverka også talet på detaljplanar.

Gebyrinntekter frå behandling av plansaker blir auka med 2,5% som er prisstigning.

3020 Bygge-, delings- og seksjoneringsaker

Mål:

Effektiv og kundeorientert saksbehandling.

3020 Driftsbudsjett

Budsjett	2016	2017	2018	2019	2020
Brukarar:					
Bygge-delingsøknader	500	500	500	500	500
Eigenerklæringar- kons. fritak	90	90	90	90	90
Seksjoneringsaker	35	35	35	35	35
Ressursforbruk:					
Driftsutgifter	3 630	3 922	3 922	3 922	3 922
Driftsinntekter	-3 443	-3 529	-3 529	-3 529	-3 529
Bruk av bunde fond	-547	-955	-955	-955	-955
Netto drift	-360	-562	-562	-562	-562
Årsverk	4,6	5,0	5,0	5,0	5,0

Auka årsverk er ein del av auka årsverk i Servicetorget. Det er lagt opp til bruk av «bundne driftsfond byggesak» i økonomiplan perioden. Pr 1.1.2016 var fondet på kr 5.504.000.

Gebyra for byggesaker vert foreslått auka med 2,5% som er prisstigning.

3020 Investering Bygge-, delings- og seksjoneringsaker

Prosjekt:	2016	2017	2018	2019	2020
601 Digitalisering av arkiv	2 000				
Sum	2 000	0	0	0	0

Utviklinga fram til oktober i 2016 tyder på ein sterk nedgang i talet på igangsettingsløyve for nye bustadbygg inneverande år. Om denne tendensen vil fortsetta i 2017, og eventuelt også vidare dei følgjande åra, er vanskeleg å vurdera. Arbeidsmessig vil det likevel vera slik at auke i andre type saker, oppfølging og kontroll m.m., veg opp for nedgangen i saker som gjeld nye bustadbygg.

Arbeidet med å digitalisera byggesaksarkivet (gardsnummerarkivet) er snart ferdig.

3030 Kart og oppmåling

Mål

Saksbehandlingstid mindre enn 3 mnd. Digitalisert og oppdatert kartverk .

Drift:

Budsjett	2016	2017	2018	2019	2020
Brukarar:					
Eiend.oppl. v/eigarskifte	200	220	220	220	220
Oppmålingsforretningar	150	150	150	150	150
Ressursforbruk:					
Driftsutgifter	3 614	3 687	3 687	3 687	3 687
Driftsinntekter	-2 160	-2 261	-2 261	-2 261	-2 261
Netto	1 454	1 426	1 426	1 426	1 426
Årsverk	4,0	3,8	3,8	3,8	3,8

Redusert stillingsprosent skuldast budsjettering av til saman to årsverk på Servicetorg og desse stillingane vert dekte av gebyrinntekter. Bunde driftsfond oppmåling, 25100604, var pr. 1.1.2016 på kr 2.064.000.

3030 Investering Kart og oppmåling

Prosjekt:	Tidl løyvd	2016	2017	2018	2019	2020
601 Digitalisering av arkiv	370	200	200	200	200	200
Sum	370	200	200	200	200	200

Hå kommune er med i Geovekst-samarbeidet der staten, kommunane og andre offentleg eigde verksemdar samarbeider om finansiering ved etablering og vedlikehald av digitale kartdata. I tillegg til administrativt vedlikehald av kartdata er det naudsynt med jamleg ny flyfotografering for å oppdatere karta (fotogrammetrisk ajourføring). I forbindelse med laserscanning i 2017 for etablering av nasjonal høgdemodell er det planlagt å utvide prosjektet med større punkttettleik for å oppnå betre kvalitet på høgdegrunlaget i kommunen. Det er i geodataplanen lagt opp til ny fotogrammetrisk kartlegging i 2018.

Kommunen har etter plan- og bygningslova ansvar for å ha eit tilfredsstillande kartverk over kommunen og for å vedlikehalda dette. Vedlikehald av det digitale kartverket i samsvar med sosi-standardar er ei stadig viktigare oppgåve. Arbeidsmengda innanfor tenesta fordeler seg om lag likt på oppmålingsoppgåver og kartverket. Etter matrikkellova er det bare utgiftene til oppmålingsoppgåvene som kan gebyrfinansierast. Det er budsjettert med at gebyra skal dekke inn 100 % av utgiftene til oppmålingsarbeida. Gebyrsatsane vert foreslått auka med ca. 10 % i 2017 og avrunda til 100 kr for å oppnå kostnadsdekning. Gebyra for eigedomsopplysningar til meklar vert også foreslått auka med ca. 10 % på grunn av utgifter til å gjere desse tenestene meir digitale.

3200 Forretningsdrift hamner

Drift:

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Driftsutgifter	20	20	20	20	20
Driftsinntekter	-4	-4	-4	-4	-4
Netto	16	16	16	16	16

Denne tenesta omfattar kommunen sine hamner og sjøområde som ikkje er inkludert i Sirevåg hamn i Hå KF sitt verkeområde. Utgiftene vert nytta til mindre vedlikehaldsoppgåver som kommunen må utføra.

3252 Næring

Mål:

- Inspirere etablerte og nye bedrifter til nyskaping og utvikling av arbeidsplassar i Hå kommune.
- Bidra til ei positiv profilering av Hå kommune som ein næringsvennleg kommune.
- Legge til rette for sal og marknadsføring av kommunen sine næringsareal.

Driftsbudsjett:

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Driftsutgifter	1 950	2 421	2 421	2 301	2 301
Bruk av fond		-120	-120		
Netto	1 950	2 301	2 301	2 301	2 301
Årsverk	1,0	0,7	0,7	0,7	0,7

Auken i ramma under tenesta næring på kr. 471 000 skuldast i hovudsak at Hå kommune har blitt medlem i Greater Stavanger og Grunder Arena Jæren. Dette har tilført tenesta ein auke i forplikta utgifter på kr. 880 000. Årsverk under tenesta er redusert med 0,3 årsverk, som er overført til Sirevåg hamn i Hå KF.

Marknadsføring og nyetableringar i dei kommunale næringsområda vil vera ei viktig arbeidsoppgåve framover. Arbeidet med vidareutvikling av næringsområda i Kviamarka og på Grødalaland for energi og matproduksjon må vidareførast. Det same gjeld arbeidet for å få nye bedrifter til å etablere seg i Tjemslandsmarka, Skoga i Sirevåg og Sirevåg hamn. I løpet av 2017 vil venteleg også Krusemarka og Stokkalandsmarka vere klargjorde for sal.

Hå kommune skal bidra aktivt i samhandling med bedriftene i kommunen gjennom møter i dei ulike næringsforeiningane. Vår oppgåve er å halda næringslivet oppdatert på det som går føre seg i kommunen og bidra til å rettleia bedriftene i møte med den offentlege forvaltninga.

Kommunen er i dag aktivt med i ulike fora og organisasjonar innanfor næringsutvikling. Det siste året er kommunen også blitt medlem i Greater Stavanger og vi har vore med på å starta opp Grunder Arena saman med Jæren Produktutvikling. Rådmannen meiner at dette har vore naudsynte tiltak. For å finansiera auka kostnader til kommunen foreslår rådmannen å

avvikla kommunens tilskot til nyetablering og knoppskyting. Dette utgjer ein reduksjon på 400.000. Rådmannen meiner at tiltaka som nystarta bedrifter kan få via Grunder arena gir betre verktøy enn kva dei kommunale reglane for tilskot har gitt tidlegare.

Endringar i økonomiplanperioden:

1. Greater Stavanger.
Kommunestyret vedtok i sak 27/16 å bli medlem i Greater Stavanger. Årlig kostnad: 660 000,-.
2. Grunder Arena Jæren
Formannskapet vedtok i sak 28/16 tilskot til Jæren Produktutvikling til oppstart av Grunder Arena Jæren. Det er vedtatt støtte her i 2017 og ein opsjon på 2018 ved behov. Eiga sak vil kome om det blir behov for støtte i 2018. Grunder Arena Jæren er finansiert med bruk av bunde næringsfond nr. 25660021, med kr. 120 000 i 2017 og i økonomiplanen for 2018.

Næringsfondet var pr. 01.01.2016 på kr 1.391.000.
3. Redusert 0,3 årsverk i tenesta.
4. Kommunalt tilskot til nyetablering og knoppskyting.
Reglar for bruk av næringsfondet til nyetablering og knoppskyting, stønad til eksisterande næringsliv og stønad til rentefritt lån til verksemder med 3 eller fleire arbeidsplassar vedtatt av kommunestyre november 1999 blir foreslått avvikla.

3290 Landbruksnæring

Mål:

- God saksbehandling for landbruksnæringa.
- Pådrivar til vekst og miljøriktig utvikling

Driftsbudsjett

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Driftsutgifter	2 797	2 668	2 018	2 018	2 018
Driftsinntekter/refusjonar	-201	-441	-1	-1	-1
Bruk av fond		-200			
Netto	2 596	2 027	2 017	2 017	2 017
Årsverk	2,7	4,2	2,7	2,7	2,7

Tenesta omfattar forvaltning av regelverk for vilt, skog og landbruk, samt miljø saker. Landbrukskontoret forvaltar ulike tilskot i landbruket og middel til ulike samarbeidsprosjekt som t.d. frivillige tiltak i landbruket. Desse prosjekta er samarbeidsprosjekt med m.a. andre kommunar, fylkeskommunen og fylkesmannen. Tilskota vert betalt ut administrativt. Til reinseparkar vert det løyvd eit kommunalt tilskot på 15 % av kostnadsoverslag. Dette tilskotet kjem i tillegg til tilskot frå staten gjennom Jæren vassområde (Fylkeskommunen). Ein vesentleg del av arbeidet ved avdelinga er knytt til behandlinga av søknadene frå bøndene om produksjons- og avløysartilskot, avløysartilskot ved sjukdom, regionalt miljøtilskot,

spesielle miljøtilskot i landbruket (SMIL), tilskot til drenering av jordbruksareal og godkjenning av søknader til Innovasjon Norge. Rådmannen foreslår å auka bemanninga innanfor denne seksjonen, jf. forvaltningskontrollen som vart gjennomført i januar 2016 kor fylkesmannen i Rogaland la inn merknad om at det er sett av for lite ressursar til forvaltning av oppgåvene på landbruksområdet.

Som fylgje av dette forslår rådmannen omdisponering av midlar slik at tilskot til nydyrking (kr 460 000) vert avslutta frå 2017.

Refusjon på kr 440.000 er innvilga frå fylkesmannen (SMILmidlar) og fylkeskommunen til ei prosjektstilling knytt til miljøregistrering i landbruket. Kommunen sin eigendel i denne stillinga er kr 200 000 som vert dekt ved bruk av fond (næringsfond jordbruk 25660022). Pr 1.1.2016 er fondet på kr 870.000.

Endring av årsverk frå 2016 til 2017 skuldast:

- prosjektstilling finansiert av fylkesmannen og fylkeskommunen i 2017
- rådmannen sitt forslag til auka stilling med 1 årsverk. (halvårsverknad i 2017). **Dette blei ikkje godkjent og er tatt ut igjen.**

3321, 3322 Kommunale vegar

Mål:

God standard på alle kommunale vegar, samt g/s-vegar. I tillegg skal det vera god vinterberedskap på vegar, g/s-vegar og parkeringsplassar.

Driftsbudsjett

	2016	2017	2018	2019	2020
Brukarar:					
Veglengde(meter)	141 900	143 800	145 700	146 000	146 200
Gangvegar (meter)	50 500	50 900	51 300	51 700	52 000
Ressursforbruk:					
Driftsutgifter	9 871	10 985	10 985	10 985	10 985
Driftsutgifter, vinter	699	699	699	699	699
Tilskot private	50	50	50	50	50
Driftskostnader	10 620	11 734	11 734	11 734	11 734
Driftsinntekter	-679	-679	-679	-679	-679
Netto	9 941	11 055	11 055	11 055	11 055
Årsverk	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5

Endring i driftsutgifter skuldast auka avskrivningar.

3321 Investering Kommunale vegar

Investering kommunale vegar

Prosjekt:	Tidl løyvd	2016	2017	2018	2019	2020
739 Veg fv 44 - Stokkal.veg. Opparb.	33 200	16 000				
738 Veg fv 44 - Stokkal.veg. Grunn,	4 500	2 000				
Haugstadv. - Stokkelandsm. et.2 rundkj.						9 000
723 Veg Bjorhaug langs Krusemar	5 000	4 700				
724 Veg Vigrest. Småh.v.-Grønholv.		3 400				5 000
732 Fuglestadvegen grunn og prosjektering			7 000			
731 Opprusting av vegar	5 700	800	800	800	800	800
740 Skandsabakken inkl grunn	4 300	5 000				
Sum	52 700	31 900	7 800	800	800	14 800
Tilskott/refusjon	-1 300					
Netto komm. midlar	51 400	31 900	7 800	1 600	1 600	14 800

Prosjekt 738 og 739

Det er forventa at anleggsarbeidet på ny veg frå fv 44 til Stokkelandsvegen vert sett i gang i 2016. Det er avsett middel i budsjettet for fullfinansiering i 2016.

Prosjekt

Haugstadvegen-Stokkalandsmarka etappe 2 er vidareføring av vegen fram til sentrumsområde. Det er lagt inn kr 9 mill. i 2020, jf. utbyggingsplan Stokkalandsmarka.

Prosjekt 723

Anleggsarbeidet er starta som ein del av Krusemarka industriområde.

Prosjekt 724

Planarbeidet for vidareføring av omkjøringsvegen nordaust for Vigrestad frå Småhaugvegen og fram til Grønholvsvegen er starta. Anleggsarbeidet vert forskyvd til 2020.

Prosjekt 732

Teknisk planlegging/regulering samt arkeologiske forundersøkingar for omlegging av Fuglestadvegen på strekninga Stokkelandsvegen – Bø, Brusand, er i gang. Det er lagt til grunn for utbyggingsplanen at kommunen (via tomtekostnadene) tar kostnadene med forlenging av Haugstadvegen fram til ny Fuglestadveg og kostnadene med den første parsellen av ny Fuglestadveg frå fv.44 og fram til Stokkelandsvegen. Vidareføringa av den nye Fuglestadvegen frå Stokkelandsvegen, i bru over jernbane og opp til Bø, er tenkt finansiert gjennom Utbyggingspakke Jæren som no er under planlegging. I prosjektet ligg middel til grunnverv, arkeologiske forundersøkingar og prosjektering.

Prosjekt 831

Løyvinga på 0,8 mill. kroner pr. år til opprusting av kommunale vegar er vidareført.

Prosjekt 740

Prosjektet er i slutfasen.

2856 Tilskot til fylkesvegar

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Driftsutgifter	1 200				
Driftsinntekter	-236				
Netto	964	-	-	-	-

Denne ordninga forslår rådmannen vert avvikla frå og med 2017 då midla vert foreslått omdisponerte til andre tiltak innan tenesteområdet.

3323 Investering Trafikksikring

Mål:

Sikre trygge og gode vegar

Investering trafikksikring:

Prosjekt:	Tid.løyvd	2016	2017	2018	2019	2020
T600 Diverse mindre anlegg	200	200	200	200	200	200
762 Trafikksikring Opstadvegen		2 000				
784 G/S-veg Kviam.-Nærbø	2 000					
758Trafikks. Gudmestadv./Bernerv.	1 700					
G/S-veg Varhaug - Kviamarka, langs Dysjalandsv.				1 000		
T601 G/S-veg langs Kviav. - turveg Motlandshagen			1 500			
G/S-veg langs fv 170, Risa, plan og ark.						1 000
Sum	3 700	2 200	1 700	1 200	200	1 200
Tilskot/refusjon	-1 000	-3 500	-7 400			
Netto komm. midlar	2 700	-1 300	-5 700	1 200	200	1 200

Prosjekt 762 Trafikksikring Opstadvegen

I sak KS 43/15: Endring av krinsgrenser i Nærbø-krinsen vedtok kommunestyret m.a.: «Rådmannen kommer tilbake til FSK med en egen sak om trafikksikring i Opstadveien ifm. nye Bø skule.» Dette utgreiingsarbeidet pågår og sak vert lagt fram våren 2017.

Prosjekt 784 G/S veg Kviamarka – Nærbø

Det er tidlegare lagt inn 2 mill. kroner til gangveg og lys mellom Kviamarka og Nærbø via Båden. Denne er fullfinansiert i 2016 og kan byggast. Ein foreslår å søka om ts-middel for g/s-veg delen.

Prosjekt G/S veg Varhaug – Kviamarka langs Dysjalandvegen

Det er foreslått avsett middel til planlegging av g/s-veg frå Varhaug til Kviamarka samtidig med legging av vassleidning og eventuelt fjernvarme på same strekning. Dette som følgje av tiltak i forbindelse med nytt høgdebasseng på Håland-bygget av IVAR. Det pågår forhandlingar med IVAR om kostnadsdekning og tidsrammer for ulike tiltak i forbindelse med dette arbeidet Det er sett av middel til prosjektering av g/s veg i 2018 for å sjå på desse tiltaka i ein samanheng

Prosjekt T601 – G/s veg langs Kvia-/turveg Motlandshagen

I trafikksikringsplanen forslår rådmannen å regulera desse to prosjekta, nummererte til 4 og 5, slik at dei skal vera klare dersom det blir løyvd ekstra trafikksikkerhetsmidler (TS-middel).

Det er foreslått å søke om TS-middel til prosjektering av g/s-veg langs kv Kviavegen frå turveg Motlandshagen til kryss fv 159 Store Ring.

Prosjekt G/S-veg langs fv Risa. plan og ark

Like eins er det foreslått avsett middel til teknisk planlegging og regulering av g/s-veg fv 181 Garborg – Risa, til Time-grensa (2018). Dette for å kunne ha klar planar om det vert mogleg å få tilskotsmiddel. Det er ikkje funne rom for middel til bygging i perioden.

Gang- og sykkelveg frå Prestakrysset til Skrettinglandvegen er ferdig. Hå kommune har forskottert 7,4 mill. kroner til fylkeskommunen som skal tilbakebetalast i 2017. Det er også avtalt at 3,5 mill. kroner av ts-middel skal nyttast til anlegget.

3324 Gatelys

Mål:

Feil på lamper og anlegg skal utbetrast etter vedlikehaldsavtale med Jæren Everk.

Driftsbudsjett

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Gatelys	4 235	4 300	4 400	4 450	4 500
Ressursforbruk:					
Driftsutgifter	3 613	3 754	3 813	3 873	3 933
Driftsinntekter	-903	-918	-933	-948	-963
Netto	2 710	2 836	2 880	2 925	2 970

3324 Investering gatelys

Prosjekt:	Tidl. løyvd	2016	2017	2018	2019	2020
T801 Ånestad-Indrebøkrysset	500		1 500			
Odland - Valdeland				1 000	1 000	1 000
609 Utbetring av eks. gatelysanlegg		500	500	1 000	1 000	1 000
Utskift. av kvikksøvlamper/energiøk.tiltak		1 500				
Sum	500	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Tilskot Enova utskifting HQL lys		-200	-200			
Nettofinansiering		1 800	1 800	2 000	2 000	2 000

I 1997 hadde kommunen 2880 armaturar og eit berekna straumforbruk på 417,5 kW. Pr 31.12.15 er berekna straumforbruk på 412 kW. Ein nedgang i straumforbruk trass i 1300 fleire armaturar.

Kommunen hadde 4176 armaturar ved utgangen av 2015. Av dette er om lag 750 master eldre enn 40 år og ikkje omfatta av fastprisavtalen med everket. Utskifting av trestolpar, ca. 400 stk. eldre enn 40 år, kostar om lag kr 35 000 pr. stk. Det vil derfor, sjølv med ein vesentleg innsats når det gjeld overgang til nye, energisparande armaturar, vera eit aukande

behov for vedlikehold av gatelysnettet i åra framover. Det er derfor sett av 0,5 mill. kroner i 2017 og 1 mill. kroner vidare i perioden til fornying av gamle anlegg.

Kommunen har fått tilsegn om tilskot frå ENOVA på kr 840 000 for eit prosjekt på utskifting av 1500 lampepunkt, m.a. kvikksølvlamper. Dette prosjektet vil bli slutført i 2016 med utbetaling av siste del av ENOVA-tilskotet i 2017. Arbeidet med oppsetting av gatelys i krysset fv 44/fv 141 Vigrestad er pr. dato ikkje kome i gang grunna fornminner i området. Det vert arbeida med å få ei avklaring. Prosjektet vart framskunda utanom prioriteringslista etter at vegvesenet løyvde 1 mill. kroner til tiltaket, jf. UTN-sak 119/15.

Gatelys Odland – Valdeland er kalkulert til 3,3 mill kroner.

3350 Grøntanlegg

Mål:

- Alle kommunale leikeplassar skal ha godkjente leikeapparat og vera tiltalande.
- Sentrale anlegg skal ha ein tiltalande utsjånad

Driftsbudsjett

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Driftsutgifter	6 705	7 653	7 653	7 653	7 653
Driftsinntekter	-206	-331	-331	-331	-331
Netto	6 499	7 322	7 322	7 322	7 322
Årsverk	1,3	1,3	1,3	1,3	1,3

1300, 2610, 2650, 2651, 2340 Grøntanlegga ved helsesenter

Grøntanlegga ved Helsesenter Nærbø, Varhaug, Vigrestad Heimtun, Viervegen, Eivindhagen, Gjegnet, Blåbærtua, sosialbustader på Rosk og Olsvoll

Driftsbudsjett

1000 kroner	2016	2017	2018	2019	2020
Driftsutgifter		400	400	400	400
Driftsinntekter					
Netto		400	400	400	400

3350, 3355, 3600 Investering Grøntanlegg, Parkar, Nærmiljøanlegg og Friluftsliv

Investering Grøntanlegg

Prosjekt:	2016	2017	2018	2019	2020
825 Parkanlegg/nærmiljøanlegg	500	500	500	500	500
792 Eigendel spelemiddel anlegg	300	300	300	300	300
830 Leikeplassar		500	500	500	500
